

Ei kjensle av kontroll

Om relasjonar mellom bønder, senner og kyr i Grindelwald, Sveits

Av Sissel Størseth Haarr



Masteroppgåve ved Sosialantropologisk Institutt

UNIVERSITETET I OSLO

Mai 2013

© Sissel Størseth Haarr

2013

Tittel: Ei kjensle av kontroll. Om relasjonar mellom bønder, senner og kyr i Grindelwald, Sveits.

Sissel Størseth Haarr

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: OK Printshop, Oslo.

Samandrag

Denne oppgåva studerer praksisar med og forståingar knytt til gardsdrift og seterdrift Grindelwald, Sveits. Oppgåva er ein del av prosjektet *Cultures of Biodiversity: Perceptions and Practices* ved Sosialantropologisk Institutt, Universitetet i Oslo. Basert på eit åtte månadars feltarbeid i Sveits, utført både på gardar og setrer i Grindelwald, undersøkjer eg relasjonane mellom haldning og handlingar bønder og senner har til og med naturen.

Bøndene i Grindelwald er avhengige av subsidiar for å kunne drive gard. Fleire aspekt ved gardsdrifta vert til ein viss grad styrt av subsidieringsordningane frå staten. Endringar i landbrukspolitikken og lovar eller regler kan soleis ha ein direkte innverknad på bøndenes kvardag. Denne oppgåva undersøkjer konflikter mellom staten og bøndene sine haldningane til jordbruket, og skepsisen bøndene viste overfor ulik politiske inngrisen i gardsdrifta.

Dei fleste bøndene i Grindelwald baserer gardsdrifta si på mjølkekyr. Om vintaren er kyra på gardane i dalen, medan dei om sommaren er på ei av dei sju fellessetrene i Grindelwald. Bøndene vert verande på garden om sommaren, medan innleigd personale tek over ansvaret for kyra på setrene. Mjølkekyra er ein essensiell del av både ein mjøkebonde og ein senn sin kvardag. Denne oppgåva undersøkjer korleis ein kan forstå relasjonane mellom bønder eller senner og kyr. Med bakgrunn i skildringar og analysar basert på ei fenomenologisk tilnærming til felten visar eg at kyra må forståast som aktive i denne relasjonen.

Bøndenes haldning til kyra kan vere prega av økonomiske og moralske omsyn, og er eit produkt av praksis og erfaring. Relasjonane mellom bøndene og kyra inneber både omsorg og kontroll, noko som kan vere vanskeleg å skilje frå økonomiske eller moralske aspekt ved relasjonane, og frå kvarandre. Denne oppgåva skildrar praksisar som inneber kommunikasjon med, mjølking og jaging av kyra. Bjelleklang, roping og slåing er eit tema; uføreseielege hendingar og ulike måtar å prøve å kontrollere desse eit anna. Med bakgrunn i erfaringsnære skildringar vert relasjonane mellom bønder, senner og kyr analysert. Relasjonar mellom haldningane til og handlingane med og i naturen er også sentralt..

Takk til

Til alle bønder og sennar i Grindelwald: tusen takk! Ein spesiell takk til familien som tok imot meg med opne armar og lærde meg om gardsdrift, kyr og livet. Takk til alle sennene på Grosse Scheidegg, dette ga meirsmak! Òg ein stor takk til inseminøren som tok meg med på turar til ulike gardar rundt om i Berner Oberland, og til Alexandra, som tok meg med ut på livet i Grindelwald.

Rettleiar Anne-Katrine Brun Norbye, tusen takk! Kommentarane dine, støtta og rettleiinga di har vore uvurderlege og viktige for resultatet. Takk for hytteturar og god stemning!

Takk til professor emeritus Harald Beyer Broch for kommentarar på tidlege utkast og for verdifulle merknader til innlegget mitt på Dokka-seminaret og på Årskonferansen i Tromsø. Takk til alle tilbakemeldingar i samband med dette.

Takk til CUBI for feltarbeidsstipend, og til CUBI-gruppa, som har bidrege med gode diskusjonar, kommentarar og inspirasjon på seminar. Takk òg til alle som har delteke på sanseseminara for hyggjelege og nyttige onsdagsmorgonar.

Inger, takk for viktige kommentarar og korrekturlesing.

Jon, takk for gode diskusjonar og kommentarar, og viktige litteraturtips.

Til slutt ein takk til kyra i Grindelwald, som har lært meg mykje.

Innhald

1. Introduksjon.....	9
Metode.....	10
<i>Deltakande oppleveling og lærlingerolla</i>	13
<i>Tysk, sveitsertysk og dialekta i Grindelwald.....</i>	14
<i>Posisjonering</i>	14
Relasjonar mellom bønder, senner og kyr basert på moralitetar og erfaring	15
<i>Natursyn.....</i>	15
<i>Moralitetar og etiske prosessar.....</i>	16
<i>Erfaring basert på kroppsleg omgang i verda</i>	17
Kapitteloversikt	18
Grindelwald	19
2. Landbruks politikk	25
<i>Bønder og motstand.....</i>	25
<i>Moralitetar i jordbruks politikken</i>	26
Det ekstensive fjellandbruket	27
<i>Bønder vert styrt av staten.....</i>	28
<i>Produksjons- og miljø-politisk moralitet</i>	29
<i>Endringane i jordbruks politikken</i>	30
Bøndenes oppleveling av utviklinga i landbruket	33
Ringar i trynet på grisene	35
<i>Motstand, moralitetar og uføreseielege implikasjonar</i>	36
<i>Artsriktig hald av dyr.....</i>	38
<i>Miljøpolitisk moralitet og produksjonsmoralitet</i>	40
3. Kommunikasjon mellom bøndene og kyra	43
<i>Relasjonar mellom menneske og dyr</i>	43
<i>Kommunikasjon basert på indeksteikn</i>	44
Kubjeller.....	45
<i>Bjellene sin symbolske verdi.....</i>	45
<i>Bjellene sin praktiske verdi.....</i>	46
<i>Vår evne til å høyre bjellene</i>	48
<i>Kyras evne til å respondere</i>	49
<i>"Kyra veit kor dei skal"</i>	50
Opplæring av kviga Viola.....	52
<i>Økonomiske, symbolske og tillitsfylte relasjonar</i>	53
4. Mjølking	55
<i>Erfaringa med å vere merksam på det uføreseielege</i>	55
<i>Å vere var på det uføreseielege</i>	56
Sanseerfaring - å mjølke ut	58
<i>Å mjølke ut, men ikkje alltid</i>	59
<i>Kjensla av eit jur.....</i>	61
<i>Kjensla av jurbetennelse</i>	62
Kua som sparka	64
<i>Å vere var på kyra for å gjere det uføreseielege føreseieleg</i>	66
<i>Erfaring og moralitetar</i>	69
5. Å flytte på kyr.....	71
<i>Moralitetar og praksis</i>	71
<i>Kjeppbruk</i>	72
Beiteplanlegging.....	73
Kjeppen i praksis	75

<i>Innverknaden av terrenget</i>	75
<i>Ein skal ikkje eigentleg slå dyr</i>	76
<i>Kyras respons på kjeppen</i>	78
<i>Ein kan slå nokre kyr i nokre situasjonar</i>	80
<i>Å slå kyr utan at dei kan respondere</i>	81
<i>Å vise kven som er sjefen</i>	83
Fesjå og seterdrifta som offentlege arenaer	84
6. Etterord	89
Referanser	91

1. Introduksjon

Det har skjedd ei endring i europeisk jordbruks politikk dei siste par tiåra. Frå eit fokus på såkalla rasjonelle industrijordbruk vert i dag mindre einingar støtta, spesielt fjelljordbruk og seterdrift. Argumentasjonen bygger på vern av biologisk mangfald i kulturlandskapet i tillegg til vern av det tradisjonelle jordbruket som kan gå tapt for framtidige generasjonar. Det tradisjonelle fjelljordbrukslandskapet har dimed fått ein estetisk, biologisk og kulturell verdi.

Seterdrift og gardsdrift i Europa er avhengig av subsidier for å vere økonomisk lønnsamt, mellom anna grunna intensiveringa av vanleg jordbruk og industrialiseringa av mjølkeproduksjon (Salzman 2001). Slike subsidier vert ofte grunngjeve med bakgrunn i vern av biodiversitet og kulturlandskap. Setrene har i hovudsak vore forska på gjennom naturvitenskaplege studier, mellom anna for å kartlegge biologisk mangfald. Å verne om biodiversitet er derimot ikkje å forvalte naturressursar *per se*, men å forvalte menneske sin bruk av naturressursar (Kalland og Sejersen 2005). Likevel har det vore lite fokus på dei sosiokulturelle aspekta ved seterliv og gardsdrift i Europa. Nokre unntak er til dømes Wolf 1966; Grasseni 2007; Norbye 2010; Günther 2011. Studier av kvardagslivet ved setrer i Europa vil, med eit fokus på menneske sine bruk av naturressursar, kunne utfylle kunnskapen ein har frå naturvitenskaplege studier av biodiversiteten på setrer.

Denne avhandlinga er knytt til prosjektet *Cultures of Biodiversity: Perceptions and Practices* ved Sosialantropologisk institutt, Universitetet i Oslo, og studerer relasjonar sennar og bønder i Grindelwald, Sveits, har til mjølkeleyra deira. Dei aller fleste bøndene i Grindelwald baserer drifta si på mjølkeyr. Kyra går på utmarksbeite store delar av året, frå mai til midten av oktober. Graset dyra òg vidareforedlar dei til mjølk eller kjøt. Dyra spelar altså ein essensiell rolle for oppretthaltinga av kulturlandskapet i Alpene. Kyra spelar ikkje berre ein essensiell rolle for vidareforedlinga av graset på beitene, men òg for kvardagen til bøndene.

Bønder har i den antropologiske litteraturen mellom anna fungert som ein opposisjon til jegarar og sankrarar (sjå til dømes Bird-David 1990; Ingold 2000). I litteraturen om ulike syn på natur i samfunnet har vestlege natursyn vorte skildra i opposisjon til ulike signifikante Andre (Milton 1996, Kalland 2003). Dette har ført til ei forenkling både av vestlege og av dei Andres natursyn (Morris 1998, Kalland 2003). Denne oppgåva omhandlar gardsdrift og seterdrift i Grindelwald, Sveits, med eit spesielt fokus på dei komplekse aspekta ved relasjonane mellom bøndene og kyra.

Basert på kvardagslege praksisar på gardane og setrene i Grindelwald, utforskar eg korleis ein kan

forstå relasjonane mellom bøndene og kyra. I dessa relasjonane inngår spenningar mellom den sveitsiske landbrukspolitikken og bøndenes forståing av gardsdrifta. Handlingar og spontane reaksjonar frå kyra spelar ein rolle i samarbeidet mellom bønder og kyr i den daglege drifta. Korleis hanskast bøndene dyr som i utgangspunktet ikkje samarbeider? Korleis forheld bøndene seg til det uføreseielege ved kyra? Korleis er relasjonen mellom haldninga til naturen og handlingar i og med naturen? Dette er spørsmål som vert diskutert i avhandlinga.

Metode

I byrjinga av januar 2012 ankom eg Bern og starta med arkivstudiar. Opphaldet i Bern varte lenger enn planlagt fordi møtet med bonden eg hadde vore i kontakt med frå Noreg gjorde det tydeleg at me hadde ulike oppfatningar av opphaldet mitt på garden og setra deira. På nettsida www.alporama.ch er 462 av setrene i kantonen¹ Berner Oberland skildra, og eg tok utgangspunkt i denne sida for å kome i kontakt med nye bønder. Ut frå skildringane på nettsida kunne eg plukke ut dei største fellessetrene. Desse bestod av kyr frå fleire bønder, og på seterområdet kunne desse kyra vere delt inn i opp til sju ulike fjos. Eg ringde altså bønder ut ifrå setrene dei sende kyra til. I Sveits er det hovudsakleg menn som er bønder. Mot slutten av februar besøkte eg bondefamilien i Grindelwald som eg ende opp med å flytte inn til i byrjinga av mars. Bonden Hans og kona Sara var båe førtiseks år, og budde ilag med den eine sonen deira på sytten år, i fyrste etasje i bolighuset frå syttenhundrettalet. Den andre sonen på nitten gjekk i lære i Interlaken og budde sjå foreldra til Sara i Brienz i vekene, men var som regel heime på garden i helgene. Om vinteren hjelpte sönene til innimellom i helgene. Om sommaren hjelpte dei til med høyning og silering. Hans meinte dei hjelpte til mindre enn dei burde, dei sjølve meinte derimot at dei hjelpte til meir enn dei burde. Sara var kvar morgen og kveld med på stellet av kyra, og om sommaren var ho med på høyning, silering og arbeid på jordene. I tillegg vaska ho huset til ein nabo ein gong i veka, ein jobb ho hadde fått gjennom heimehjelpa i Grindelwald. Mor til Hans, Louise, som var i syttiåra, budde i andre etasje, som var ein eigen bolig separat frå huset til Hans og Sara. Far til Hans, Hans senior, som var åttifire år, budde lenger oppe i dalen i Grindelwald, på ei gammal vårseter som han bygde ut for tjue år sidan. Det var det året Hans tok over garden. Louise hjelpte til på garden gjennom å halde ute arealet ryddig og hagen og grønsakshagen i orden, gjennom å vere med og hente kyra frå beitet, når dei var på garden om våren og hausten, og gjennom å vere med og høye og lage silofôr om sommaren. Hans senior hadde ti-tolv ungdyr sjå seg på vårsetra om vinteren, om sommaren hadde han kalvane som ikkje gjekk til seters. Han hjelpte elles til med høyning om sommaren, samt alt forefallande arbeid på jordene.

1 Ein kanton er ein regional administrativ eining i Sveits. Kan samanliknast med norsk fylke.

Det einaste ledige romet på garden var eit gjesterom i andre etasje sjå Louise, og eg sov der. Måltidene åt eg ilag med Hans og Sara nede sjå dei. Kvar morgen og kveld var eg med i fjoset, og hjelpte elles til inne med hushaldet og ute på jordene eller med forefallande arbeid i tida mellom fjosstella. Etterkvart som det vart mykje å gjere ute, vart det mindre hushaldsarbeid og meir arbeid på jordene. I fjoset hadde Hans og Sara distinkte oppgåver. Hans hadde hovudansvaret for mjølkinga, samt føret til mjølkekyra, medan Sara hadde hovudansvaret for å halde det reint i fjoset, samt føret og mjølka til kalvane og ungdyra. Eg var med både Hans og Sara og hjelpte til med arbeidet deira.

Eg budde ilag med familien fram til eg gjekk til seters ilag med kyra fjortande juni. På setra budde eg ilag med to senner, Uli og Anna, på eitt soverom. Me stod opp halv fem kvar morgen for å hente kyra, og var ferdige med mjølkinga i sjutida. Etter dette vart det ysta, gjort reint i fjoset, kyra vart jaga ut og osten vart vaska. I firetida på ettermiddagen gjekk me for å hente kyra att, og kveldsstellet var me som regel ferdige med i sjutida. Arbeidsoppgåvene varierte me på, så alle fekk gjort litt av alt. Uli hadde hovudansvaret på setra. Han hadde arbeidd på setra før og var bondeson frå Grindelwald. På setra vart eg Annande fram til eg fyrste september var tilbake i Oslo for to veker. Mot slutten av september var eg tilbake i Grindelwald ei lita veke for å vere med på *Chästeilet* - når seterosten vert fordelt på bøndene. Alt i alt gjorde eg feltarbeid i litt over åtte månadar. I løpet av feltarbeidet arbeidde eg ilag med åtte ulike bønder og åtte ulike senner. Bøndene treff eg gjennom Hans, på tur med inseminøren eller når eg var nede og leverte mjølk til meieriet. Forslaget om å kome innom dei for å ikke korleis dei dreiv ein gard kom nokre gonger frå meg, nokre gonger frå inseminøren og nokre gonger frå bøndene sjølve. På setra var det fem ulike hytter med to senner i kvar, og eg arbeidde ilag med seks av desse. I utgangspunktet var eg interessert i å besøke dei andre fellesseterane i Grindelwald. Det var derimot dyrt å kome seg til desse. Då rettleiaren frå Universitetet i Oslo var på besøk med leigebil, nyttta me sjansen til å besøke eit anna seterområde to dagar. Der var eg i kontakt med fire senner, og arbeidde ilag med to av dei. I tillegg kom eg gjennom sennen Uli i kontakt med senner på andre seterområde, som me besøkte dei dagane det var stygt vær og Uli ikkje måtte onne nede i dalen.

I tillegg snakka eg med fleire bønder og senner frå Grindelwald, frå Berner Oberland og frå andre deler av Sveits. Desse kom eg i kontakt med gjennom avlevering av mjølk, besøk sjå Hans eller på setra, gjennom inseminøren, gjennom kjenningar i Bern eller på ulike kurs. Eg tok del i seterkurs både for senner og for bønder. Det fyrste kurset var mynta på bønder og omhandla seterdrift. Det andre var mynta på senner, og omhandla mellom anna mjølking, ysting, dyrevelferd og beiteplanlegging. Desse kursa var arrangert av Inforama Hondrich, eit utdannings- og rådgjevingskontor for landbruk i kantonen Bern. Eg tok òg del i eit informasjonsmøte for bønder

angåande *ökologische vernetzung*, arrangert av eit delkantonalt landskapsrådgjevingskontor. Under kurset og informasjonsmøtet for bønder noterte eg undervegs, samt utførte uformelle intervju med organisatorane i etterkant. Under kurset for sennar, dreiv eg i større grad med deltakande observasjon, då mykje av opplæringa føregjekk gjennom å utføre arbeidet i praksis. I tillegg utførte eg uformelle intervju både med kursleiarar og kursdeltakarar i løpet av dei fem dagane kurset varte. I Bern leste eg om sveitsiske bønder frå ulike perspektiv: framstillingar i media av bønder og jordbruks politikk; dei nasjonale retningslinjene for gardsdrift; dokument frå ulike interesseorganisasjonar; skjønnlitteratur der bønder spelte ein viktig rolle; ulike etnologi-, antropologi-, økonomi- og biologistudier av bønder, landbruk eller biodiversitet. I løpet av feltarbeidet følgde eg med i nasjonale og lokale media, som *der Bund, Jungfrau Zeitung*, og *Echo von Grindelwald* og leste bondesrelaterte avisar og tidsskrifter, som til dømes *Schweizer Bauer, Bauernzeitung* og *Tierwelt* for å følgje med på aktuelle tema i jordbruks politikken og for å betre setje meg inn i diskusjonane bøndene hadde seg i mellom eller tok opp med meg. Datamaterialet mitt består altså av erfaringsnære skildringar av kva bønder og sennar har gjort og sagt og av tekster og dokument som framstilla bønder og gardsdrift på ulike måtar. Variasjonen i datamaterialet bidreg til å skape eit heilare bilet av bøndene og sennene sine posisjonar i det sveitsiske samfunnet som heilskap.

Den viktigaste metoden har likevel vore deltakande observasjon. Dette har fleire grunner. For det fyrste tek arbeidet til bøndene opp det aller meste av dagen deira. For å i det heile vere i kontakt med dei, må ein til dømes vere med i fjoset, på beitene, til *Landi* (sveitsisk variant av Felleskjøpet) eller til ostelageret. Å spørje om bøndene kunne bruke den korte fritida dei hadde på intervju med meg var ikkje aktuelt. Ved mat- eller kaffipausar derimot, eller over ein kaffi schnaps, som det var vanleg å drikke i sosiale lag, kunne eg spørje meir utfyllande om aspekt ved gards- eller seterdrifta som hadde kome opp i løpet av dagen. For det andre opplevde eg at bøndene i Grindelwald i mindre grad svarde utfyllande på spørsmål når det ikkje hadde direkte samanheng med det me akkurat dreiv på med, akkurat hadde gjort eller akkurat var på veg til å gjere. Dette er ikkje eit ukjent fenomen i antropologisk samanheng. Norbye (2010) skriv til dømes at ho gjennom å arbeide ilag med budeiene i Hemsedal fekk fleire svar på ting ho lurte på utan å spørje, enn når ho spurde direkte utanom arbeidet. Kombinasjonen av deltakande observasjon og mat- og kaffipausar med meir intervjugrundete samtaler var difor ein god innfallsvinkel til å forstå bøndenes livsverden. For det tredje var arbeidsmoral ein viktig verdi i Grindelwald. Å arbeide like mykje som alle andre, var viktig for å verte akseptert og få innpass. For det fjerde er det som kjent i antropologi skilnad på kva folk seier, og kva dei gjer. Eitt døme på dette er ein bonde som den eine dagen fortalte andre at han aldri ville sende kyra sine til kjøtproduksjon nede i Unterland fordi han såg det som uetisk. Ei veke

seinare vart ei av kyra til bonden ikkje drektig etter inseminering for sjette gong den våren. Båe slakteria nede i Grindelwald hadde sprengt kapasitet og kunne ikkje ta imot meir kjøt, og løysinga var å selge kua til fehandlaren, som ifølgje bonden selge ho til kjøtproduksjon i Unterland fordi det var mest lønsamt. Den viktigaste grunnen for metodevalg derimot, er at statusen som bonde er uløyseleg knytt opp mot arbeidet ein gjer som bonde. For å kunne forstå tydinga av å vere bonde, meiner eg difor det er nødvendig å forstå tydinga av arbeidet. Statusen som bonde er likevel ikkje berre basert på arbeid, men òg på eigarskap. Om du ikkje eigde garden din sjølve, vart du referert til som forpaktar (*Pächter*). Dei fleste bøndene i Grindelwald eigde garden sin sjølve, men deler av landet dei tok i bruk var ofte forpakta land. Statusen deira var likevel bonde. Prestisjen til båe bønder og sennere kan vere basert på arbeid. Sjølv om ikkje arbeidet ein bonde gjer nødvendigvis er synleg for andre, kan resultata av arbeidet vere synleg: jorder med gode vekstar peikar på god utnytting av jordene; rolege kyr i passe godt hald peikar på ein god bonde. Dette er derimot berre synleg for eit trent auge, og for å forstå kommentarane bøndene hadde til jorder eller kyr, måtte eg òg lære meg å forstå omgjevnadane på deira måte. Dette er det ikkje mogleg å gjere gjennom formaliserte intervjuar eller observasjon aleine.

Deltakande oppleving og lærlingerolla

Det generelle omgrepet deltakande observasjon illustrerer ikkje tydeleg dei faktiske metodane eg tok i bruk. Mange av aspekta ved arbeidet til bøndene er til dels skjult utan fyrstehandserfaring. Gjennom at eg sjølve mjølka kyr, vart det til dømes klart at mjølking ikkje berre handlar om å mjølke, men å vere merksam på mellom anna kyras handlingar og endringar i juret. Gjennom å sjølve vere med å jage kyr, vart det klart at korleis ein slo kyra med kjeppen var knytt opp mot erfaring og moralitetar. Denne metoden kan kallast deltakande oppleving (*participant experience*) (Potter 2008:446). Ein slik metode må utfyllast med informantane sine eigne forklaringar og forståingar. Bøndene og sennene eg arbeidde med svarde som regel velvillig når eg i forbindung med arbeidet spurde korleis ting fungerte på garden og korleis dei ulike arbeidsoppgåvene skulle utførast. Harris (2007) og Marchand (2010) meiner at antropologen sjølve må ta del i det ein forsøker å forstå, mellom anna for å kunne få innsyn i kompleksiteten i forståingane og forklaringane til dei ein studerer. Gjennom å utføre feltarbeid med ein lærlingliknande rolle, får antropologen båe delteke i praktisk arbeid og samtidig fått det praktiske arbeidet forklart av informantane. Samtidig får ein moglekeit til å observere om det er diskrepans mellom det informantane seier og det dei gjer. Deltakande oppleving og lærlingerolla har vore ein viktig metode i feltarbeidet mitt. Ved å skrive feltnotater kvar dag, som regel i form av korte periodar fleire gonger til dagen, gjekk eg kvar dag ut og inn mellom lærlinge- og masterstudentrollen. Gjennom å notere fekk eg distanse til felten som gjorde det enklare å reflektere over ulike retningsval (Wadel 1991)

som kunne påverke feltarbeidet vidare. Med bakgrunn i notering i felten og lesing av feltnotatane som eg hadde skrive tidlegare, reflekterte eg over kva aktivitetar eg var spesielt interessert i, kva spørsmål eg stilte (og som det var mogleg å stille utan å setje på spel tilliten i relasjonane eg gjekk inn i) og kven eg arbeidde med.

Tysk, sveitsertysk og dialekta i Grindelwald

For å kunne få eit innsyn i forklaringane og forståingane til dei ein studerer, er det ein fordel å ha eit felles språk. Grindelwald ligg i den tyske delen av Sveits, der det vert snakka sveitsertysk (*Schwyzerdütsch*). Sveitsertysk er ei allemansk dialekt, og er vanskeleg å forstå med berre kjennskap til det tyske, eller høgtyske (*Hochdeutsch*) språket. Eg hadde budd og arbeidd i Bern i to og eit halvt år før eg gjorde feltarbeid i Grindelwald, og forstod og snakka difor sveitsertysk. Dette kan ha vore viktig for å lettare få innpass blant informantane. Det fanst mange tyskarar som hadde feriert i Grindelwald i mange år, men som ikkje kunne snakke eller forstå mykje sveitsartysk. Desse snakka bøndene om med misbilligelse. Viktigast var likevel språket for å kunne kommunisere med bøndene. Dei fleste bøndene kunne lite eller ingen engelsk, og likte ikkje å kommunisere på høgtysk. Dette er vanleg blant sveitsarar flest, og vert ofte forstått som eit mindreverdigheitskompleks overfor tyskarar som beherskar høgtysk flytande. Grindelwald-tysk var ifølgje sveitsarar eg kjenner ein av dei vanskelegaste dialektane i den tyskspråklege delen av Sveits. Det viste seg òg at eg i byrjinga av feltarbeidet hadde litt problem med å oppfatte alt som vart sagt. I samtalane mine direkte med enkeltinformantar forstod eg som regel det meste som vart sagt. Diskusjonar og samtaler informantane seg imellom derimot, hadde eg i byrjinga problem med å forstå. Informantane snakka fort og i munnen på kvarandre, og tok i større grad i bruk dialektspesifikke ord og uttrykk. Dette kom seg etterkvart som eg lærde meg orda som varierte frå dialekten eg kjende frå Bern, som til dømes Grindelwaldsk *uchi* vs. Bernsk *ufe* (opp); *achi* vs. *abe* (ned); *hüür* vs. *das Jahr* (i år) og *fern* vs. *letztes Jahr* (i fjar). At eg etterkvart forstod Grindelwalddialekt var viktig fordi samtalane bøndene seg i mellom ofte ga innblikk i kva tema dei var opptekne av, som vidare var med på å forme mine spørsmål og mi innstilling til felten.

Posisjonering

Ifølgje Howell (1997) vert kjensla av rett og galt for antropologar til tider sett på prøve når ein i felten opplever sosialt sanksjonert fysisk vald eller manifestasjonar av utbytting mellom personar med ulike posisjonar. I staden for at antropologar i ettertid unngår å analysere desse aspekta ved felten, burde dette føre til auka interesse for studiar og fortolkingar av slike dilemma. Howell etterlysa ein antropologi om moralitetar, som kan studerast mellom anna med bakgrunn i moralske opplevingar i felt. I felten min var asymmetrien eg legg vekt på ikkje knytt berre til sosiale personar,

men til relasjonane mellom bønder og kyr. Eg er oppvaksen på ein gard med mjølkekyr på Jæren. Dette ga meg eit samanlikningsgrunnlag som i felten viste seg å produsere nyttig informasjon. Dette er nok òg utslagsgjenvande for at eg ende opp med å skrive ei avhandling om moralitetar knytt til menneske-dyr-relasjonar. Moraliteten eg hadde med meg heime ifrå divergerte frå den eg vart kjend med i Grindelwald. Dette skapte ein skilnad i felten både fordi eg vart merksam på at det fanst ulike måtane å forhalde seg til dyr på, og fordi eg til tider oppførde meg moralsk galt overfor kyra. Mi eiga bakgrunn spelar altså ei viktig rolle både for fokuset mitt i oppgåva, og for datamaterialet produsert i felten. Nokre gonger vart mi kjensle av rett og galt utfordra, og denne oppgåva er sjølvsagt prega av mi haldning til både bøndene og kyra. Asymmetrien mellom bøndene og kyra utfordra likevel ikkje berre mi kjensle av rett og galt, men òg ulike informantar sine moralitetar. Gjennom analysar av desse situasjonane, og kva informantane seier og gjer, vert fokuset på moralitetar heva frå mine opplevingar og tankar om moralitet.

Fordi eg i denne oppgåva skriv om brot på moralitetar i samfunnet eg har studert, vert anonymisering av informantane spesielt viktig. For å kunne anonymisere effektivt, trengs eit stort kvantitatitt materiale. Det vil difor vere ikkje minst vanskeleg, men òg lite fruktbart å anonymisere fullt ut, då materialet vil skildre ei seter i nett dette området, og ikkje i Berner Oberland eller Sveits generelt. Eg presenterer difor visse stader og personar med reelle namn, medan andre vert anonymisert. Eg bytar om på stader, personar og situasjonar der det ikkje er viktig for analysen, slik at situasjonane eg ikkje meiner bør skildrast opent ikkje lett kan plukkast ut av folk med kjennskap til staden. Samtidig set eg situasjonen inn i ein meir generell analyse som er med på å forklare og å forstå dei moralsk ambivalente handlingane. Det viktigaste etiske kravet for antropologar meiner eg er å ikkje skrive noko som kan skade informantane. Med bakgrunn i anonymisering og den generelle analysen av situasjonane meiner eg dette etiske kravet vert overholdt.

Relasjonar mellom bønder, senner og kyr basert på moralitetar og erfaring

Natursyn

Denne oppgåva omhandlar relasjonar mellom bønder, senner og kyr. Relasjonane kan sjåast i lys av den antropologiske litteraturen om ulike natursyn. Thompson et.al. (1990) og Douglas (1996) har vist til fire ulike myter om naturen. Desse mytane viser til ulike natursyn og tilhøyrande sosial organisasjon. Den fyrste er naturen som robust. Ressursane i naturen vert forstått som evigvarande og kan ikkje verte overutnytta. Det ein person hentar ut påverkar ikkje kva andre kan hente ut. Den andre er naturen som robust, men berre innan visse rammer. Bruken av han må difor forvaltas riktig, med ein fin balansegang mellom rettar og plikter. Den tredje myta forstår naturen som uføreseieleg. Naturlege svingingar er utanfor vår kontroll, og å prøve å forvalte naturen vert difor meiningslaust.

Den fjerde ser naturen som skjør, og som noko som fort kan øydeleggjast. Føre-var-prinsippet vert her obligatorisk. Menneske handlar med bakgrunn i desse natursyna på ulike måtar overfor naturen og overfor kvarandre (Douglas 1996). Morris (1998) har kritisert denne tilnærminga for å forenkle folks forståing av naturen. Menneske har ikkje berre eitt syn på naturen, men kan ha fleire og til tider motstridande syn. Med bakgrunn i sin studie på Malawi identifiserer Morris åtte ulike perspektiv på naturen. Malawarane har eit samfunn av både jordbrukskarar og jeger og sankarar, og sjølv om domena er ulike, kan dei ikkje setjast inn i enkle dikotomiar. Både domena er prega av dei åtte natursyna Morris identifiserer. Natursyna er idealtypar, og kan ikkje synleggjerast direkte i praksis og samhandlingar i naturen. Haldningar til naturen og til dyr er i følgje Morris mangfaldige, og kan sjeldan skildrast tilfredsstillande gjennom dikotomiar eller med idealtypar. Haldningane kan variere kontekstuelt, og kan ofte vere motstridande (Morris 1998).

Materialet i denne oppgåva støtter perspektivet til Morris om at folk kan ha fleire og ambivalente syn på naturen. Bønder og senner i Grindelwald sine haldningar til naturen er komplekse. På eine side kan dei seiast å sjå naturen som robust når dei slår kyra sine så hardt dei kan (sjå kapittel 5). Å planleggje beitebruk (kapittel 5) og å vere bekymra for faunaen på setrene (kapittel 2) tyder på eit syn om at naturen er robust innan visse rammar. Når kyr sparkar (kapittel 4), stangar (kapitel 5) eller får jurbetennelse (kapittel 4) kan bøndene sjå naturen som uføreseieleg, men det tyder ikkje at dei meiner dei ikkje kan kontrollere han. Å skildre relasjonane mellom bøndene og sennene og kyra med bakgrunn i enkle idealtypar om natursyn er vanskeleg, då korleis bøndene relaterer til og forstår kyra sine varierer etter situasjon og kontekst. Haldningar og relasjonar skal difor forståast i fleirtal. Denne oppgåva er eit forsøk på å skildre dei komplekse relasjonane mellom bøndene og kyra med hjelp av ei fenomenologisk tilnærming til materialet og med eit spesielt fokus på moralitetar.

Moralitetar og etiske prosessar

Moralitetar og etiske prosessar har stor relevans for korleis jordbruket vert drive i Grindelwald. Denne oppgåva demonstrerer korleis bønder og senner forhandlar eigne moralske verdiar i sine relasjonar med kyr. Moralitetar er ifølgje Heintz (2009) ulike sett av prinsipp og bedømmingar, som menneske avgjer kva som er rett og galt å gjere ut ifrå. Kva som er rett og galt er kulturelt situert. Å observere kva som er akseptert og ikkje i sosial samhandling er eit metodologisk utgangspunkt for å studere moralitetar.

I antropologien vert det ofte laga eit skilje mellom moralitetar og etikk (Howell 1997; Heintz 2009). Moralitetar visar til generelle forståingar av kva som er riktig å gjere, og har deterministiske overtonar. Dei kan knytast til ei holistisk forståing av kultur, og er til dels ubevisste forståingar av

kva som er riktig og ikkje riktig. Etikk er meir reflekterte og bevisste evalueringar og bedømmingar som kan verte knytt til ei meir individualistisk forståing av kultur, der til dels bevisste aktørar formar og tilpassar moralitetar.

Zigon (2009) skil mellom tre ulike typar moralitetar: institusjonelle moralitetar, moralitetar i offentleg diskurs og kroppsleggjorte moralitetar. Desse er alle meir eller mindre implisitte eller ubevisste. Etiske prosessar er situasjonar der moralitetar vert eksplisitte, ved at dei vert sett spørsmålsteikn ved. Moralitetane uttrykt gjennom lovar, reglar og offentleg diskurs kan føre til etiske prosessar når dei vert implementert (Zigon 2009). Slike moralitetar synast spesielt gjennom kapittelet om sveitisk landbrukspolitikk og korleis bøndene opplever dei nye endringane som har meir fokus på miljø og arter enn matproduksjon.

Moralitetar formar og vert forma av praksis og kroppsleg erfaring. Dette er ein dynamikk som kan vere vanskelege å studere (Howell 1997). Eit viktig perspektiv i denne oppgåva er nett å studere dialektikken mellom haldningar og handlingar. Dette vert fyrst løyst gjennom vekt på deltaking i arbeidet med bønder og sennere under feltarbeidet. Deretter vert problemet med dialektikken løyst analytisk gjennom å oppløyse etablerte dikotomiar. I staden for å basere analysane på motsetnadspar og faste kategoriar, er det forståing av ulike situasjonar som involverer ulike erfaringar, handlingar og verdiar som står sentralt.

Kroppsleggjorte moralitetar kjem til uttrykk i praksis og er prega av pragmatiske omsyn (Mol 2008; Mattingly 2012a; 2012b). Etiske prosessar kan i denne samanhengen oppstå når to ulike moralitetar kjem i konflikt i praksis, og soleis skapar moralsk ambivalente situasjonar (Zigon 2009). Dei kan òg oppstå i spesifikke situasjonar og praksisar der ei balansering og forhandling mellom ulike moralitetar og praktiske omsyn vert naudsynte. Moralsk praksis går i desse tilfella ut på å pragmatisk balansere og forhandle mellom ulike moralitetar, relasjonar og praktikalitetar i kvardagslivet for å oppnå det beste moglege bra i dei enkelte situasjonane (Mol 2008; Mattingly 2012a). Grunnlaget for desse bedømmingane, og korleis verdiar kan verte forma og endra av praksis og erfaring, bør vere ein del av ein antropologisk analyse (Mattingly 2012a). Bøndene og sennene sine haldningar overfor kyra avgjorde kva handlingar og kontrollformer dei bedømte som riktige eller gale, og hadde soleis direkte innverknad på praksis og erfaring. Samtidig kunne praksis og erfaring forme og endre haldningane til kyra.

Erfaring basert på kroppsleg omgang i verda

Kroppsleg erfaring er sentralt i feltmetoden som legg til grunn for denne oppgåva, og i fleire av analysane i kapitla som følgjer. Fenomenologisk antropologi tek utgangspunkt i at persepsjon, eller

sanseerfaringar, og praksis legg grunnlaget for å forstå menneskets livsverd (Csordas 1994; Ingold 2000). Erfaring er alltid kroppsleg situert, og eit fenomenologisk perspektiv tek utgangspunkt i kroppsleg erfaring i omgjevnadane mennesket er ein del av. Kroppen var lenge ikkje eit fokus for antropologar, då denne var anteken å vere naturvitenskapens domene (Csordas 1994). At kroppen hadde vore neglisjert i antropologien, vart av mange forstått med bakgrunn i antropologiens rot i ein såkalla vestleg dualistisk kultur, som kunne førast tilbake til dei kartesianske skiljene mellom natur og kultur (Csordas 1990; Good 1994). Antropologar har byrja å studere forståinga av kroppen som påverka av kultur på lik linje som andre fenomen (Lock 2002). Csordas argumenterer for å ikkje berre studere kulturens innverknad på kroppen, men òg kroppslege erfaringar som det eksistensielle grunnlaget for kultur. Mennesket opplever verda gjennom kroppsleg erfaring med og i verda, og antropologien må difor ta utgangspunkt i kroppsleg erfaring og persepsjon i studiar av menneske (Csordas 1990, 1994). Denne oppgåva kan seiast å føye seg inn i slike studiar.

Antropologien har tradisjonelt prioritert synssansen på bekostning av dei andre såkalla "lågare" sansane. I monografiar har til dømes det synlege ved ein stad vorte skildra, medan korleis ein stad høyrest ut eller luktar, korleis maten smaker eller korleis ting kjennest har vorte neglisjert (Stoller 1989). Utover 1990-talet byrja antropologar å sette søkelyset på korleis sansar, utover den visuelle sansen, vert kategorisert og forstått ulikt frå kultur til kultur (Stoller 1989; Howes 2003; Pink 2009).

Ingold (2000) hevdar at sanseantropologien, i sitt fokus på å kategorisere sansar, har oversett at sanseerfaring oppstår i den praktiske, kroppslege involveringa med verda rundt. Eit fenomenologisk perspektiv på involveringa til bønder og senner med kyr og omgjevnader hjelper å forstå bøndenes kroppslege, sanselege erfaringar og moralitetar, som er viktig i kvardagen deira.

Kapitteloversikt

Andre kapittel omhandlar moralitetane som kjem til uttrykk i sveitsisk landbrukspolitikk, og bøndenes oppleving av desse. Med bakgrunn i tre former for politisk implementering, kjem det gjennom etiske prosessar til uttrykk divergerande moralitetar mellom bønder, bønders interesseorganisasjonar og staten. Subsidieordninga i Sveits, ein ny agrarreform, og eit forbod mot ringar i trynet på griser førte til etiske prosessar som fekk fram både divergerande moralitetar og pragmatiske haldningar til regler og normer. Kritikarar av landbruksreforma og bøndenes oppleving av statens politikk visar to moralitetar som i aukande grad vart ståande i opposisjon til kvarandre: ein produksjonsmoralitet og ein miljøpolitisk moralitet.

Dei neste tre kapitla omhandlar relasjonane mellom bønder og kyr i Grindelwald. Kapittel tre viser at kyra er viktige for bøndene i økonomisk, symbolsk og relasjonell forstand, og at desse aspekta

ved gardsdrifta ikkje nødvendigvis er motstridande. Kommunikasjonen mellom bønder og kyr er viktige for det daglege arbeidet på setra og på garden, som igjen er viktig både i økonomisk og symbolsk forstand. I dette kapittelet vert kommunikasjon som tyding av ulike teikn sentralt. Kyra fortolkar ulike indeksikalske teikn. På ei anna side kan kyr og kubjeller vere symbol på bondens prestisje.

Fjerde kapittel omhandlar ferdigheiter bøndene tek i bruk i møte med kyra. Desse ferdighetene er basert på kroppsleg og sanseleg erfaring. Det uføreseielege ved gardsdrift er eit viktig aspekt av ein bondes kvardag. I denne oppgåva vert dette studert gjennom det uføreseielege ved kyra. Bønder prøver på ulike måtar å kontrollere det uføreseielege, og dette kan ikkje sjåast uavhengig av rolla erfaring og moralitetar spelar i ulike situasjonar.

Femte kapittel undersøkjer moralitetar i forbindning med kjeppbruk, samt ulike arenaer for sosial kontroll. Både kyr, kjeppen og bønder eller senner spelar ei viktig rolle i desse praksisane. Vidare vert ei moralsk ambivalent hending som innebar kjeppbruk analysert med hjelp av tema teke opp så langt i oppgåva. Korleis kan moralitetar påverke praksis, og omvendt? Korleis forheld bøndene seg til moralsk ambivalente situasjonar? Kva rolle spelar sosiale arenaer der bøndene og kyra opptrer ilag? Kva rolle spelar setra i denne samanhengen? På kva måte er bøndenes posisjon knytt til kyra og relasjonane dei har til kyra? Dette er sentrale spørsmål som vert analysert i det siste kapittelet.



Grindelwald sett frå aust. Fjellet Eiger sjåast sør for Grindelwald. Dalen Lütschental går ut av biletet mot vest.

Grindelwald

Sveits er i vesteuropeisk samanheng eit lite land med relativ høg sysselsetting i landbruket.

Kantonen Bern var i 2011 den største landbrukskantonen i Sveits, både når det gjeld antal sysselsette, antal bruk og areal (BS 2013). I 2011 var rundt 15 000 setrar i drift i kantonen, med til saman 27 000 mjølkekyr, 3 000 ammekyr og 52 000 ungdyr² (Inforama 2012a). Til saman ga setrene³ i Bern ein årsrasjon fôr til rundt 15 000 kyr (Inforama 2012a).

Bygda Grindelwald har omlag fire tusen innbyggjarar, ligg i kantonen Bern omlag midt i dei sveitsiske alpene, og er omringa av fjell på alle kantar. Grindelwald er tilgjengeleg frå omverda med bil eller tannhjultog gjennom Lütschental, ein dal med sprett bebyggelse vest for Grindelwald. Når ein kjem frå vest gjennom smale Lütschental opp mot Grindelwald, opnar dalen og dalsidene seg. Mot sørvest og nordaust ligg grøne jorder opp mot to låge fjellkjeder (med toppar på 2168 moh. og 2230 moh.) som ringar inn dalen. Aust i dalen ruvar fjella Mättenberg (3104 moh.), Wetterhorn (3693 moh.) og Eiger (3970 moh.). Alt ein ser ligg innanfor kommunegrensa til Grindelwald, bortsett frå nokre høge fjelltoppar i det fjerne. På denne måten er utsikta avgrensa, men til gjengjeld har ein godt utsyn til dei områda ein kan sjå. Sentrum av Grindelwald (1034 moh.) har tett og langstrakt bebyggelse, med hotell, hus og såkalla *chalets*, alpehytter. Når ein reiser ut frå sentrum, vert det lengre og lengre mellom husa, men gardane vert fleire. Frå nedst i dalen (950 moh.) og vidare opp i dalsidene og mot tregrensa på omlag to tusen meter over havet, ser ein eit kulturlandskap prega av grøne jorder, bratte hang, utmark og noko skog, samt hus, hytter og fjos. Det er dette kulturlandskapet dei omlag hundre bøndene⁴ i Grindelwald er med på å forme i deira arbeid med og i naturen.

Arbeidsdagen til ein fjellbonde kan vere anstrengande og lang, men han er aldri lik gårdsdagen, og dagane varierer med årstidene. Om vinteren er dalen dekt av snø frå dei flate, fruktbare jordene nede ved elva, til dei bratte, karrige jordene i hanga oppover mot setrene som omringar Grindelwald. I denne tida har dei aller fleste bøndene eit løna arbeid i tillegg til gardsdrifta. Dei fleste arbeidar på ein av dei ti skiheisane i Grindelwald. Kyra står på båsar inne i fjoset, vert mjølka og gitt mat morgen og kveld, og ifølgje dyrevernsforskriftene skal dei verte slepte ut ein gong i veka. I dei lågaste områda av Grindelwald vil snøen som regel ha smelta ein gong i april. I områda langs foten av fjella, der det kan kome snøskred heile året, og skuggane er lange òg om sommaren, vil nokre snøflekkar ikkje forsvinne i det heile, men liggje der til det fyrste snøfallet neste vinter.

²Ammekyr er kyr for kjøtproduksjon. På setrene fanst òg til dømes geiter, sauor eller griser.

³Seter kan referere både til fellessetter og enkeltsetter (sjå fotnote seks og ni). Kva tyding som er meint, kjem fram i konteksten.

⁴Anslag gjort av fleire informantar. Dei fleste anslo omlag hundre, nokre litt mindre.

Når snøen forsvinn, er dei fleste bøndene bønder på heiltid, og byrjar arbeidet ute på beitene og jordene. Gjerder som har vorte øydelagde av snøen må fiksast på. Nokre av jordene er flate og godt tilgjengelege, slik at bøndene kan bruke køyretøy for frakten av stolpane. På brattare jorder går bøndene kortare eller lengre avstandar til fots med ei mageveske med jernklips, og gjerdestolpar og piggtråd over skuldra. Etterkvart som snøen smeltar, først i botnen av dalen og deretter langsamt oppover mot områda setrene ligg i, kjem òg restane frå hausten og vinteren til syne på jordene. Snø og uvêr kan ha rive med seg kvist, greiner og heile tre. Noko av lauvet ligg att frå hausten og kongler har falle ned heile vinteren. For å få best mogleg kvalitet på graset det skal lagast silo eller høy av om sommaren, vert jordene rydda. Trea vert rydda vekk med hjelp av maskinar om ein kjem til, eller med hjelp av helikopter viss ikkje. Resten er det berre éin måte å få rydda på: til fots med rake og posar eller bøtter i hendene, som ein fyllumar med kvist, greiner, lauv og kongler.

Arbeidet med jorda byrjar når tæla har forsvunne. Jordsmonnet i Grindelwald er tynt. Rett under overflata med dyrkbar jord ligg stein eller fjell, og bøndene kan difor ikkje pløye eller harve slik den vert gjort i område med djupare jordsmonn. Til dette formålet vert *Aebien* teken i bruk, ein sveitsiskprodusert traktor som er tilpassa landskap som i Grindelwald. Med ei slodde montert bak på *Aebien* vert overflata jevna, klumper vert smuldra opp, og skorpe som har danna seg etter nedbør vert broten. Gjødsel vert ført ut og den vert sådd på dei jordene som vert brukt intensivt. Dei som vert brukt ekstensivt vert ikkje gjødsla og sådd. Bøndene får ekstra subsidier frå staten for å bruke jorder ekstensivt og for bruken av jorder som ligg i bratte hang.


Utover sommaren startar siloslåtten og etterkvart høyonna. På flatare område vert graset klypt med ein slåmaskin montert på *Aebien*. Eit jorde i eit bratt hang er forbunde med mykje meir arbeid enn eit jorde som er tilgjengeleg med vanleg traktor. I brattare hang vert graset slått med ein slåmaskin med ein arbeidsbredde på omlag ein meter, som har to handtak som bonden førar maskinen med. I dei bratteste hanga kor bonden ikkje kjem til med maskin, og langs gjerde, steinar eller andre hindringar på jordene, vert graset slådd med ljå. For at graset skal tørke, vert det vendt. Er landet tilgjengeleg med maskin, vert arbeidet gjort maskinelt, medan i brattare hang eller i område med sump vert graset vendt for hand med rive. *Aebien* kan samle saman graset etter at det er tørka slik at det kan verte lada opp i avlesservogna. I dei områda som ikkje er tilgjengelege med *Aebien*, må graset flyttast, noko som vert gjort anten med rive eller med høygaffel. Med riva vil ein i tillegg gå over dei områda der maskinane har gjort jobben, og ta med seg graset som maskinen ikkje har klart å få med seg. På ein solskinsdag om sommaren i Grindelwald, kan jordene rundt om i dalen vere fulle av folk som raker, ber eller slår gras. Alt dette arbeidet gjer at dyra på gardane får mat, òg om vinteren.

Om sommaren går kyra til seters, og kjem ikkje tilbake før bonden har klart store deler av føret dei skal ete om vinteren. Arbeidet med jordene i Grindelwald krev mykje arbeidskraft om sommaren, og som regel vert familien att på garden når kyra flytter til fjells. I Grindelwald finst det sju ulike fellessetrar⁵ som kyra vert send til, alt etter kor bøndene har land. På kvar fellesseter finst det frå rundt hundre til to hundre mjølkekryr, som er fordelt på tre til fem ulike seterhytter. Kyra på desse hyttene⁶ kjem frå fleire ulike bønder. I løpet av eit par veker har alle setrene bufardag. Dalen vert så og seie tom for kyr, medan områda på setrene, som har lege i dvale sidan hausten før, igjen er fylt med lyden av kubjeller, rauting, breking, grynting, bjeffing og roping frå sennene. Senn er det sveitsertyske ordet for ein mannleg budeie. Sennin visar til ei kvinneleg budeie. I denne oppgåva gjer eg omgrepet kjønnsnøytralt, og refererer med senn til mannlege og kvinnelege budeier. Dei siste tiåra har det vorte vanleg med kvinnelege senner på setrene. Pensjonerte og eldre senner fortalte meg at det var heilt greitt med kvinnelege senner. Dei såg det ikkje som ein stor skilnad frå tidlegare, då kvinner ofte kom på vitjing. På den andre sida har eg hørt at det vart snakka om kvinner som "fløy på" setrene tidlegare. I dag kunne kvinner på setra få høg anerkjenning for arbeidet sitt. Mellom anna Maria på ei seter i *Bussalp* vart ofte vist til for sin gode kunnskap. Erfaring var viktigare enn kjønn når det gjaldt anerkjenning av gode og därlege senner. Ein god senn skal lage god ost og stelle godt med kyra.

Fellessetra *Grosse Scheidegg* (frå omlag 1700 moh. til litt over 2000 moh.) ligg ved foten av fjellet Wetterhorn. Ho er på omlag femten hundre kvadratmeter, men berre halvparten av dette er beiteområde. Setra har namnet sitt frå eggens som vert kalla det store vatnskiljet. Ho brer seg frå Grindelwald i sørvest mot Schwarzwaldalp i nordaust. I søraust ruvar Wetterhorn, og mot nordaust ligg ei lågare fjellkjede, Firstkjeda, som strekkjer seg mot søraust. I tillegg til deler av *Grosse Scheidegg*, ligg fellessetrene *Grindel*, *Bachalp*, *Bussalp* og *Holzmatten* i Firstkjeda. Frå områda av setra som ligg søraust for vatn skiljet, er landskapet ope utover mot fjellkjedene som rammar inn Grindelwald, og ein har god utsikt over store delar av bygda. På den andre sida av vatn skiljet er dalen smalare og ramma inn av Firstkjeden mot nordaust og fjella som strekk seg nedover mot Meiringen i sørvest. På denne sida ser ein ikkje andre hus enn hyttene som høyrer til setra.

⁵Fellesseter er eit område med fleire hytter, og med kyr frå ulike bønder i kvar av hyttene.

⁶De *Hütte* (hytta) viste til fjoiset, til ysteromet og til buområdet på setra, som alle var i same bygning - hytta. Ordet fjos (*de Stau*) vart ikkje brukt om bygninga. Eg bruker i denne oppgåva ordet hytte for bygningane på setra, som var fjos, buområde og ysterom.



Setra Grosse Scheidegg. Fjellet Wetterhorn sjåast i sør aust, Firstkjeda mot nord vest. Grindelwald ligg mot sør vest, Schwarzwaldalp mot nord aust.

Fellessetra *Grosse Scheidegg* har fem ulike enkeltsetrer⁷, med to tilsette sennar, som har ansvaret for mellom tjue og femti mjølkekyr kvar. Til saman er det omlag hundre og sytti mjølkekyr på fellessetra, og ti sennar som har ansvaret for dei. Enkeltsetrene har eigne hytter på tre ulike område på fellessetra; nedste, midtre og øvre del. Kyra og sennen flyttar seg mellom desse enkeltsetrene i løpet av sommaren. Tida dei oppheld seg på dei ulike setrene kan variere med nokre dager frå år til år, og tala her er basert på sommaren 2012. Dei fyrste ti dagane av setersommaren var alle i den nedste delen av setra, *Untere Lauchbiel*, som ligg på omlag 1600 moh.. Etter dei ti dagane vart kyra tekne nordvest, over det store vatnskiljet og over på andre sida, til den midtre delen, *Bidem* og *Alpiglen*. Dei ligg på omlag 1800 moh.. Her var dei i omlag tre veker. Etter dette tok sennene frå tre enkeltsetre med seg kyra oppover mot Firstkjeden, som ligg på nordsida av vatn skiljet. Dette området vert kalla *Oberlager*. Sennene og kyra på dei andre to enkeltsetrene gjekk tilbake sør aust over vatnskiljet att, til området som kallast *Obere Lauchbiel*. *Oberlager* og *Obere Lauchbiel* ligg på omlag 1900 moh. og er dei øvste delane av setra. Her vart sennene og kyra verande i seks-sju veker før dei gjekk ned igjen til den midtre delen, *Bidem*, i eit par nye veker. Til slutt avslutta alle med eit par veker der dei byrja, i den nedste delen *Untere Lauchbiel*, som ligg på omlag 1700 moh. Til saman er kyra og sennene på setra i mellom nitti og hundre dager. Viss dei er der kortare eller lengre, kan dei få trekk i seterstøtta frå staten.

På setra går arbeidet til sennene ut på å leggje til rette for at kua kan vidareforedle friskt gras til mjølk på best mogleg måte. Deretter foredlar sennene mjølka til ost. Ystinga vert gjort kvar morgen

⁷Enkeltsetrer er knytt til kvar enkelt hytte, og referer til denne bygningen og området rundt bygningen. Sennene og kyra er knytt til kvar sine enkeltsetrer.

etter mjølking, og kan ta mellom to og tre timer. Utover sommaren vert ostelageret på toppen av setra fylt med ost som må vaskast og snuast. For atosten skal verte god, må mjølka til kyra vere god. Sennene må difor passe på at beiteområda vert utnytta riktig, slik at kyra har godt gras heile sommaren. Dei må òg passe på at kyra er friske og raske, noko som krev god merksemd.

Båe i dalen og på setra er arbeidsoppgåvene i stor grad knytt til kyra. For at kyra skal ha godt fôr vert gras slått og jorder rydda. Beitebruken vert planlagt og gjerde vert sett opp. Mjølkekyra vert mjølka, jaga på og inseminert mellom anna for at mjølka dei produserer skal kunne verte solgt til meieriet eller verte vidareforedla til ost.

Denne oppgåva omhandlar relasjonane mellom bønder, sennere og mjølkekryr i Grindelwald, Sveits. Desse relasjonane vert i høg grad konstituert gjennom arbeidet med kyra. Staten spelar ei viktig rolle i korleis gardane vert drivne, og byrjinga av oppgåva tek difor føre seg reaksjonar på landbrukspolitikken i Sveits. Resten av avhandlinga omhandlar relasjonane mellom bøndene eller sennene og kyra i det daglege arbeidet på gardane eller setrene.

2. Landbruks politikk

Landbruks politikken i Sveits reflekterer den generelle landbruks politikken i Europa der miljø, biologisk mangfold og kulturvern har høg prioritet. Dei siste tiåra har merksemda om miljøpolitiske spørsmål i Sveits auka, noko som òg har hatt innverknad på landbruks politikken. Fjellbøndene i Sveits er avhengige av subsidiar frå den sveitsiske staten for å drive berekraftig jordbruk. Politikk og lovgjeving reflekterer notidige generelle moralitetar i samfunnet fordi dei legg til rette for verdiar som synest viktige for framtida. Med den nye vendinga i jordbruks politikken kjem divergerande og motstridande verdiar til uttrykk, både innan politiske lover og reglar, men òg når politikken vert implementert i praksis. Subsidieringa av landbruket og kva som subsidierast spelar stor rolle for korleis bøndene driv gardane sine. Bøndene i Grindelwald er skeptiske og kritiske til en del av dei nye politiske inngrepa i kvardagen deira.

Bønder og motstand

Teorier om *peasants* kan gje ein nyttig inngang til å forstå fjellbøndene i Sveits. Shanin (1987) definerer peasants som bønder som produserer mat til eige forbruk, men som òg er avhengige av å produsere for ein marknad for å dekke nødvendige behov. Studiar av peasants i antropologien har gått frå å skildre dei som ei statisk, tradisjonell gruppe som handlar økonomisk irrasjonelt, til i større grad å skildre peasants som ei gruppe som både vert påverka av og opponerer mot samfunnet rundt. Tidlege tilnærmingar til bønder skildra og definerte ei gruppe og deira tradisjonar som motsetnadar til resten av samfunnet. Redfield (1956) skildra den kulturelle karakteren til bønder som distinkt frå urbane grupper sin kulturelle karakter, og meinte at denne karakteren stod i fare for å døy ut og burde hegna om. Chayanov (1966) meinte at peasants ikkje handla økonomisk rasjonelt.

Med Wolf (1966) kom ei endring i perspektivet på peasants, der peasants vart skildra som ei gruppe som verken er primitive eller moderne, som består av majoriteten av menneskeheita, og som ikkje kan skiljast som grupper avsondra frå resten av samfunnet. Peasants i Europa er, ifølgje Wolf, avhengige av og ein del av samfunnet rundt. Utover 1960-70-talet argumenterte sosialantropologar mot statiske strukturelle og strukturfunksjonalistiske analysar til fordel for fokus på makt og endring. Tidlegare peasantsstudiar vert kritisert for å skildre peasants for statisk, og for å oversjå korleis peasants var posisjonert i høve til resten av samfunnet. Desse nye studia viste at peasants alltid har vore utsett for påverknad utanifrå og har assimilert dette inn i eigen kultur. Niederer (1993) viste korleis bønder i Sveits på 1970-talet ikkje berre oppretthaldt tradisjonar, men endra levemåte

mellanom anna ved at dei i tillegg til å oppretthalde småbruk i fjellsidene, tok seg arbeid i industrien i dalane. I Grindelwald var det spesielt vinterturismen bøndene kunne få seg arbeid i.

Wolf sine arbeid inspirerte Scott (1985) i hans arbeid om makt og motstand blant peasants. Peasants har ein marginal posisjon i samfunnet, men har likevel påverknadskraft og tek i kvardagslivet i bruk subtile teknikkar som kvar for seg kan virke banale, men som i sum kan ha store konsekvensar. Desse teknikkane er det Scott kallar kvardagslege formar for motstand (*everyday forms of resistance*) (1985:4f). Makt vert definert som å påtvinge andre eins eigen vilje. Motstand vert definert som handlingar som anten ytar motstand mot overordna klassar sine krav til bøndene, eller handlingar som støttar krav mot dei overordna klassane (Scott 1985). Scott meiner altså at bøndene ikkje berre assimilerer kulturelle påverknadar utanfrå, men utøver motstand mot desse og på denne måten kan påverke eige og andres liv. Eit anna av omgrepa til Scott, "tynne forenklingar", er òg nyttig i denne samanhengen (1998:309ff). Politiske reformar kan vere det Scott kallar tynne forenklingar, planer som ikkje tek høgde for kompleksiteten ved lokale, situerte forhold og som dimed kan få implikasjonar som ikkje var planlagde.

Scott sine arbeid kan vere ein fruktbar synsvinkel på motstanden bøndene i Grindelwald viser mot reguleringar frå staten. Motstanden frå bøndene var ikkje motstand mot overordna klassar, men mot landbrukspolitikken til den sveitsiske staten. Kritikken frå bøndene og interesseorganisasjonar baserte seg mellom anna på argument om at implementeringa av statens politikk basert på nye forskrifter kan få uintenderte, negative konsekvensar. Dette vert spesielt tydeleg når statens målsetjingar er motstridande, slik som måla om høy grad av sjølvforsyning, artsriktig dyrehald og vern av biologisk mangfald.

Moralitetar i jordbrukspolitikken

Korleis ein skal vere ein god bonde i Grindelwald er eit moralsk spørsmål. Jordbrukspolitikken påverkar handlingsrommet til bøndene og dimed korleis dei kan utføre bonderolla. Bøndene oppfattar nye lovar og regler ut ifrå dette perspektivet.

Zigon (2009) definerer institusjonar som formelle og uformelle sosiale organisasjonar som har varierande grad av makt over individuelle personar. Institusjonelle moralitetar er dei som vert uttrykt gjennom desse institusjonane. Lovgjevinga og subsidiesystemet i Sveits ser eg som uttrykk for institusjonelle moralitetar. Ei anna type moralitet er offentlege uttrykk for moralske oppfatningar som ikkje er uttrykt direkte av ein institusjon. Dette kan vere media eller meiningar uttrykt i kvardagen til folk. Døme kan vere diskusjonar og kritikk av landbrukspolitikken. Desse diskursjonane er ofte ei artikulering av den tredje formen for moralitetar: kroppsleggjorte

moralitetar. Dette er moralitetar personar har inkorporert med bakgrunn i praksis, og som er lite reflektert over. Dei legg grunnlaget for at personar oppfører seg på måtar som er moralsk akseptert utan at dette treng å vere aktivt reflektert over. I denne oppgåva kjem praktiske og kroppslege moralitetar best til uttrykk i bøndene sitt kvardagslege arbeid med kyra, jorda og garden, noko som vert skildra i dei neste kapitla.

Zigon brukar omgrepet etiske prosessar om situasjonar der det vert sett spørsmålsteikn ved ein eller fleire av desse tre moralitetane (2009). Eg vil framheve her at tredelinga av moralitetar og etiske prosessar er analytiske skilje som det i røynda kan vere vanskeleg å skilje frå kvarandre. For det fyrste kan moralitetane vere meir eller mindre implisitte og ubevisste; for det andre kan dei ha stor innverknad på kvarandre; og for det tredje kan etiske prosessar vere meir eller mindre eksplisitte og bevisste.

Politikk og lovgjeving reflekterer notidige generelle moralitetar i samfunnet, samtidig som dei prøver å påverke desse moralitetane i visse retningar (Howell 2009). Lover og politisk implementering av lovene kan difor vere ein god inngangsport for å studere generelle moralitetar i samfunnet. Når politikk eller lover vert implementert kan det skape etiske prosessar, altså forhandling om moralitetar, som får fram divergerande syn. Dessutan kan praktisk implementering av lovgjeving få implikasjonar som ikkje er i tråd med moralitetane lovgjevinga er basert på.

I dette kapittelet analyserar eg etiske prosessar som kom til syne i diskusjonar, kritikk og motstand mot tre ulike aspekt av landbrukspolitikken i Sveits. For det fyrste ser eg på den offentlege kritikken av ein ny agrarreform. For det andre analyserar eg skepsisen bøndene i Grindelwald har til subsidieringa av areal som vert brukt ekstensivt. For det tredje tek eg føre meg skepsisen bøndene i Grindelwald uttrykker mot eit forbod mot ringar i trynet på griser. Situasjonane viser ein skepsis til ei moralsk polarisering av sveitsisk landbruk mellom - noko stilisert - bønder som driv ekstensivt og dyrevenleg jordbruk, men ikkje produserer mat, på den eine sida, og bønder som produserer mat, men driv intensivt og lite dyrevenleg jordbruk på andre sida. Dette svarer til skiljet mellom industrilandbruk og småkalalandbruk, og mellom landbruk i låglandet og fjelljordbruk.

Det ekstensive fjellandbruket

Landbruket i Grindelwald er prega av småkalabruk og inngår i kategorien ekstensivt landbruk. Subsidieringsordningar er nødvendige for å oppretthalde landbruket i Sveits, og særleg landbruket i fjellområda, og er grunngjeve i både såkalla moralsk-politiske og miljøpolitiske verdiar (Niederer 1993). Det har lenge vore viktig å støtte opp om fjellbøndene fordi dei er ein viktig del av sveitsisk identitet (Niederer 1993). Den sveitsiske mentaliteten er sterkt knytt til fjellbøndene og det alpine

landskapet i Sveits (Schmidt 2011; Tschofen 1999). Å beskytte fjellbøndene har difor ifølgje etnologen Niederer alltid hatt høg "moralsk-politisk verdi" (Niederer 1993:112-3). Fjellbøndene har ein spesiell verdi fordi det vert antek at dei har ein spesiell sveitsisk tenke- og veremåte (Niederer 1993). Ifølgje denne forståinga er dei jordnære, tru mot landet, tradisjonelle og ikkje påverka av det urbane livet i byane. Ei beskytting av fjellbøndene vert dimed både av befolkninga og av politikarar forstått som ei beskytting av sveitsisk veremåte og kultur.

Grunngjevinga for å beskytte fjellbøndene endra seg utover 1960-70-talet (Niederer 1993). Frå å vere viktige for den sveitsiske identiteten, skal dei ha betyding for å ta vare på det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. Fjellbøndene skal oppretthalde eit kulturlandskap for å verne om miljøet (Niederer 1993). Dei siste åra har òg historier om og bilete av fjellbønder i sveitsisk offentlegheit vorte fleire (Schütz 2010). Den auka merksemda rundt fjellbønder vert sett som ein reaksjon på den internasjonale miljøkrisa (Scheidegger 2009). Det miljøpolitiske er altså meir til stades i diskusjonen om fjellbøndene.

Niederer (1993) skil mellom moralsk-politiske og miljøpolitiske grunnar for å beskytte fjellbøndene. I tråd med Howell (2009) hevdar eg at all type politikk og lovgjeving er moralsk, òg miljøpolitikk. Politikk er utforma etter førestillingar om kva som er ønskeleg for å få ei betre framtid. Det er ikkje alltid bønder deler statens førestillingar om korleis ein skal oppnå dette. I det følgjande tek eg utgangspunkt i kritikk av ein ny jordbruksreform, Agrarpolitikk 2014-2017 (AP14-17), som etter planen skal implementerast i 2014. Reforma skal i større grad tilpassast visse verdiar som er nedfelt i grunnloven (BLW 2011b:3-4). Argumentasjonen rundt reforma kan forståast som etiske prosessar. For å forstå endringane i reforma og kritikken av dei, krev fyrst ein gjennomgang av subsidieordninga slik ho er organisert i dag.

Bønder vert styrt av staten

Med hjelp av direktebetingar (*Direktzahlungen*), altså økonomisk støtte til bøndene, styrer den sveitsiske staten bøndene si drift av gardane i stor grad. Direktebetingane vert forstått som ei løn staten gjer til bøndene for å utrette visse tenester for staten, og er måten staten subsidierer landbruket. Bøndene i fjellregionane får omlag femtiåtte prosent av inntekta si frå direktebetingar. For bøndene i dalregionane er talet førtiein prosent (BLW 2011a). Gjennom direktebetingssystemet og krava knytt til utbetalingane kontrollerer altså staten visse deler av drifta av gardane i Sveits. For å få utbetalt direktebetingar av staten, må bøndene oppfylle visse grunnkrav (BLW 2012). Til dømes må minst sju prosent av landjorda til kvar enkelt bonde drivast økologisk (*Ökologische Ausgleichsfläche*), dyra må haldast etter dyrebeskyttingsvedtekter (*Tierschutzverordnung*) og talet på kyr skal vere tilpassa landområda (*Ausgeglichene Düngerbilanz*).

Dei fleste bøndene i Sveits får utbetalt direktebetalingar, noko som tyder på at staten sine grunnkrav vert gjennomført. I tillegg finst ei heil rekke tilpassa program som kvar enkelt bonde kan velje å delta i, og som gjer meir pengar frå staten. Til dømes finst eit program som skal sørge for ekstensiv bruk av jorder. Omgrepet ekstensiv har to tydingar. For det fyrste refererer det til konkrete program frå staten. Desse programma er laga mellom anna for å verne om biologisk mangfald og å stimulere til berekraftig bruk (BLW 2012). Dei inneber at bonden ikkje kan køyre ut møkk på visse jorder; at han ikkje kan slå graset før visse datoar; at kantane langs jordene ikkje skal verte slått; at bonden ikkje kan køyre ut møkk under visse tre (BLW 2012). For det andre har omgrepet ei meir generell tyding, og står i opposisjon til intensiv. Ekstensiv viser til landbruk med liten innsats av arbeidskraft og kapital per arealeining slik at jorda gjer lita avkastning og førgrunnlaget for dyr vert minska. Intensiv visar til landbruk der jordas yteevne vert søkt utnytta i høg grad. Det vil seie at det vert lagt ned mykje arbeid og kapital per arealeining. I daglegtalen refererte bøndene til den generelle tydinga når dei snakka om *ekstensivering* eller *å ekstensivere*. Når dei snakka om ekstensiveringsprogramma, refererte dei til staten sine program. Bøndene vel om dei vil vere med på desse programma. Dei økonomiske tilhøva gjer det likevel naudsynt for bøndene å vere med på i alle fall nokre av desse programma. Eit program gjeld å bevare slåtteng. Bøndene i Sveits får i dag tillegg frå staten for å slå graset på dei jordene som heller meir enn atten prosent. Har jordene over trettifem prosent helling får bøndene ekstra tillegg (BLW 2012). Målet er å oppretthalde kulturlandskapet og et biologisk mangfald som slåttenga gjer (BLW 2011a; Schüpbach et.al. 2012). Mange av jordene i Grindelwald har over atten prosent helling, fleire òg over trettifem prosent.

Produksjonsmoralitet og miljøpolitisk moralitet

Den nye reforma skal stimulere landbruket til å oppnå ulike mål basert på verdiar nedfelt i grunnloven: oppretthaldning av kulturlandskap med artsmangfaldet, naturnær miljø- og dyrevenleg drift, effektiv og berekraftig bruk av ressursar og høg grad av sjølvforsyning av mat (ernæringssuverenitet⁸) (BLW 2011b; BVA 2012). Desse måla er motstridande og fører til diskusjonar og misnøye blant industri- og småskalajordbrukarar.

Reforma kan forståast som det Zigon (2009) kallar institusjonelle moralitetar. I reforma kjem ulike moralitetar til uttrykk, som ein analytisk kan dele i to. På den eine sida verdien som seier det er viktig å ta vare på naturen, vere det dyr, planter, elver eller jord. Dette kallar eg ein miljøpolitisk moralitet. På andre sida verdien av å forsyne sveitsarar med sveitsisk mat, som eg kallar ein produksjonsmoralitet. Noko av kritikken mot den nye agrarreforma rettar seg mot det aukande

⁸Målet er å oppretthalde brutto ernæringssuverenitet på over seksti prosent; netto ernæringssuverenitet er i dag på femtire prosent og skal ifølgje måla forbedrast. Brutto visar til alle matvarer produsert i Sveits, medan netto tek høgde for import av tilleggsernæring til dyr, som kraftfôr (BLW 2011b).

skiljet mellom gardsdrifta til fjellbøndene på eine sida og gardsdrifta til bøndene i dal områda på andre sida. Kritikken kan sjåast i lys av skiljet mellom ein miljøpolitisk moralitet på eine sida og ein produksjonsmoralitet på andre sida.

Når ein snakkar om landbruket i Sveits, skil ein ofte mellom fjellbønder (*Bergbuure*) og bønder i dalområdene, i *Mittelland*. *Mittelland* er det relativt flate området som ligg mellom Alpene og Jurafjella. Det omfattar omlag tretti prosent av det sveitsiske landarealet, og meir enn to tredjedeler av den sveitsiske befolkninga bur der. Grindelwald ligg i regionen *Berner Oberland* som ofte berre vert kalla *Oberland*. Bøndene i Grindelwald kallar *Mittelland* for *Unterland*. Eg bruker difor her det emiske omgrepet *Unterland* for området *Mittelland*.

Sidan 1993 har andelen økologisk drivne landområde i Sveits auka med over fem hundre prosent (BLW 2011a). I *Agrarbericht 2011*, årsmeldinga for landbruket i 2011, vert denne utviklinga framstilt som relativt lik i ulike deler av Sveits (BLW 2011a). Det står å lese at omlag 60 000 hektar jord vert drive økologisk i *Unterland*, og litt over 63 000 hektar vert drive økologisk i fjellområda. Ei anna lesing av statistikken visar at over tolv prosent av jorda i *Unterland* vert drive økologisk, medan rett over tjueto prosent av jorda i fjellområda vert brukt økologisk. Skilnaden vert enno større om ein reknar per bruk. Då driv bøndene i fjellregionane over dobbelt så mykje land økologisk i forhold til det bøndene i *Unterland* gjer. Økologisk produksjon er mindre effektivt enn anna produksjon, som til dømes kan ta i bruk kunstgjødsel og sprøytemidel. Kritikarar av agrarreforma meiner at ho kan føre til ei polarisering av landbruket i *Unterland* og landbruket i fjellområda (BLW 2011b). Med den nye landbruksreforma er både bønder i Grindelwald og andre kritikarar redde for at skilnaden mellom *Unterland* og fjellområda vert enno større.

Bøndene i *Unterland* får omlag førti prosent av løna si gjennom subsidieordninga frå staten. Fjellbøndene får tilsvarende omlag seksti prosent. At bøndene i fjellområda får meir subsidiar kan forklarast med topografien i Sveits som gjer at bøndene i *Unterland* i større grad kan rasjonalisere og intensivere enn det fjellbønder kan (Niederer 1993), og dimed i større grad kan vere uavhengige av staten økonomisk. Fjellbøndene er altså særleg avhengige av staten, og politiske svingningar, som endringar i subsidieordninga, vil ha mykje å seie for dei.

Endringane i jordbrukspolitikken

WTOS (*World Trade Organisation*) landbruksavtaler legg viktige rammer for utforminga av landbrukspolitikken i Sveits (BLW 2011a) . Landbruksministaren (*Bundesrat*) Johann Schneider-Amman framhever til dømes at den nye måten å betale ut direktebetalingar på ikkje strir med forslaget til landbruksavtale i Doha-runden i WTO (SF 2011).

I dag vert direktebetalingane utbetalt ut i frå kor mange kyr bøndene har. Ei viktig endring i jordbruksreforma er at direktebetalingane ikkje skal utbetalast ut frå dette, men ut ifrå landbruksområde på kvar enkelt gard (BLW 2011b). All jord ein bonde tek i bruk i landbruksøyemed vert rekna med i dette. Korleis landet vert brukt avgjer kor mykje penger bøndene får for drifta av det. Dess fleir ekstensiveringsprogram bøndene i Grindelwald var med på, dess meir pengar vert betalt ut. Bøndene i Unterland og dei i Grindelwald med meir intensivt brukt land, vil få mindre direktebetalingar. Dette inneber at intensivt brukt land i Unterland får mindre direktebetalingar med den nye ordninga enn det dei får i dag. Kritikken av reforma visar til ei forsterking av skiljet mellom desse to verdiane i praksis: moraliteten som seier det er riktig å drive berekraftig og dyrevenleg drift på eine sida og moraliteten som seier det er riktig å forsyne sveitsiske konsumentar med sveitsisk mat på andre sida.

Eitt av måla med reforma er ifølgje den sveitsiske landbruksministeren Schneider-Amman at reforma vil bidra til lågare grad av intensivering av sveitsisk landbruk, som han meiner direktebetalingar per ku oppmuntrar til (SF 2011). Dess fleire kyr ein bonde har i dag, dess meir direktebetalingar får han. Det finst i dag tak på kor mange kyr ein bonde kan ha per hektar land, som er tilpassa ulike geografiske soner (BLW 2012). Likevel er ein politikk som baserer direkteutbetalingane på kor mange kyr bonden har, eit insentiv for bøndene til å ha flest mogleg kyr. Denne ordninga skal endrast i AP14-17. I dag finst det for fjellbøndene program som betalar for ekstensiv drift av jorda, men samtidig òg insentiv som oppfordrar til å ha mange kyr. Ved å endre utbetalingane frå å gjelde per ku til å gjelde landområde forsvinn eitt av dei grunnleggjande økonomiske insentiva for å ha mange kyr. Den nye reforma som baserer utbetalinga på bruken av landområda, utbetaler meir pengar dess meir ekstensivt ein driftar jorda. Insentivet for å halde mange kyr fell altså vekk, samtidig som insentiva for å ekstensivere vert sterke.

Ein større del av direktebetalingane vil med den nye reforma gå til økologisk og ekstensive bruk som er innretta for å oppretthalde biologisk mangfald og å drive spesielt dyrevenleg (BLW 2011b). Ifølgje kritikarar av reforma - både interesseorganisasjonar for bøndene i Unterland, og for bøndene i fjellområda (BLW 2011b; SF 2011) - er programma som er laga for å oppnå dette tilpassa bøndene i fjellregionane. Bøndene i *Unterland* meiner dei, med den drifta dei driv i dag, til saman vil få lågare inntekt. Det økonomiske tapet ved ei ekstensivering av drifta meiner dei ikkje vil dekkjast av ekstensiveringsprogramma. Ulike natur-, miljø- og dyrevernsorganisasjonar (BLW 2011b:25) argumenterer for å innføre ei øvste grense for kor mange kyr bøndene kan ha, og at dei frå denne grensa ikkje skal få direktebetalingar lenger. Dette for å hindre ei aukande intensivering av visse deler av landbruket. Kritikarar fryktar altså at bønder som i dag driv intensivt vil intensivere ytterlegare for å oppretthalde inntekta frå gardsdrifta, og reforma kan i så tilfelle lokalt i Unterland

stå i motsetnad til målet om eit meir miljøvenleg landbruk.

Fjellbøndene på si side kan få meir direktebetalingar med den nye reforma om dei ekstensiverer (BLW 2011b). Fjellbøndene har mykje landområde som det ikkje er mogleg å drive særleg intensivt. Dei vil dimed ikkje kunne vege opp for tap av direktebetalingar ved å intensivere ytterlegare. Med til saman meir pengar i potten for ekstensivering av jord og økologisk drift, vil fjellbøndene kunne tene på den nye reforma. Dette er avhengig av at dei aukar den ekstensive bruken av landområda sine, noko som vil føre til at produksjonsgraden går ned. Reforma kan altså stå i motsetnad til målet om ernæringssuverenitet lokalt i fjellregionane. Fjellbønder skal produsere kulturlandskap og biologisk mangfald, ikkje mat.

Ekstensivering ein stad må føre til intensivering ein annan stad for å oppnå målet om ernæringssuverenitet på landsbasis. Det same gjeld motsatt veg - intensivering ein stad må føre til ekstensivering ein annan stad for å oppnå dei miljøpolitiske måla. Dette kan skape eit aukande skilje mellom bøndene i Underland og fjellbøndene.

Dette reflekterar ei generell vending i europeisk jordbrukspolitikk kor verdien av kulturlandskap, kulturarv og biologisk mangfald har fått større prioriteringar. Det er fyrst og fremst småbønder, og spesielt småbønder med seterdrift, som vert pålagt å skulle ivareta desse verdiane. Dei får økonomisk støtte for seterdrifta, men er likevel skeptiske til ordninga, både i Sveits, i Noreg (Norbye 2013) og i Sverige (Eriksson 2013). Eriksson skildrar dette skiljet som eit nytt skilje mellom eit rikt A-Europa og eit fattig B-Europa. Bøndene i A-Europa står for intensiv matproduksjon som representerar matnyttig økonomisk verdi, medan bønder i B-Europa skal produsere landskap med estetisk, kulturell og biologisk verdi (Eriksson 2013). Dette reflekterar ein grunn til at bønder i Grindelwald er skeptiske til den nye reforma sjølv om dei kan få meir pengar frå staten. Med den nye reforma vert dei pålagt å vere bonde på ei anna måte enn det dei er i dag, noko som stirr mot deira førestilling om eigen status og rolle. I deira perspektiv tyder det å vere bonde å produsere mat.

Landbruksministeren Schneider-Amman vil altså bremse intensiveringa av det sveitsiske landbruket samtidig som han vil oppretthalde eller auke graden av sjølvforsyning. På papiret vert kanskje landbruket i Sveits til saman mindre intensivt, samtidig som graden av sjølvforsyning vert oppretthalden. I praksis kan dette vere basert på ekstensivering i nokre område og intensivering i andre område. Reforma kan altså føre til at den miljøpolitiske moraliteten i større grad vert implementert lokalt i fjellområda, medan produksjonsmoraliteten i større grad vert implementert lokalt i Underland.

Bøndenes oppleving av utviklinga i landbruket

Kritikken som har kome mot agrarreforma, opplevast av bøndene i Grindelwald som legitim og riktig. Dei opplevar at det allereie finst eit skilje mellom fjellbønder som driv ekstensivt og Underlandbønder som driv intensivt, og dei er redde dette vil forsterkast med den nye agrarreforma. Skepsisen til dette kom mellom anna til uttrykk i ein samtale om å slå jorder i bratt terreng.

Ein kveld etter fjosstellet sat Uli og Anna, samt nabosennene David og Katrin og eg utanfor hytta i Obere Lauchbüel og såg utover Grindelwald. Me kunne sjå over til heimegarden til Uli, og han peika og forklarte oss kor jordene deira var ut ifrå merker i landskapet og endringar i topografien. Han fortalte om to jorder som dei slo for hand ved foten av fjellet Eiger. Desse jordene var dei einaste som vart høya i området under Eiger. Jordene var omkrinsa av skog, og låg relativt langt frå heimegarden til Uli. Tidlegare vart heile området som no var dekt med skog slått, fortalte Uli, men i dag var det berre hans familie att som dreiv med slikt. Området nedanfor Eiger hadde tidlegare vore verdifullt, fordi folk då måtte passe på å få nok før til kyra om vinteren. "Høyet frå dei to jordene er jo ikkje av så god kvalitet", sa Uli, "også får me ikkje slå der før femtande august, og då er graset gammalt. Men me hadde nok ikkje slått før det uansett. Dei andre jordene med betre gras er fyrsteprioritet, og då vert det automatisk at me slår graset på desse seint". Uli fortalte òg at om dei ikkje hadde tid eller arbeidskrefter nok, vart desse jordene nedprioritert. Når Uli og systera var små hadde dei ikkje slått der kvart år. Uli kunne ikkje hugse at dei nokon gong hadde hatt vårknipe, altså når det tydar på at det går tomt for vinterfør før graset har vakse nok om våren. Når kyra kom i hus om hausten ga dei alltid kyra resteføret frå førre vinteren først. Slik var dei alltid førebudde på seine somrar eller därlege innhaustingar. Graset frå jordene frakta dei ned til garden med helikopter. Helikopterturane kosta ifølgje Uli meir enn tillegga dei fekk frå staten for å slå der.

Likevel var det tydeleg at Uli var stolt over at dei slo desse jordene. "Me kunne jo ha hive graset i skogen, det er det ingen som bryr seg om. Tillegga frå staten hadde me fått likevel", sa han, "men no er det jo ein gong slik at me er bønder, ikkje landskapsgartnarar. Me vil produsere, det er difor me held på". På spørsmål om kvifor dei hausta desse jordene når dei eigentleg ikkje trengde det, svarte Uli at "det er berre slik det er, slik det burde vere".

Det var altså verken ut frå økonomiske insentiv eller for å få godt og nok gras til kyra at familien slo dette graset. Uli, som var nitten år gammal, viste stor stoltheit over å slå desse jordene, og fekk anerkjening av dei andre sennene - to av dei born av bønder i Grindelwald - for det. Hardt arbeid og tradisjon står høgt i Grindelwald, og har truleg stor innverknad på anerkjenninga Uli fekk. Jordene vart ikkje slått *på grunn av direktebetalingane* frå staten, men dei ga bøndene *moglegheten* til å gjere det. Hadde ikkje bøndene fått direktebetalingar for høyinga av bratte jorder, ville bøndene

i praksis måtte betale for å kunne høye desse jordene. Sjølv om Uli poengterer at dei har nok før, at kvaliteten på graset er dårleg og at dei ikkje tener noko på direktebetalingane, framhever han at dei ikkje vil vere landskapsgartnarar, men vil produsere. Uttalingane illustrerer ambivalansen bøndene har til jordene og programma. På den eine sida vil dei produsere, og på den andre sida bruker dei mykje tid og krefter på å slå jorder som verken har stor produktiv relevans eller gjer økonomisk vinst, fordi det er "slik det burde vere". Det tydar at handlinga hadde ei immateriell og moralsk verdi. Slike moralske verdiar støttar synet om bønder som bakstreverske og irrasjonelle slik fleire forskrar argumenterte for på 1950-talet (sjå kapittel ein). Det kan vere eit paradoks at moderne jordbrukspolitikk støtter ekstensivt jordbruk, tradisjonar og ei driftsform som ein skulle tru høyrer fortida til, viss det er slik at politikk handlar om å leggje forhold til rette for ei betre framtid. Slik sett kan den nye jordbrukspolitikken sjåast som ei kritikk til det såkalla rasjonelle industrijordbruket (Norbye 2013).

I programma står det at "[d]as Schnittgut ist abzuführen"⁹: Graset som vert slått skal førast av jordet. Kva ein gjer med graset etter ein har slått det, bestemmer altså bonden sjølve. Fleire av bøndene i Grindelwald klagde på desse kontraktane med bakgrunn i nett dette: at produksjon av småskala-mat ikkje vart verdsett. *"Der Bund* (staten) vil ikkje ha noko produserande landbruk i fjella, dei vil gjere oss alle til landskapsgartnarar", fortalte ein bonde meg etter eit informasjonsmøte i regi av den kantonale landbruksforvaltninga, "no som dei skal endre direktebetalingane, kan me ha berre nokre få kyr, men likevel tene like mykje som før. Med direktebetalingar ut ifrå land kan eg drive all jorda ekstensivt, arbeide mindre, og tene like mykje, eller kanskje meir". Han såg likevel ikkje positivt på dette: "då produserer eg mjølk for eigen bruk, og det little som vert att er jo så lite verdt at eg berre kan hive det i bekken. Men, eg er ein som vil ha eit fullt fjos... Og eg vil at kyra mine produserer mjølk!".

Insisteringa til bøndene på at dei vil produsere mat ville ikkje vore relevant om det ikkje hadde vore for utviklinga i landbruket dei siste tiåra. Med andre ord er det landbrukspolitikken som tvinger fram skepsisen frå bøndene. Fordi denne utviklinga har skapt eit større og skarpare skilje mellom Unterland og fjellbøndene, som er tett knytt opp til skiljet mellom ein produksjons- og ein miljøpolitisk moralitet, kjente fjellbøndene behov for å poengtere at dei *øg* ville produsere mat. Dei vil halde fram med å vere bønder. Uli viste til ei heil rekke aspekt ved å slå jordet. Handlinga kan ikkje seiast å vere produktivt i form av høgt utbytte av gras og soleis mjølk og kjøt. At han til trass for alt dette poengterte at dei ville produsere, meiner eg kan forståast i samanheng med fjellbøndene si oppleving av utviklinga i landbruket i Sveits, der det ikkje var lagt opp til at fjellbøndene skulle produsere mat. Fjellbønder ville produsere mat, men var samtidig stolte over å oppretthalde

⁹Privat kontrakt kopiert av ein av bøndene i Grindelwald.

kulturlandskapet, og som eg viser seinare, viste dei òg stoltheit over det biologiske mangfaldet i Grindelwald. Bøndene var skeptiske til statens landbrukspolitikk fordi dei opplevde at den miljøpolitiske moraliteten i aukande grad bestemte korleis dei skulle drive jordbruk. Denne problematikken ga forbodet mot ring i trynet på grisene ein ekstra dimensjon som gjorde at bøndene i Grindelwald reagerte kraftig.

Ringar i trynet på grisene

Trynering er ein stårling som vert sett inn mellom nasebora til grisene, og som har som hensikt å hindre grisene frå å grave i jorda. I 2008 vart eit lovforbod mot tryneringer på griser innført i Sveits. På setrene gjekk grisene tidlegare fritt. Etter forbodet vart grisene innesperra i innhegningar med straumgjerde, då dei elles ville ha greve i jorda og soleis grav opp jordsgrunnlaget på beitene. Organisasjonen Sveitsisk Dyrevern (*Schweizer Tierschutz*) skriv i ein pamflett at "mikroskopiske undersøkingar visar at tryneskive òg i øvre del, der klammer vert sett inn, er sterkt innervert (forbunde til sentralnervesystemet) og difor smerteømfintleg" (Götz utan årstal). Trynet på grisen er altså ifølgje denne pamfletten ømfintleg, og det gjer dimed vondt for grisen å få sett inn nasering. Ifølgje dyrevernsforskriftene skal alle former for unødvendig påført smerte for dyr verte unngått. Ein annan viktig grunn til forbodet, var at griser bruker omlag ein femtedel av dagen på graving i jorda. Tryneringen, som var brukt nett for å hindre grisene i dette, var difor ikkje artsriktig dyrehald (BSE 2013).



Innhengninga til grisene. Området til venstre har grisene vore på i tre-fire veker, området til høgre eit par dager.

Forbodet var grunngjeve ut frå artsriktig dyrehald. Artsriktig dyrehald er basert på spesifikke behov for handlingar som er naturleg for arten. Dyrehaldet skal tilpassast dei ulike artane mellom anna

med tanke på plass, mat og oppførsel slik at dei i mest mogleg grad kan oppføre seg etter deira naturlege atferd. Forbodet mot trynering var innført spesielt på grunn av grisers behov for å grave i jorda (Uhlmann 2012). Argumentasjonen rundt forbodet får fram divergerande moralitetar angåande dyrehald, der staten tilsynelatande opererer med ideelle reglar, medan fjellbøndene er meir pragmatiske. Bøndene argumenterer for at forbodet kan ha negativ innverknad på andre verdiar i landbrukspolitikken enn artsriktig dyrehald. I tillegg meiner bøndene at statens tilsynelatande ideelle regler i praksis er pragmatiske. Forbodet mot trynering rammar grisene til fjellbøndene, men ikkje grisene i Unterland. Desse treng ingen nasering fordi grisene der ikkje er i kontakt med jord. Samtidig har dei fleste grisene i Unterland heller ikkje moglegheit til å grave i jorda, då dei vert haldne på betonggolv. Dei artsspesifikke atferdsbehova trengde altså ikkje å takast omsyn til av bøndene i Unterland. Denne forskjellsbehandlinga reagerte bøndene kraftig på. Dette visar at jordbrukspolitikken er ambivalent, men også at det ikkje finnест bare ei moral, men fleire og gjerne motstridande moralitetar.

Frå og med 2008 var det ikkje lenger lov å setje ringer i nasen på grisene. Alle bøndene eg har snakka med i Grindelwald, tok ikkje omsyn til dette forbodet til nasering før ein bonde vart anmeldt for ikkje å ha overhalde forbodet sommaren 2010. Anmeldinga vart gitt inn av ein turgåar, og gjaldt i utgangspunktet berre på éi av setrene i Grindelwald. Politiet reiste likevel rundt til resten av setrene og kontrollerte, noko som førde til at dei fleste bøndene fekk bøter.

Forbodet mot tryneringar på grisene hadde endra grisehaldet på setra. Grisene gjekk ikkje lause lenger fordi dei då ifølgje bøndene ville greve opp heile setervollen. Bøndene snakka fleire gonger seg imellom om denne problematikken. Nokre av bøndene hadde vore i kontakt med dei kantonale myndighetene for å prøve å finne ei løysing på problemet, og dei hadde demonstrert utanfor stortinget i Bern. Fleire av bøndene ga uttrykk for at dei angra på at dei betalte bota som kom etter anmeldinga. Dei skulle heller teke tilsvarende straff i fengsel, sa dei. ”Ein gjeng med Grindelwald-bønder som vert sett i fengsel fordi dei ikkje vil betale ei bot, dét hadde gitt overskrifter det”, meinte Hans. Eg meiner argumentasjonen til bøndene var grunnlagt i ein meir fundamental skepsis mot utforminga av landbrukspolitikken og utviklinga i landbruket som denne førde med seg. For det første viste argumentasjonen til verdiar i landbrukspolitikken som står i konflikt med kvarandre. For det andre viste argumentasjonen til polariseringa av det sveitsiske landbruket der fjellbønder er redde for å miste sin status, rolle og identitet som bonde.

Motstand, moralitetar og uføreseielege implikasjonar

Scott (1998) sitt arbeid om store politiske reformer kan kaste lys over bøndene sin argumentasjon mot ringforbodet. Politiske reformer kan vere det Scott kallar tynne forenklingar, planer som ikkje

tek høgde for kompleksiteten ved lokale, situerte forhold. Måla med slike planer kan vere mange, men planane kan ha følgjer som ikkje er i tråd med måla, som til dømes øydelegging av skog, jordbruksområde eller bykjernar. I nokre tilfelle vert dette til dels unngått gjennom lokale tilpassingar, praktisk improvisering og ulovlege handlingar som ikkje følgjer planen og soleis er ei form for motstand. Scott argumenterer for lokal og pragmatisk tilpassing av politiske reformer for å mellom anna unngå uønska effektar av reforma (Scott 1998).

Det kan vere fruktbart å studere konflikten mellom bøndene og staten i lys av dette. Forbodet var grunngjeve i verdien av artsriktig grisehald. Bøndene viste i sin argumentasjon til implikasjonar av reforma som kunne ha negativ innverknad på andre mål som staten òg har. Staten implementerte altså eit generelt forbod mot tryneringar, som bøndene argumenterte mot gjennom å vise til negative effektar på andre verdiar.

Grunngjevingane for forbodet var bøndene ueinige i. Dei sa seg einige i at det nok kunne gjere litt vondt for grisene om dei kom borti gjenstandar eller andre griser etter at bøndene hadde sett inn ringen i trynet på dei, og det kunne ta eit par veker før holet var grodd. At grisene ikkje fekk grave i jorda var grunnen til at tryneringen vart sett inn, slik at grisene kunne gå frie på setra. Bøndene meinte at dei mange positive effektane av trynering veide opp for dei negative, og var difor motstandarar av forbodet.

Bøndene såg fleire positive effektar av trynering som gjorde at dei ville halde fram med å ha grisene gåande fritt ute på setra. For det fyrste syntest bøndene kjøtet til setergrisene smakte betre fordi grisene hadde gått fritt ute. Dette gjorde at grisene rørde meir på seg og dimed hadde mindre feitt og meir musklar. Dei hadde òg tilgang på planter og gras, og hadde difor ifølgje bøndene ein betre smak enn griser som vart føra opp utelukkande på kraftfôr og myse¹⁰. På setra fanst det ifølgje bøndene mengder av vekstar kyra ikkje åt, men som grisene åt. Ugraset høy mole (*Blacken, latin: rumex longifolius*), som i nokre område av setra var eit stort problem og som var ein naturleg konkurrent til mange av dei andre grasartane der, kunne grisene ete mange av før planten befrukta seg. Otto meinte at grisene heller kunne ete det som uansett vaks der, enn at han skulle importere meir kraftfôr frå Brasil. Forbodet har altså negative verknadar på moralitetane landbrukspolitikken er grunnlagt i. Høy molen vert ikkje lenger eten av grisene, noko som får innverknad på det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet fordi høy molen fortrenger anna gras og urter. Når grisene ikkje kan gå fritt og ete høy mol og anna vekstar frå beitet på setra, treng dei meir kraftfôr. Import av meir kraftfôr eller mindre grisehald får innverknad på den netto sjølvforsyninga i Sveits. Dette er eit døme på statens motstridande politikk og oversjåing av lokal kunnskap og komplekse samanhenger.

10Myse er eit restprodukt i kvitostproduksjonen. Etter at ostemassen er fjerna er mysa, ei klar lys brun væske, tilbake. Myse har låg ph-verdi og difor ikkje lov å sleppe ut i landskapet i konsentrerte mengder.

Omlegginga i forskriftene tydde at færre bønder sende griser til setra. Få av bøndene hadde griser året rundt, men mange pleidde å kjøpe nokre i byrjinga av setersesongen, og slakte dei mot slutten av sommaren. Etter forbodet tok færre seg bryet med å kjøpe griser. Kjøtet som vart produsert meinte dei like godt kunne vore frå den lokale butikken - setergrisene var ifølgje bøndene ikkje ekte setergriser lenger. Færre griser på setra tydde at mysa, som tidlegare hadde vorte gitt grisene, no ikkje vart brukt. Mysa kan på grunn av vassdragsvern ikkje sleppast ut konsentrert i terrenget. Ho skal altså tynnast ut med vatn eller møkk, og spreia ut over beiteareala på setra. Om bøndene fulgte desse forskriftene, ville det tyde meir arbeid for dei.

Argumenta til bøndene kan òg belysast med det som vert kalla inverteerte teikn på dominans (Guha 1983; Keesing 1992). Teikn brukta av den dominante parten (staten) i ein relasjon vert teken i bruk av den underordna (fjellbønder) i motstanden mot den dominante parten. Bøndene viste til dømes til ein fare for endring i faunaen på setra. Ein av bøndene snakka om ein sjeldan sommarfugl nokre studentar hadde vore og kikka på førre året. "Den finst visst berre her i Grindelwald", sa han, "og kva om endringa i seterdrifta gjer at faunaen òg vert endra. Det kan bety at sommarfuglen òg forsvinn". Andre snakka om blomane *Alpenenzian* (*Gentiana alpina*) og *Edelweiss* (*Leontopodium alpinum*) som berre førekjem i alperegionane, og som bøndene ofte peika ut for meg om dei såg ein. Dei var tydeleg stolte over blomane, og meinte endringa i seterdrifta vil ha innverknad på desse blomane. Igjen viser bøndene til dei same verdiane som staten har, altså positiv verdi av biologisk mangfald.

Det minkande talet griser på setrene kan forståast som kvardagsleg motstand (Scott 1989). Ved å sende færre griser til setrene, kunne bøndene bidra til ei eventuell endring i faunaen som kunne ha negativ innverknad på statens mål om å ta vare på sjeldne arter. Bøndene visar at generelle prinsipp kan ha uføreseielege implikasjoner. Bøndene er ikkje nødvendigvis ueinige med haldningane staten viser, men argumenterer for naudsynet av å sjå kvar enkelt sak lokalt og kontekstuelt. Som eg skal vise, meiner bøndene at staten òg forhold seg pragmatisk til veridane. Grisene på setrene skal ikkje forhindrast i å grave i jorda. Grisene haldne i Unterland har heller ikkje moglegheit til å grave i jorda, utan at staten reagerer på dette. Moraliteten om artstypisk grisehald vert altså ikkje implementert overalt.

Artsriktig hald av dyr

Det bøndene diskuterte mest i samband med forbodet, var artsriktig dyrehald, som skal vere ein av dei overordna verdiane for landbruket i Sveits (BSE 2013). Ein sundag sat sennene Uli, Anna, David og Katrin, bonden Peter, to andre bønder og eg ved klappborda utanfor setra. Peter var på setra for å setje opp gjerde på eit område kyra snart skulle flyttast til. Uli og Anna hadde truffe

David og Katrin på ostelageret, og dei vart med tilbake til setra for å drikke kaffi etter morgenarbeidet. Dei to bøndene var kjenningar av Anna, frå den delen av Berner Oberland ho var frå. Praten kom inn på grisene. Peter fortalte at han hadde snakka med *ein Beamter* (embetsmann) om grisene. Han hadde påpeika at menneske hadde lov å setje piercing kor dei ville, kvifor skulle ikkje grisene då kunne ha nasering? *Der Beamte* hadde vist til at grisene sin artstypiske atferd er å grave i jorda med nasen, og hadde spurt om Peter hadde sett menneske som setje piercing i fingertuppane. Nei, det hadde han ikkje, hadde Peter svart, men han hadde heller aldri sett menneske som gjekk rundt og grov i betonggolv med fingertuppane.

Eitt av argumenta til bøndene var at menneske kan ta piercing kor dei vil. Vanlegvis var svaret på dette frå *die Beamte* (embetsmenn) at menneske kunne velje sjølve. Argumentet visar til eit universelt ideal for menneske om å få velje sjølve, og visar implisitt til tvangen som er i spel når bønder set ring i nasen på grisene. Dette visar til tilsynelatande divergerande moralitetar angåande dyrehald. *Die Beamte* visar til ein universell moralitet om å unngå bruk av tvang i dyrehaldet. Bøndene fnyste av ein slik holdning, og meinte at det no eingong var slik det var med dyrehald. Til slutt skulle grisene drepast og etast, sa ein bonde, og dét var ikkje eit problem for staten. Staten opererte altså med ein tilsynelatande generell haldning om at ein skulle unngå bruk av tvang. Bøndene meinte dyrehald i seg sjølve bar med seg tvang, at staten godkjende dét, og at argumentasjonen difor ikkje kunne baserast på dette.

I dette tilfellet var motargumentet til *der Beamte* annleis. Ved å spørje Peter om han hadde sett menneske med piercing i fingertuppane, skifta han retorikken frå å vise til moralitetar til å vise til faktisk praksis. Peter kunne dimed gjengjelde svaret med å vise til faktisk praksis som stirr mot nøyaktig den same haldninga som *der Beamte* grunngjev forbodet med, men som likevel er lov andre stader. Grisene i dei fleste fjos i Sveits lever innandørs, på golv forskriftene seier må vere harde og glatte for å unngå oppsamling av bakteriar i riller og sprekker. Griser som vert haldne økologisk må alltid ha moglegheit til å gå ut, men utearealet kan vere lagt med betonggolv. Peter kunne dimed vise at *der Beamte* sine argument om artsriktig dyrehald og moraliteten om å unngå tvang i dyrehald ikkje var konsekvente: Nøyaktig den same artstypiske atferden er for dei aller fleste grisene ikkje ein moglegheit i Sveits.

Meiningsutvekslinga mellom Peter og *der Beamte* viser til to ulike måtar å argumentere ut ifrå. Den eine er bestemt av generelle moralitetar, medan den andre er basert på kontekstuell lokalkunnskap. Metaforbruken gjer argumentasjonen verknadsfull. Både menneske med piercing i fingertuppane og menneske som kratsar på betonggolv er sterke bilete som illustrerer at grisene ikkje vert haldne artsriktig verken med nasering eller på betonggolv. Biletet av menneske som krafssar på betonggolv

vekkjer i tillegg ei kjensle av å vere innestengt. Dette viser indirekte til dyrehaldet i store grisefjos, samtidig som det visar tilbake til korleis grisene kunne gå frie når dei hadde ring i nasen. Det skapar eit bilet som indirekte argumenterer både *for* nasering og *mot* industriell produksjon av gris med bakgrunn i ei anna form for artstypisk atferd. Same metaforiske bilet viser både til frie griser på setrene *og* til innestengte griser i vanleg grisehald. Argumentasjonen til Peter viser at verdien forbodet er grunngjeve med tilsynelatande ikkje gjeld for alle griser og at moralske holdningar òg for staten i praksis kan vike for pragmatikk.

Miljøpolitisk moralitet og produksjonsmoralitet

Bøndene i Grindelwald opplever at staten behandlar fjellbøndene anngleis enn bøndene i Unterland. Dette kan til ein viss grad tilbakeførast til topografisk ulikskap og at det ikkje er mogleg å drive særleg intensivt i fjellområda. Det kan òg argumenterast for ulik behandling med bakgrunn i høgare biologisk mangfald i fjellområda enn i Unterland. At naturen i Unterland og i fjellområda er ulik, talar altså for at skilnadane grunnast i natur-lege årsaker. Forbodet mot ringer i trynet på grisene gjorde tydeleg ei forskjellsbehandling som ikkje kunne skuldast slike årsaker.

Forbodet mot trynring rammar grisene til fjellbøndene, men ikkje grisene i Unterland. Forbodet er basert på ein moralitet om artsriktig hald av dyr, der grisene si graving i jorda vert lagt vekt på. Griser er av same art i heile Sveits, noko som skulle tilseie at moraliteten skulle gjelde for alle griser. Grisene som vert haldne av bøndene i Unterland har ikkje moglekeit til å grave i jord, men dette førar ikkje til at staten grip inn. Naturen - altså arten griser - er i dette tilfellet lik i Unterland og i Alpene, og bøndene opplever dette som eit paradoks.

Dei tre politiske sakene, ringforbodet, ekstensiveringsprogramma og AP14-17, kan sjåast i samanheng. Fellesnemnaren er eit aukande skilje mellom miljøpolitisk moralitet på den eine sida, og produksjonsmoralitet på den andre sida. Dette skiljet vert knytt til respektive fjellbønder og bøndene i Unterland. Gjennomføring av AP14-17 kan forsterke skiljet mellom ekstensivt og intensivt jordbruk. Reforma vidarefører trenden frå dei ekstensive programma i dag som gjer fjellbøndene inntrykk av at eit ekstensivt jordbruk i fjellområda ikkje er til for å produsere mat. Ringforbodet skaper eit skilje mellom bøndene som driv industriell griseproduksjon og bøndene som har griser på setra, ved å berre tillate hindring av denne spesifikke typen artstypisk oppførsel i industriell griseproduksjon.

Landbrukspolitikken kan skape eit inntrykk av ein miljøpolitisk moralitet som står i opposisjon til ein produksjonspolitisk moralitet, der å produsere mat til det sveitsiske folket samtidig som ein tek omsyn til miljøpolitiske moralitetar er vanskeleg. Reforma er enno ikkje implementert, men vil

etterkvart få konkrete effektar det vil vere mogleg å studere. Det ville vore interessant å studert innverknadane av den nye reforma både på fjellbønder og bønder i Unterland si drift, og om oppfatningene om relasjonen mellom miljøpolitiske moralitetar og produksjonspolitiske moralitetar endrar seg.

3. Kommunikasjon mellom bøndene og kyra

Som eg har vist, er bøndene i Grindelwald bekymra for utviklinga i landbrukspolitikken og deira pålagde rolle som landskapsgartnarar. Produksjon av god mjølk er viktig for bønder i Grindelwald, og dette er avhengig av ulike former for praksisar som involverer bønder, senner og kyr.

Kommunikasjonen mellom bønder, senner og kyr er basert på mellom anna teikn. Teikna kan fyrst og framst forståast som indeksikalske fortolkingar. Kapittelet visar òg at relasjonen mellom bønder og kyr kjem til uttrykk gjennom symbol på kva som er ein god bonde.

Ein bonde eg mjølka med, brukte spesielt lang tid på å mjølke ei kvige som nett hadde kalva. På spørsmål om kvifor han brukte så lang tid, svarde han at kviga måtte lære seg å stå stille. «Eg vil kunne kommunisere med kyra mine», haldt han fram, «utan tvang vert alt mykje mindre arbeid og mykje gøyare».

For å forstå relasjonane mellom bønder og kyr er det viktig å kunne skildre kyr som aktive i relasjonane. Det vert gjort med utgangspunkt i korleis bøndene kommuniserer med kyra. Å få fram desse eigenskapane ved kyr i tekst kan gjerast med bakgrunn i tjukke, detaljerte skildringar. Dette kapittelet er ei tjukk skildring av kommunikasjonen mellom bønder og kyrr, som eg forstår som eit språk basert på indeksteikn. I tillegg visar kapittelet at symbolske, økonomiske og relasjonelle aspekt mellom bønder og kyr kan vere vanskelege å skilje frå kvarandre.

Relasjonar mellom menneske og dyr

Antropologar har bidrøge til studiar av relasjonar mellom menneske og dyr ved å påpeike at relasjonane ikkje berre er utilitaristiske, men òg kan vere symbolske, rituelle og metaforiske (Mullin 1999). Utilitaristiske og symbolske tilnærmingar til menneske-dyr-relasjonar vart ifølgje Shanklin (1985) forstått som motstridande, og han påpeika at det var nødvendig med ein integrasjon av dei to tilnærmingane. Innan pastoralisme-litteraturen vart det viktig å motstrid argumentet til Chayanov (1986) om at bønder ikkje handla økonomisk rasjonelt overfor dyra sine, men heller er opptekne av tradisjonelle og immaterielle, altså symbolske verdiar, enn økonomiske verdiar (Mullin 1999).

Gjennom å knyte bønder til politisk, statleg og økonomisk endring, vart det frå ulike hald vist at bønder handla rasjonelt ut ifrå dei føresetnadane som låg til grunn, og at symbolske og økonomiske aspekt var vanskelege å skilje frå kvarandre (sjå t.d. Ferguson 1990; Niederer 1993).

Antropologiske studiar av peasants eller pastoralistar har altså fokusert på korleis menneske tek i bruk dyr, utilitaristisk eller symbolsk, for eigne føremål. Dyr vert i slike framstillingar passive

objekt for menneskeleg bruk, og ikkje aktive subjekt i relasjonen til menneske. Ei slik haldning til dyr vert ofte stilt i opposisjon til jegerar- og sankarar sine relasjonar til dyr, som er relasjonar prega av tillit og gjensidigkeit (Bird-David 1990; Ingold 2000, sjå òg kapittel fem). Morris (1998) kritiserer slike studiar for å skape sterke dikotomiar, og for å sjå såkalla vestleg kultur som monolittisk og hegemonisk. Ei slik tilnærming skjuler at relasjonar mellom menneske og dyr òg i Vesten er ulike, komplekse og ofte motstridande. Dette kapittelet legg grunnlaget for å kunne skildre relasjonane mellom bøndene og kyra gjensidig, basert på korleis bøndene kommuniserer med kyra. Dette vert analysert med bakgrunn i eit språk basert på indeksteikn.

Kommunikasjon basert på indeksteikn

Inspirert av Kohn (2007) skildrar eg relasjonane mellom bøndene og kyra som at dei er basert på indeksteikn. Kohn (2007) argumenterer (basert på Deacon 1997), for ei semiotisk tilnærming til relasjonar mellom fleire artar. Kohn forheld seg til indeksteikna som objekt, sjølv om han er klar over at Deacon meiner indeksteikn ikkje er objekt, men fortolking. Denne skilnaden meiner eg er essensiell for forståinga av korleis kommunikasjonen mellom bøndene og kyra føregår.

Ifølgje Peirces teiknlære finst det grunnleggjande sett tre typar teikn: ikon, indeks og symbol (Berkaak og Frønes 2007). Ikon kjenneteiknast ved at det liknar på det det peikar mot, som eit gudebilete peikar mot ein gud. Indeks peikar mot eit innhald med bakgrunn i at dei to regelmessig opptrer saman, som at grågåsas ferd sørover peikar mot at det snart vert vinter. Symbol er teikn som vert knytt til det det peikar mot gjennom konvensjon, som at flag peikar mot nasjonar. Deacon (1997, 2012) tek utgangspunkt i Peirce si teiknlære, og hevdar at menneske er i stand til å fortolke alle dei ulike teikna, medan dyr er i stand til å tolke ikon- og indeksteikn.

Deacon kritiserer samtidig semiotikarar for ofte å ha sett på teikn som objekt. Attributta ved dei ulike objekta har avgjort om teikna er ikon, indeks eller symbol. Ifølgje Deacon (2012) er det ikkje attributta ved teikna, men kva type fortolkingar som vert gjort som avgjer kva teikn det er snakk om. Ikon, indeks eller symbol visar til ulike fortolkingar av teikna, ikkje til eigenskaper ved teikna. Når teikn vert sett som objekt, kan det hevdast feilaktig at teikn er arbitrære. Når teikn vert sett som fortolkingar derimot, er teiknet ikkje arbitrært fordi det ikkje er arbitrært korleis teikna vert knytt opp mot det beteikna (Deacon 2012). Skilnaden på teikna ligg altså ikkje i objekta som fortolkast, men i sjølve fortolkinga. Denne kan vere basert på erfaring (indeksteikn), konvensjon (symbol) eller likskap (ikon). Det er altså typen fortolking som avgjer kva teikn det er snakk om.

Bonden lærar kyra til å tolke visse lydar, berøringar og rørsler gjennom systematisk å knytte dette opp mot kyra sine handlingar. Kyra responderer etterkvart på desse teikna. Fortolkingane er

avhengige av erfaringar med at teiknet og det beteikna vert knytte saman gjentekne gonger, og kan soleis forståast som indeksfortolkingar. Lydane, berøringane og rørlene kan altså forståast som indeksteikn fordi kyra responderer på dei på den måten bonden har lært dei opp til. Dette krev at kyra kan lære seg å fortolke visse teikn indeksikalt til det beteikna. Det er dette eg refererer til når eg skriv at bøndene i Grindelwald kommuniserer med kyra sine gjennom eit språk basert på indeksteikn.

Økonomiske og symbolske verdiar kan vere viktige for korleis bøndene forhold seg til kyra sine. Det økonomiske og symbolske er avhengig av den daglege omgangen med kyra, der kyra sine handlingar og kommunikasjonen mellom bonde og ku spelar ein viktig rolle. Desse aspekta ved relasjonane mellom bøndene og kyra kan vere vanskeleg å skilje frå kvarandre.

Kubjeller

Bjellene sin symbolske verdi

Kyra i Grindelwald bruker bjelle når dei er ute på beitet. Det finst bjeller til kvardagsbruk og bjeller til spesielle anledningar, oftast at kyra skal gå over lengre avstandar. Bjellene til kvardagsbruk er litt større enn ein bonde sin knyttneve, omlag tolv ganger ti cm. Bjellene til spesielle anledningar er langt større, som juret til ei ku, omlag førti gangar tjuefem cm. Dei små bjellene, som vert kalla *Glocken* eller *Schällen*, er ofte av messing, medan dei store ofte er av blikk. Dei store bjellene, som vert kalla *Trychle*, er soleis, relativt til storleiken, lettare. På setra hadde kyra frå dei ulike bøndene ulike typar kvardagsbjeller. Eit par kyr hadde runde, avlange bjeller rundt halsen, som vart kalla Schällen, andre brukte bjeller som likna miniatyr kyrkjeklokker, som vart kalla Glocken, og nokre få hadde kvadratforma bjeller, som òg vart kalla Schällen. Dei vanlegaste var dei runde Schällen og Glocken. Bjellene heng ikkje berre rundt halsen på kyra, men kunne òg henge på fjosvegger eller setervegger til pynt.

Når kyra kom opp til setra, vart dei store bjellene, *Trychle*, hengt på seterveggen eller stod til pynt inne, og vart tekne fram når kyra skulle gå frå eitt seterområde til eit anna. På garden nede i dalen hang bjellene ofte til pynt på fjosveggen eller inne i huset. Når eg spurde bøndene om desse bjellene, viste dei fleste til den praktiske nytta av bjellene. Etter å ha spurt nøyare om bjellene, samanlikna eit par av bøndene bjellesamlingar med frimerkesamlingar, og omtala det å skaffe seg fine eller spesielle bjeller som ein dyr hobby. Nokre av bøndene hadde mange bjeller, medan andre berre hadde det som var nødvendig for den praktiske bruken. Nokre av bøndene synst nye, skinnande bjeller og reimer var finast, medan andre sette pris på eldre bjeller. Ein bonde, Chrigu, viste meg ei gammal bjelle frå 1800-talet som hadde vore i familien hans ei stund, med ei reim som òg var frå

1800-talet, men som han hadde bytta til seg frå ein nabobonde. Nabobonden hadde fått ei ny reim i bytte av Chrigu, og var nøgd med byttet. Bøndene hadde altså ulike preferansar når det gjaldt bjellene. På spørsmål om det var knytt spesiell prestisje til å ha mange eller fine bjeller, svarde alle bøndene eg snakka med at det ikkje var det. Ifølgje bøndene var det altså ikkje noko symbolisk ved bjellene.

Nedtoninga av den eventuelle prestisjen ved å ha ei fin og/eller stor bjellesamling kan ha bakgrunn i ei generell nedtoning av økonomisk ulikskap både i Grindelwald spesielt og i den tyskspråklege delen av Sveits generelt. Det er særer uhøfleg å spørje folk kva dei tener i Sveits. Eg kjenner sveitsarar som ikkje veit kor mykje syskena eller foreldra deira tener, og som heller ikkje vil spørje om dette fordi det er uhøfleg. Tradisjonelt sett skal folk som har mykje pengar ikkje vere opptekne av å vise fram det dei har. I tillegg er det ein allment kjent stereotyp i Sveits at tysksveitsarar flest, spesielt i samanlikning med tyskarar, ikkje ynskja å stikke seg ut frå mengda. Denne kombinasjonen kan gjere at bøndene nedtonar den eventuelle prestisjen ei bjellesamling har. Bøndene fortalte at ein kunne kjøpe bjeller, men at ein òg kunne få bjeller i gáve eller vinne bjeller til dømes på fesjå eller ved å leve toppkvalitetsmjølk til meieriet fem år på rad. Bjellene kunne altså vere både gáver, varer og symbol. Bøndene syntest ikkje å meine at det var noko gale med å kjøpe bjeller, men dei bøndene som hadde bjeller frå fesjå eller meieriet viste desse stolt fram, fortalte meg kva år dei var frå eller kva ku som hadde vunne bjella. Bjellene kan altså vere symbol på flotte enkeltkyr bonden har hatt, som visar til bonden som ein god bonde og avlsmann. Dei kan òg vere symbol på at bonden er ein god bonde som leverer kvalitetsmjølk fem år på rad. Dei kan soleis fungere som ekstra incentiv for å leve god kvalitetsmjølk over lengre tid. Bjeller som er vunne på grunn av god mjølk eller flotte kyr, er eit symbol på at bonden er ein god bonde.

Bjellene sin praktiske verdi

Bøndene la overfor meg størst vekt på den praktiske bruken av bjellene. Når bøndene slapp ut kyra om våren, var det ikkje alle som hang bjeller på kyra med ein gong. Hans slapp ut kyra for fyrste gong tiande mai, og den fyrste veka Hans slapp ut kyra sine på beite, tok han ikkje på dei bjeller. Ein dag etter me hadde sloppa kyra ut på beite, kikka Hans utover kyra, rista litt på hovudet og sa at han synst kyra såg nakne ut utan noko rundt halsen. Han ville likevel ikkje ta på bjellene på kyra før alle bøndene i nabolaget hadde sloppa ut kyra sine, for "om dei andre kyra får høyre bjellene, vert dei galne". Kyr som stod inne, ville ifølgje Hans òg ut viss dei høyrt bjellene til dei andre kyra, og difor ville han ikkje henge bjellene på sine kyr enno. Dette kan tenkjast å vere med omtanke både for dei kyra som stod inne og vart det bonden kalla "galne", og for bøndene som eig kyra, som skulle slekke å hanskast med "galne" kyr. Det kan altså tenkjast at bøndene visar solidaritet både overfor kvarandre og kyra ved å utsetje å henge bjelle på kyra om våren. Samtidig visar dette at bøndene

meinte at kyra reagerte på bjelleklangen, sjølv om dei ikkje hadde høyrt bjeller sidan dei vart sett på bås for vinteren hausten før. Bøndene meiner altså at bjelleklangen betyr noko for kyra. Hans meinte at det uansett ikkje var så nøye med bjellene enno, det var jo på setra det var behov for dei. Ei skildring frå ein morgen me henta kyra på beite illustrerer korleis bjellene var viktige på setra.

Fem veker ut i setersommaren skulle me gå frå eitt seterområde, Bidem, til eit anna, Obere Lauchbiel, og stod opp klokka fire for å vere tidlegare ferdige med mjølkinga. Sennen Uli meinte kyra skulle sleppe å gå lange strekningar midt på dagen når det vart varmt, og ville difor gå frå setra i sekstida om morgonen. Det var lite gras att på beitet generelt i Bidem, og spesielt ved hytta. For å unngå at kyra skulle sprei seg utover heile seterområdet for å finne gras, jaga me dei vestover kvelden før, nordover langs ein skogssti og ut på det nordlege området av dette seterområdet. Me hadde jaga dei opp dit fleire gonger tidlegare, og det var ikkje veldig mykje gras att der heller. Den morgonen me skulle flytte kyra gjekk Uli, Anna og eg i bekmørket oppover skogsstien, med lys frå mobilane våre som hjelpemiddel. Vanlegvis brukte me ikkje lyskjelder. Så lenge det ikkje var overskya, ga månen nok lys til å kunne orientere seg i landskapet. Ei ulempe med å bruke lyskjelder var at me såg omkrinsen rundt oss sjølve betre, men alt som falt utanfor omkrinsen til lyset var det umogleg å få auge på, då augane ikkje vende seg til mørkret. Denne morgonen brukte me likevel lyskjelder til å bevege oss raskt opp dit kyra var. Då me kom ut av skogsstien og opp til det området kyra var, skrudde me av lysa. Anna gjekk vestover, eg gjekk nordover og Uli gjekk austover, og alle saman ropte *komm komm komm!* med jamne mellomrom. Eg gjekk oppover mot gjerdet som skilte Bidem frå ein annan del av setra. Det var vanskeleg å sjå skilnaden på steinar, buskar og kyr, og eg brukte difor øyrene til å prøve å høre bjellene til kyra. Då eg ikkje hørde noko, gjekk eg sør aust over mot lyden av bekken som skilde beitet frå skogen. På veg nedover langs bekken hørde eg bjeller, men ikkje der eg hadde forventa det. Lydane kom frå andre sida av bekken, inne i skogen. Eg kryssa bekken og følgde bjelleklangen. Etter å ha kava meg gjennom tettvakse skog, fann eg det som etterkvart viste seg å vere sju kyr på ei lysning inne i skogen. Då eg kom inn på lysninga byrja eg å rope - *komm komm komm komm* - og hørte lyden av nokre kyr som reiste seg og fleire som byrja å bevege seg langsamt nedover lia. For å vere sikker på at alle kyra kom med, gjekk eg likevel oppover lysninga til eg kom til eit nytt skogsskilje. Igjen hørde eg bjeller frå lenger inne i skogen. Eg gjekk mot lyden, og kom til ein ny lysning lenger inne i skogen, det det var minst tre kyr som allereie var på veg nedover lysningen i retning hytta. Nok ein gong hørde eg etter om eg hørde fleire bjeller bak trea lenger oppe, noko eg ikkje gjorde. No var kyra nederst på lysninga allereie på veg inn i skogen. Eg hadde ikkje følg med på kor eg hadde gått innover i skogen. På veg ut av skogen att gjorde eg difor nøyaktig det same som eg hadde gjort på veg inn: følgde lyden av kubjellene. Kyra var allereie på veg ut av skogen på stiar som er der fordi kyr tråkkar dei kvar

sommar. Ved å høyre etter bjellene og skunde meg nedover mot dei, klarte eg å henge meg på den siste av kyra som forsvann inn på tråkket mellom trea, slik at eg slapp å kave meg gjennom tettvakse skog ut att.

Kyras oppførsel var viktig for planlegging på setra. Kvelden før denne hadde me jage kyra nordover, der Uli visste at det var mest gras att, for at kyra skulle vere samla om morgonen. Kyra leitar sjølve etter gras når det er lite gras, og kunne difor spreie seg i ulike retninger om det ikkje var nok gras att. Uli refererte òg til dette når eg spurde korleis han visste når me hadde vore lenge nok på eit seterområde. Når kyra byrjar å gå langs gjerdene for å ete opp alt graset, og me måtte hente dei lenger og lenger frå hytta når dei skulle mjølkast, var det, ifølgje han, på tide å tenkje på å flytte. Den eine av dei to lysningane i skogen som kyra hadde vore på denne morgonen, var ei lysning heller ikkje Uli, som hadde vore på denne setra sommaren før, kjende til. Kyra hadde altså gått innover i skogen lenger og lenger vekk frå dei vanlege beiteområda. I tråd med det Uli sa, kan dette tyde på at kyra vart flytta til neste seterområde på riktig tidspunkt. Samtidig kan det hende at graset på desse lysningane ikkje hadde vorte skikkeleg ete, og at kyra kunne ha nytta det siste graset på desse beitene om me hadde vore der ein dag lenger. Uli var merksam på kyras oppførsel og tok avgjerdslar om flytting innad på beiteområda og mellom beiteområda med ut ifrå mellom anna dette.

Vår evne til å høyre bjellene

Me skrudde av lommelyktene da me byrja å leite etter kyra. Utan lommelykt lyset kunne me sjå ikkje berre kua som elles stod i lyset frå lykta, men òg ho som stod tre meter til venstre for henne. Dette var praktisk når me skulle leite etter trettiåtte kyr. Sannsynlegvis vart merksemda vår mot lyden av bjellene forsterka ved å skru av lommelykt lyset. Bjelleklangen var teikn på at kyra var i nærleiken. Når det er mørkt er bjellene eit heilt tydeleg middel til å finne kyra. I byrjinga av sommaren tenkte eg ikkje over at, eller om eg tok i bruk hørselen aktivt. Då var eg nøgd så fort kyra reiste seg og byrja å gå nedover. Etter at Uli ein gong sa til meg at eg måtte vere sikker på at eg hadde fått med meg alle kyra i nærleiken, ikkje berre dei eg såg, byrja eg å ta i bruk hørselen på ein annan måte. Eg stoppa opp bak kyra for å høyre etter om det var fleire i nærleiken. I tillegg kunne eg etterkvart høyre skilnaden på om kyra eg høyrd gjekk, om dei stod og åt, eller om dei låg og drøvtygde. Skilnaden på desse lydane gjorde at eg kunne vite om eg skulle gå og hente dei. Høyrd eg at dei gjekk, var det sannsynleg at ein av dei andre sennene allereie hadde funne dei og fått dei til å gå mot hytta. Var lyden frå at dei stod og åt eller låg og drøvtygde, måtte eg hente dei. Lyden av bjelleklangen endra seg ikkje, men erfaringa mi endra seg. Eg vart fyrst klar over at eg kunne bruke bjelleklangen for å finne kyra. Etterkvart viste ulik bjelleklang til ulike handlingar kyra gjorde og med bakgrunn i dette kunne eg vite om eg skulle gå og hente kyra eller ikkje. Bjelleklangen kan forståast som teikn som eg tolka indeksikalt til kyra og deira ulike handlingar.

Sennene seg imellom snakka om at dei høyrd skilnad på bjellene til kyra. Dei høyrd skilnad på dei ulike bjellene - Glocken eller runde eller firkanta Schällen, medan nokre av sennene òg høyrd skilnad på dei individuelle bjellene i ein flokk. Det går enno gjetord om den no pensjonerte sennen som tidlegare høyrd skilnad på bjellene til alle kyra på setra. Erfaring med lyd av bjellene kan altså gjere sennene i stand til å knytte lyden av enkelt bjeller til enkeltkyr. Uli sa fleire gonger til meg dei gongene eg ringde han når me var ute og henta kyra for å høyre kva kyr han hadde funne, ikkje at han hadde sett, men at han hadde hørt til dømes Rosa eller Katja vere på veg nedover. Eg lærde meg aldri dette, noko Uli lo litt av. Lydan av bjeller kan altså vise direkte til ei enkelt ku. For å evne å skilje ut individuell bjelleklang, og knyte dette til individuelle kyr, kravst erfaring. Bruken av hørsel var altså viktig når me henta kyra. Bjelleklangen kan forståast som indeksikalske teikn som med bakgrunn i erfaring kan verte tolka opp mot kyr generelt, mot kva kyra gjer eller mot individuelle kyr.

Kyras evne til å respondere

For å kommunisere med kyra, tok bøndene i bruk lydar, berøring og rørsle, som kan forståast som indeksteikn. Nokre av kyra på lysningane hadde allereie byrja å bevege seg mot hytta når eg kom inn på lysningane. Dette skildrar eit meir generelt mønster: så fort me gjekk for å hente kyra, byrja me å rope. Me ropte ulikt språk og med ulik tone når me skulle hente kyra: *chuuu-umm chuuu-umm chuuu-umm* og når me jaga bak dei: *hooooopp hopp hopp hopp; hooooppla hoi!* Me kunne observere korleis dei dyra me såg reagerte på ropa når me skulle hente dei til mjølking. Sjølv om nokre kyr nokre gonger ikkje reagerte før me kom nær nok til å pirke borti dei med kjeppen, reagerte dei fleste dyra lenge før dette. Om kyra ikkje hadde respondert på denne måten, kunne me vore nøydde til å hente kvar enkelt av dei trettiåtte kyra på setra individuelt. Eg hevdar ikkje at andre faktorar enn ropinga vår kan ha spelt ein rolle. Kyra kan til dømes ha hatt mjølkespreng. Lyden av ropa våre kan ha vorte kopla til at trykket i jura vert letta. Tida på døgnet kan òg ha hatt noko å seie. Likevel kom kyra som regel ikkje av seg sjølve ned til hytta før me byrja å rope, og ropa våre kan soleis sjåast som ein utløysande faktor.

Kyra gjekk i riktig retning når me henta dei. Når eg gjekk blindt i mørket inn i skogen mot bjelleklangen utan å tenkje over kor eg gjekk, var dette fordi eg hadde tiltru til at så fort eg fann bjelleklangen, ville eg finne kyr, og så fort eg fann kyr, ville dei vise meg vegen ut att. Det hende høgst sjeldan at kyra ikkje gjekk mot hytta når me henta dei til mjølking, sjølv om det hende eit par gonger at nokre kyr måtte vente lenge utanfor hytta, og at dei då gjekk eit lite stykke utover mot beiteområda att. Dette kan sjåast som at kyra tolka ropa våre indeksikalt til at dei skulle til hytta. Kyra responderte altså ikkje berre på ropa våre, men byrja òg å gå mot hytta når me ropte. Dette kan forståast som at kyra hugsa kor dei skulle. Kyras respons på våre rop og deira autonome handlingar

er altså essensielle for arbeidet på setra. Teikna eg har skildra så langt er teikn som vert teken i bruk kvar dag. Éi hending på setra visar tydeleg at kyra har hukommelse som kan strekkje seg langt bakover i tid.

"Kyra veit kor dei skal"

Før me skulle flytte kyra frå seterområde til seterområde fortalte fleire bønder meg at når ein heng *Trychle* på kyra, då veit dei kva dei skal. Dette vart demonstrert den morgenon me gjekk frå Bidem over til Obere Lauchbiel, eit stykke på litt over tre kilometer. Etter at me hadde mjølka om morgenon, hang Uli *Trychle* på leiarkyra. Til vanleg når me slapp ut kyra utan å jage dei i retninga me ville ha dei, ville dei gå ut, snuse litt rundt og kanskje gå austover, kanskje vestover, kanskje nordover. Saman med dotter og bror til ein av bøndene var eg med og gjekk med kyra. Uli, Anna og eg losna kyra i fjoset, og broren stod utanfor og geleida dei vestover. Sennen som er med skal alltid gå framme og lokke på kyra, noko eg ikkje visste. Eigentleg skulle eg altså gått foran kyra og lokka - *komm komm komm*. Fyrst då dottera til bonden kom og sa til meg at det ikkje var nokon som gjekk foran, sprang eg ut og kom meg foran kyra, som allereie var på veg i riktig retning langs grusvegen. Kyra hadde ikkje gått på denne grusvegen sidan dei kom til setra for tre veker sidan. Bror til bonden stod på utsida av fjoset, på austsida, og jaga kyra vestover, noko som førte til delar av seterområdet som dei hadde vore på i desse tre vekene, mellom anna beitet dei hadde vore på tidlegare om morgenon. Likevel starta kyra i dag på grusvegen som gjekk mot dei andre seter områdane. Eg jogga foran dei og byrja å rope - *komm komm komm*. Slik gjekk me i fast, sakte takt over til *Obere Lauchbiel*. Bror til bonden og dotter hans gjekk bak dei bakarste kyra og jaga på der, medan Uli, Anna og eit par bønder vart att på setra for å pakke saman og flytte. Det var avstikkarar på vegen i form av veger og stiar. Den framste leiarkua, med *Trychle* rundt halsen, og eg kunne vere over hundre meter foran dei siste kyra og dei to som jaga på bak, men likevel følgde alle kyra vegen. Litt over tre kilometer i oppoverbakke var unnagjort på halvannan time.



Kyr på veg frå Bidem til Obere Lauchbiel.

Tidlegare på sommaren, då me jaga kyra frå *Untere Lauchbiel* til *Bidem*, fortalte Anna meg og Uli etterpå at nokre av kyra - nokre av leiarkyra til Hans - hadde teke til venstre ut på feil veg. Kyra frå dei andre fire bøndene som hadde kyr på setra hadde gått rett fram. Vera hadde måtte springe etter Hans sine kyr og jage dei i riktig retning, og hadde vore temmeleg frustrert. Uli forstod det, men han forstod òg kyra. Fram til for berre eit par år sidan hadde desse kyra gått denne vegen når dei skulle frå *Obere Lauchbiel* til *Oberlager*. For berre eit par år sidan hadde bøndene gjort om på seterinndelinga, og Uli kunne difor forstå dei eldre kyra som gjekk i feil retning.

Kyra responderte denne morgonen på noko som gjorde at dei tok strake vegen ut av seterområdet sjølv om eg ikkje viste dei kor dei skulle gå. Det kan tenkjast at kyra forhaldt seg til at beiteområdene nesten var etne opp, at dei vart henta tidlegare enn elles denne morgonen, at det var fleire folk på setra enn elles og at stemninga generelt var mindre avslappa enn til vanleg. Alle desse faktorane kan ha gjort at kyra oppfatta at det skulle hende noko spesielt. Det kan ikkje seiast for sikkert kva som gjorde at kyra gjekk dit dei gjekk. Bøndene hevdar likevel at dei kan kommunisere til kyra at det skal skje noko spesielt med hjelp av dei store bjellene. Dette er ikkje urimeleg å tru, då bjellene i stor grad kan kommunisere eintydig til kyra, sidan dei store bjellene berre vert tekne i bruk når kyra skal gå langt. I tre veker hadde kyra gått fram og tilbake mellom beiter og hytta, men denne morgonen braut dei denne rutinen og gjekk ut på grusvegen. Dette tydar på at kyra ikkje berre handlar eller responderer ut ifrå vane eller rutine. Det var tre veker sidan dei kom til setra på denne vegen, og det var litt mindre enn eit år sidan sist dei gjekk ut frå dette seterområdet på denne vegen. Dette tydar på at kyra kan handle ut ifrå eit form for minne som kan gå over lengre tid.

Kyra som gjekk feil når Anna gjekk med kyra tyder òg på dette. Berre kyra til Hans gjekk inn på denne vegen, noko som kan viser at kyra kjenner kvarandre og at det ikkje er tilfeldig kva kyr dei følgjer eller ikkje. Viktigare for poenget her er at kyra ikkje hadde følgt bjelleklangen til dei andre leiarkyra eller lokkeinga til den som gjekk foran, men at dei i følgje Uli likevel ikkje hadde gått inn på ein tilfeldig veg. Det som kunne synast som tilfeldig og irriterande for Anna som ikkje kjende historia på setra, var for Uli forståeleg. Kva som gjorde utslaget for at kyra gjekk inn på denne vegen kan ein ikkje vite, men at dei gjekk inn på nett denne vegen var i følgje Uli ikkje arbitrært. Kyra fortolkar ikkje berre teikna bonden gjer dei, men ei heil rekkje teikn som kan ha med topografi, landskap, klima eller bygningar å gjere.

Kyra gjekk som regel til riktig bås på setra eller på garden. Dei kom seg som regel tilbake til hytta om det vert torevêr eller viss flugene vart for innpåslitne, og dei heldt seg som regel vekke frå straumgjerde og piggtrådgjerde. Båsane i fjoset, endringar i lufta eller gjerdestolpar og piggtråd kan alle sjåast som teikn som kyra fortolkar indeksikalt. Arbeidet på ei seter og på ein gard ville vore langt vanskelegare, om ikkje umogleg, om kyra ikkje hadde hatt denne eigenskapen. Desse eigenskapane ved kyra var altså viktige i ei utilitaristisk og økonomisk tyding. Dette tydar ikkje at dei ikkje òg var viktige for tillitsrelasjonen som kan oppstå mellom bøndene og kyra. Som påpeika av Morris (1998:2-4), har eit skarpt skilje mellom ulike dimensjonar ført til at ein i antropologien har oversett diversiteten i vestlege tradisjonar. Økonomiske eller utilitaristiske og gjensidige relasjoner basert på kommunikasjon kan vere dimensjonar av éin og same relasjon. Kyra er domestiserte dyr, men dei kan likevel i utgangspunktet vere skeptiske til menneske, mjølkeagggregat eller båsar. Dei må altså vennast til å omgåast dette.

Opplæring av kviga Viola

Relasjonen mellom bonden Hans og ei kvige som nett har kalva viser korleis bonden lærer opp dyra sine. Opplæringa inneber både slåing og utskjelling, kosing og godsnakking. Bonden knyter systematisk visse handlingar frå kviga si side til visse lydar, berøringer og rørsle frå hans side, og lærar slik kvigene å stå stille under mjølkinga. Sagt annleis: bonden knyter systematisk det beteikna til teiknet, og kvigene lærar seg på denne måten å fortolke visse handlingar til visse responsar frå bonden si side. Dei knyter altså bondens handlingar indeksikalt til sparkling eller å stå stille.

Me er på garden, og Hans og eg har starta mjølkinga ein morgen. Hans starta med å mjølke kviga Viola medan eg byrja på ei av dei eldre kyra. Etter at Hans hadde hengt mjølkeapparatet på Viola, kom han ikkje over på mi side for å hjelpe meg med dei to mjølkapparata eg hadde. Eg synst dette var rart og var difor ekstra merksam på kva han dreiv med medan han venta på at mjølkeapparatet skulle verte ferdig. Etter at han hadde hengt på mjølkeapparatet på Viola, reiste han seg ikkje frå

mjølkestolen¹¹ på ei stund, men vart sitjande ved sida av Viola. Viola stod stift med hovudet rett fram. Hans syng eller småprata eller med ho, og dunka ho litt i sida. Etter litt reiste han seg, gjekk fram mot hovudet hennar, godsnakka med ho, dulta ho i sida og klappa ho på hovudet. Eg synst det såg ut som at Viola ikkje var særskilt komfortabel med dette, og ho haldt fram med å kikke stift rett fram. Så lenge Viola stod stille, heldt Hans fram med dette. Det hende derimot at Viola sparka, og at ho sparka av seg mjølkeapparatet. Då slo Hans ho med flat hand på ribbeina, og skjelte ho ut: *Du blödes Vieh du!* (Du, ditt dumme fe!). Då skvatt Viola til, og vart ståande enno stivare. Ei anna kvige, Beauty, brukte Hans mindre tid på enn Viola, og eg såg aldri at han klapsa til ho. Det var lenger sidan Beauty hadde kalva enn Viola, og eg såg aldri at Beauty sparka av seg mjølkeapparatet. Etterkvart som tida gjekk slutta òg Viola å sparke av seg mjølkeapparatet, og Hans brukte mindre og mindre tid på ho når han mjølker.

Hans vart verande ved kviga Viola medan ho vart mjølka i omlag ei veke etter at eg kom til garden. Etterkvart byrja Viola å stå stille under mjølkinga. Ho stod ikkje lenger stift, men stod og åt, tygde drøv eller snudde seg bakover mot den som mjølka og fekk då ein kos. Det hende at Hans òg vart verande ved eldre mjølkekyr enkelte mjølkingar, men eg såg aldri at han gjorde det så systematisk som med kvigene. Hans brukar altså mykje meir tid på kviga enn på dei andre mjølkekyra.

Kontakten mellom Hans og kviga starta lenge før Viola eventuelt sparka. Kva Hans gjer når Viola står stille og gjer slik ho skal seier like mykje om relasjonen som reaksjonen hans på sparklinga. Måten han forhaldt seg til ho når ho stod stille likna på korleis han forhaldt seg til St. Bernhardhunden deira, Ischka. Han pleidde å godsnakke med Ischka medan han klappa ho broderleg i sida eller tok tak i hovudet hennar og gjorde snute-mot-nese-risting. Når Viola stod stille under mjølkinga, kosa og godsnakka han med ho. Bonden knyter altså handlinga å stå stille frå kviga til stryking, klapping og rolege rørsler og stemmebruk. Om han berre hadde skjelt Viola ut og klapsa til ho når ho sparka av seg, kunne Viola assosiert bonden berre med dette. Slik bonden oppføra seg, vert derimot bonden forbunde med ulike praksisar kopla opp mot på eine sida å stå stille og på den andre sida å sparke. Sagt på ein annan måte: ved å systematisk knytte kuas handlingar til bondens reaksjonar, kommuniserer bonden indeksikalt til kviga at sparkling er forbunde med fysisk ubehag, skarp stemme og krasse rørsler, medan å stå stille er forbunde med roleg stemme, kosing og rolege rørsler. På denne måten kommuniserer han ikkje berre at det ikkje er greitt å sparke, men òg at Viola ikkje treng å vere skeptisk til han spesielt, menneske generelt og å verte mjølka.

Økonomiske, symbolske og tillitsfylte relasjonar

Mjølkekyr vert altså lært opp til korleis dei skal forhalde seg til bonden, mjølkinga og

¹¹Ein krakk bøndene festar med reim rundt livet når dei skal mjølke. Dei kan soleis sitje ved kyra utan å anstrengje bein og føter.

mjølkeaggregatet. Etter gjentekne mjølkingar med bonden, slutta kviga å sparke. Bonden agerer altså på handlingar kyra gjer, eller ikkje gjer, og venner slik kyra til å omgåast menneske og å verte mjølka. Dette gjeld ikkje berre i mjølkesituasjonen. Når bøndene slepp ut kalvane, er dei ekstra rolege og forsiktige overfor dei. Når bøndene jagar kviger til og frå fjoset, er dei ekstra forsiktige og rolege overfor dei. Fyrst etter lenger tid med tålmod og forsiktigheit byrjar både kalvane, kvigene og bøndene å forhalde seg annleis til kvarandre. Kalvane og kvigene vert etterkvart vande med menneske, og handlar meir slik bønder ønskjer. Dette sparar tid og har soleis eit klart økonomisk og utilitaristisk aspekt. Det same gjeld at kviga sluttar å sparke, då det kan øydeleggje kvaliteten på mjølka om kviga sparkar av seg og soleis ha negativ innverknad på økonomien. At kyra vert vande med bøndene er viktig for økonomien på garden. Samtidig vert det gjennom opplæringa av kyra etablert ein relasjon der kyra ikkje er skeptiske til bonden eller mjølkeaggregatet, og der bonden kan stole på at kyra gjer som han ønskjer.

Samhandlingane mellom bøndene og kyra kan sjåast i eit økonomisk og utilitaristisk lys, men dei kan samtidig sjåast i lys av symbolikk og tillitsfylte relasjonar. Å ha god mjølk og fine kyr er forbunde med prestisje, og kan kommuniserast til andre bønder mellom anna ved å henge bjeller på veggen. Dette kan seiast å skape eit insentiv mellom anna for at kyra skal gje god mjølk, noko som i tillegg gjer økonomisk vinst og soleis kan sjåast i eit utilitaristisk perspektiv. For at mjølka skal verte god, er bonden mellom anna avhengig av at kyra ikkje sparkar av seg mjølkeaggregatet. Dette vert gjort gjennom å venne kyra til bonden. Dette gjer det daglege arbeidet på garden lettare, som har eit klart økonomisk aspekt. Samtidig kan det ikkje skiljast frå relasjonen som vert etablert mellom bonden og kua.

Bonden sitert i byrjinga av kapittelet meinte at arbeidet var mykje lettare utan tvang, og at han ville kommunisere med kyra. Praksisane eg har skildra visar at kyra kan lære, at dei har eit minne som går over lenger tid, og at dei kan kommuniserast med. Desse eigenskapane til kyra gjer at dei daglege praksisane på garden er enklare å utføre. Hans ville at Viola skulle stå stille under mjølkinga, noko ho òg gjorde etterkvart. Det hende likevel at mjølkekyr spaska av seg mjølkeaggregatet under mjølkinga. Praksisar utført under mjølkinga, og uføreseielege aspekt ved mjølkinga er tema for neste kapittel.

4. Mjølking

Bønder kommuniserar med kyra med bakgrunn i lydar, berøring og rørsler. På den måten gjer dei kyra vande med menneske, noko som mellom anna er viktig under mjølkinga. Når ein kjem inn i eit fjos i Grindelwald og kikkar på ein bonde som mjølkar, ser ein at bonden set seg på mjølkekrakken attmed kua, vaskar spenane, ventar litt, og set på mjølkeaggregatet. Det går ei stund, så kjem han tilbake att, heng av mjølkeaggregatet, mjølkar litt ut med hendene, tek med seg mjølkemaskinen og går vidare til neste ku. Dette gjer han om att og om att til alle kyra er mjølka. Mjølking kan sjåast som ein slik sekvens. Eit trena auge vil kunne leggje merke til langt fleire aspekt enn som så. Bonden masserer juret, han småpratar med kyra, og han lener hovudet i lysken deira. Alle desse praksisane er òg ein del av mjølkinga.

Bøndene forheld seg kvar dag til uføreseielege eller uvanlege aspekt ved gardsdrifta. Dette kapittelet handlar om det uføreseielege ved kyra. Mjølkekyra kan få jurbetennelse, problem med klovane eller dei kan sparke av seg mjølkeaggregatet. I slike situasjonar vart det tydeleg at erfaringar og moralitetar spelar ei viktig rolle for bøndenes relasjonar til kyra.

Erfaringa med å vere merksam på det uføreseielege

Å vere merksam på det uføreseielege er ein ferdighet (*skill*) (Ingold 2000). Ingold argumenterer for at kulturell variasjon først og fremst består av variasjonar i ferdigheiter. Ferdigheiter er inkorporert i menneske gjennom praksis og trening i eit miljø (Ingold 2000). Ei tilnærming til kultur må soleis gjere reie for ulike ferdigheiter, og dette kan berre gjerast gjennom å situere menneske i kontekstane og miljøa dei er ein del av. Grasseni (2004) fann det naudsynt blant fjellbønder i Italia å lære seg korleis bøndene og avlsekspertar såg på kyr. Grasseni argumenterer for at synet, på lik linje med andre sanser, er ein sans som kan trenast opp og kroppsleggjerast gjennom praksis. For ho var det viktig å forstå korleis avlsekspertane såg på kyr, for å kunne forstå verdssynet deira (Grasseni 2004). Gjennom at eg både deltok i og observerte praksisane til bøndene og kyra, vart det mogleg å ta del i ein spesiell måte å forhalde seg til kyr på: gjennom å vere merksam på det uføreseielege ved dei. Dette er ei kroppsleggjort ferdighet bøndene tek i bruk i møte med kyra sine. Denne er basert på ulike sanseerfaringar og er ofte taus kunnskap.

Harris (2007) og Marchand (2010) legg vekt på at antropologar tileigner seg den tause kunnskapen til menneske ein studerer. Forståing av kunnskap er avhengig av å innlemme seg i praksisane der denne kunnskapen vert teken i bruk (Harris 2007; Marchand 2010; Ingold 2007). Dette kan gjerast mellom anna ved å gå inn i ei lærlingerolle (*apprenticeship*) (Marchand 2010). Noko av det ein

lærer er kroppsleggjort og taus kunnskap, og det er vår oppgåve som antropologar å setje dette inn i eit felles rammeverk som gjer det mogleg å vidareformidle denne kunnskapen (Harris 2007).

Kunnskapen bøndene tek i bruk er altså mellom anna basert på sanseerfaringar. Dette er ein taus kunnskap som det kan vere vanskeleg å setje ord på, og svara eg fekk når eg spurde om desse, var for meg ikkje meiningsfulle før eg sjølv hadde erfaring frå dei ulike praksisane. Skildringane er difor basert på at eg har delteke i dei praksisane eg har søkt å forstå. Gjennom detaljerte skildringar av praksisar på garden og kunnskapen som vert teken i bruk i desse praksisane visar eg at bøndene prøver å kontrollere det uføreseielege gjennom å vere merksame på kyra sine.

Å vere var på det uføreseielege

Med bakgrunn i eit feltarbeid på ein diabetesklinik i Nederland, skapar Mol (2008) eit språk for det ho kallar ein omsorgslogikk. Omgrep Mol tek i bruk vert vert ikkje definert klart. Dette er i tråd med ein trend i antropologien der ein unngår å definere omgrep for å oppretthalde noko av tvetydigheita ved meininga til omgrep (Henare et.al. 2007). Innan omsorgslogikken går praksisar ut på å forhandle eller balansere innan ei uføreseieleg verd som ein anerkjenner at ikkje kan kontrollerast. Omsorgspraksisane går ut på å forhandle eller balansere (*tinker*) mellom ulike goder eller onder for å forhalde seg til det uføreseielege med best mogleg resultat (Mol 2008). Dette gjer bønder og senner gjennom å vere spesielt merksame på kyra og samtidig kunne tilpasse seg enkeltsituasjonar og alle faktorane som spelar ein rolle i desse situasjonane. Det er i følgje Mol ikkje mogleg å kontrollere uføreseielege sjukdommar, eller andre uføreseielege sosiale, teknologiske eller praktiske faktorar. Den beste måten å forhalde seg til det uføreseielege på er gjennom å prøve å oppnå eit best mogleg resultat (Mol 2008).

Fokuset på det uføreseielege og korleis folk tilnærmar seg dette, resonnerer med korleis bøndene i Grindelwald forhaldt seg til dei ulike kyra sine gjennom å vere spesielt merksame på uføreseielege hendingar. Dette er ein ferdighet basert på sanselege, kroppslege erfaringar. Likevel gjer andre aspekt ved Mols teoretiske perspektiv det vanskeleg å skildre relasjonane mellom bøndene og kyra tilfredsstilande. Det gjeld spesielt at ho utelèt erfaring og kontroll.

Mol skriv innan eit perspektiv basert på aktør-nettverk teori (ANT) der legar, sjukepleiarar, pasientar, maskinar og nåler er aktørar som står i nettverksrelasjonar til kvarandre. Med eit ANT perspektiv kan det vere vanskeleg å analysere ting som ikkje kjem til direkte uttrykk i praksis, som erfaring og moralitetar. "Everything happens only once, and at one place", skriv Latour (1988:162), og det som kjem før praksis, kan ikkje vere del av analysane. Omgrepet agens er spesielt viktig i denne samanhengen. Agens har tradisjonelt i antropologien vore forstått som intensjon. Innan eit ANT-perspektiv er det ikkje mogleg å studere intensjon. Agens vert omdefinert til ting som har ein

effekt (eller *mediatorar*, Latour 2005:39). Alle ting som gjer ein skilnad i eit hendingsforløp kan sjåast som aktørar, til dømes kyr, mjølkeaggregat og halm. Det er berre mogleg å studere effektar ein kan observere, og desse effektane vil alltid vere produktet av ei heil rekkje aktørar som er forbunde til kvarandre i nettverk. Det er desse nettverka av ulike aktørar som til saman skaper effektar og soleis produserer situasjonar, ting, vitskaplege data og menneske-dyr-relasjonar (Latour 2005). Oppgåva til antropologar vert dimed å følgje desse nettverka. Ved å følgje eit slikt perspektiv rigid, ville det vore vanskeleg å studere noko av det eg opplevde som viktigast i relasjonane mellom bøndene og kyra: måtane bøndene prøvde å kontrollere kyra på, erfaringa bøndene handlar ut i frå i relasjonane til kyra, samt rolla moralitetar har i relasjonane. Mol har eit viktig poeng fordi ho tek omsyn til det uføreseielege i sine analysar. Ei analyse basert utelukkande på eit ANT-perspektiv meiner eg likevel ville ha forenkla forståinga av praksisane og relasjonane mellom bønder og kyr i Grindelwald.

Risan (2014) hevdar at mykje av ANT-litteraturen byggjer argumentasjonen rundt det han kallar retoriske utsider eller fiender, slik til dømes Latour (2005) har gjort Durkheim si forståing av eit samfunn til emblem for ein heil sosiologisk tradisjon. Det same kan seiast å gjelde for Mol (2008). Den retoriske fienden Mol skaper til omsorgslogikken er valslogikken som omfattar idealet om separate, frie individ som kan vele sjølve. Praksisar som førar til at individet ikkje kan velje sjølve er innan valslogikken basert på makt og er moralsk uakseptable. I tillegg inneber valslogikken ei tru på ei kontrollerbar verd der uføreseielege hendingar ikkje oppstår. Denne retoriske utsida er ei forenkla framstilling av vestlege forståingar av kontroll, makt, og det frie individet, og fungerer i opposisjon til omsorgslogikken. Opposisjonen til valslogikken er omsorgslogikken, som er eit retorisk verkemiddel for å skape eit språk for omsorgspraksisar. Omsorg er å handle utan å prøve å kontrollere (Mol 2008). Med dette perspektivet er det ikkje mogleg å snakke om kontroll. For bønder er det ikkje bare viktig med kontroll over dyra for å kunne hanskess med dei, men òg for omdømet som god bonde. Perspektivet til Mol har vorte overført på relasjonar mellom bønder og kyr i England. Omsorgspraksisane til bøndene er i denne samanhengen avhengig av kjennskap til dei individuelle kyra og kroppsleggjort kunnskap gjennom årelang praksis. Dette gjer at bonden kan respondere på måtar som er best for dei enkelte kyra i dei spesifikke situasjonane (Singleton 2010). Dette resonnerer med bøndene i Grindelwald sine praksisar med kyra, sjølv om dei ikkje nødvendigvis alltid gjer det dei meiner er best for kua, og kva som vert forstått som det beste for kua kan variere frå bonde til bonde. Singleton hevdar at bøndene set pris på at "ting" gjer deira eigne "ting" (2010: 242), som når ei naboku ei natt rømde og ein bonde slapp ho inn på hans beiteområde så ho ikkje skulle få gå fritt ute. Kua vart altså sperra inne att, og det vert ikkje kommentert på om nabobonden som eigde kua og må hente ho dagen etterpå set pris på at ho stakk

av. Singleton skildrar gjerder, kjepper og innhegningar, men hevdar likevel at alle forsøk på kontroll på garden var effektar av eit sporingssystem, som vart innført nokre år i forvegen (Singleton 2010). Å overføre perspektivet til Mol på denne måten til relasjonar mellom bønder og kyr, meiner eg kan forenkle og tilsløre viktige aspekt ved dei kvardagslege praksisane på ein gard.

Perspektiv på relasjonar mellom bønder og kyr meiner eg må kunne gjere reie for ulike former for kontroll i analysane. Kontroll refererer til situasjonar der spesielt kyr, men òg bakterietilvekst, beitebruk eller grisene si graving i jorda vert *forsøkt* kontrollert. Bønder i Grindelwald var fullt klare over at dei ikkje hadde full kontroll over kyr, bakteriar eller mjølkeaggregat. Eg meiner likevel at bøndene, gjennom å vere merksame på det uføreseielege, til ein viss grad hadde god kontroll. Gjennom å opne for at bønder prøver å kontrollere kyra sine, vert det i neste omgang mogleg å setje lys på *ulike måtar* å forsøke å kontrollere på. Moralitetar knytt til ulike former for kontroll kom til uttrykk i felten mellom anna grunna mi erfaring med kyr heimefrå. Ulike situasjonar viste at det i Grindelwald fanst former for kontrollbruk som ikkje var allment aksepterte.

Eg startar kapittelet med å fokusere på korleis bønder og senner tek i bruk kjenslesansen når dei mjølkar, mellom anna for å oppdage og førebyggje jurbetennelse. Mjølkinga inneber å vere var på nyansar i jura. Deretter skildrar eg korleis ein bonde reagerte på ulike former for kontrollbruk eg introduserte, og korleis han prøvde å kontrollere kyra på andre måtar. Med dette viser eg at moralitetar spelar ei viktig rolle for korleis bøndene prøver å kontrollere det uføreseielege. Både ferdigheitar og moralitetar er essensielle for korleis bønder forheld seg til kyra.

Sanseerfaring - å mjølke ut

Kunnskapen bøndene tek i bruk når dei mjølker kyr i Grindelwald byggjar mellom anna på sanseleg, taus kunnskap. Under opphaldet mitt i Grindelwald møtte eg ingen bønder som ikkje mjølka utan mjølkemaskinar. Bøndene eg snakka med hjalp likevel kyra gjennom "å mjølke ut", det vil seie å få ut den siste mjølka frå juret. Bøndene eg var i kontakt med i Grindelwald gjorde dette hovudsakleg på ein av to måter. Nokre likte å mjølke ut for hand etter at dei hadde hengt av mjølkeaggregatet. Ved å dra i spenane samtidig som ein masserte juret med den andre handa, mjølka ein ut i ei bøtte, og ga mjølka til kalvane. Andre likte å mjølke ut med hjelp av mjølkeaggregatet. Ved å trykke på mjølkeaggregatet slik at det vart litt strekk i spenane, og samtidig massere juret, kunne det kome meir mjølk frå juret. Felles for både metodane er at bøndene masserte juret. På spørsmål om kvifor dei mjølka ut kyra, var svaret at ein ville hindre jurbetennelse. Samtidig skulle ein ikkje mjølke ut for ofte, då dette kunne ha ein negativ innverknad på lang sikt på jurets fysikk. Det er ei utbreidd forståing blant bøndene i Grindelwald at mjølketeknikk kan ha både kortsiktig og langsiktig innverknad på jurhelse og jurets fysikk. God mjølketeknikk var å kunne balansere mellom desse

kortsiktige og langsiktige omsyna.

Å mjølke ut, men ikkje alltid

Bøndene meinte ein måtte ta omsyn til dei langsiktige innverknadane av å mjølke ut kyra. For mykje utmjølking kunne føre til at kyra vart vanskelegare å mjølke. Dei fleste kyra i Grindelwald er Simmental-kyr med innslag av Red Holstein. Red Holstein er kjende for å vere enklare å mjølke enn Simmental-kyr fordi dei var avla for å gje mykje mjølk, medan Simmental er ei blandingsku¹². Rase var likevel ikkje det einaste som hadde innverknad på mjølkinga. I løpet av opphaldet mitt i Grindelwald spurde eg fleire bønder om dei mjølka ut alle kyra deira eller ikkje, noko dei fleste svarde negativt på. Ifølgje bøndene trengde dei yngre kyra ikkje utmjølking. "Viss ei av kyra mine allereie i fyrste laktasjon¹³ treng hjelp til å mjølkast ut, då.." sa Hans ein gong og drog høgre peikefinger over halsen sin. Hans meinte altså at det ikkje var noko vits i å behalde ei ku som frå fyrste stund trengde hjelp til å få ut mjølka. Ei eldre ku derimot kunne trenge ekstra hjelp til å verte mjølka ut, som Karl ein gong påpeika medan eg på setra mjølka ut ei av dei eldre kyra til Hans: "Ja, ho er vel i fjerde eller femte laktasjon ho der? Då er det jo greit å måtte hjelpe til litt". Ei ung ku skal gje ut det meste av mjølka av seg sjølve, medan ei eldre ku etter fleire laktasjonsperiodar kan få litt hjelp med å få ut all mjølka. Rase og alder har altså ifølgje bøndene innverknad på korleis kyra mjølkar ut. Samtidig er det ei utbreidd oppfatning blant mjølkebøndene i Grindelwald at mjølketeknikk kan ha ei direkte langsiktig innverknad på jurets fysikk. Om ein hjelper til når det ikkje er nødvendig å hjelpe til, kan dette gjere at kyra seinare vert vanskeleg å mjølke.

Dei fire kyra til ein bonde på setra, Jonas, utmerka seg ved at dei mjølka veldig sakte. Sennen Uli byrja frå fyrste dagen å klage på kyra til Jonas. Når me var ferdige med å mjølke alle dei trettifire kyra, som ikkje tilhøyrd Jonas, var me akkurat òg ferdige med hans fire kyr. Etter nokre veker på setra, tok Uli tida på ei av kyra til Jonas under mjølkinga, og fortalte ein annan senn, Daniel, om resultatet: Det hadde tatt atten minutt på å mjølke kua Agnes, og ho var berre i andre laktasjon. Daniel kommenterte tørt at "han der", altså Jonas, ikkje kunne mjølke. Uli og Daniel fortalte meg at grunnen til at kyra til Jonas var så treige, truleg var at Jonas måtte ha hjelpe for mykje til med utmjølkinga allereie i fyrste laktasjon. Difor hadde han no kyr som måtte ha mykje hjelp til å gje frå seg mjølka. Kona til ein av bøndene høyrd om dette, og fortalte meg og Anna ein dag at dei òg hadde hatt slike kyr før. For eit par år sidan hadde ho sagt ifrå til mannen, som var den som vanlegvis mjølka heime sjå dei: "Så, no vert det ikkje mjølka ut lenger! Du skal ikkje røre dei aggregata meir enn nødvendig, og når kua er ferdig skal aggregatet av og til ei ny ku. Ferdig!"

¹²I Sveits vert Simmentalrasen brukt både for å produsere mjølk og kjøt. I dei fleste andre land vert han brukt utelukkande for kjøtproduksjon.

¹³Kyra gjer mjølk etter dei har kalva, og laktasjonsperiode visar til kor mange gonger kyra har kalva. Fyrste laktasjonsperiode er etter at kviga har kalva fyrste gongen.

Mannen hadde hørt på ho, og når den nye generasjonen kyr hadde vakse opp, brukte mannen merkbart mindre tid i fjoset¹⁴. Uli kunne bekrefte dette, han kunne merke på kyra kva år bonden hadde slutta å mjølke ut alle kyra. Dei eldre kyra brukte merkbart lengre tid enn dei yngre.

Mjølketeknikken til bøndene kunne altså ha direkte innverknad på korleis kyra gjer mjølk. For å unngå at ein seinare må bruke unødvendig lang tid på mjølkinga, var det viktig å ikkje hjelpe for mykje til med utmjølkinga. Dette peikar òg på eit anna poeng: at kyra på setra vert samanlikna med kvarandre, og at ulikskapar mellom besetningane ofte vert tilskrivne bonden. I dette tilfellet var det mjølketeknikken til Jonas som ifølgje Stefan og Daniel ikkje haldt mål. I andre tilfelle kan lynnet vere eit resultat av bonden, som når sennen Réne påpeikar at kyra frå eit lausdriftfjos faktisk var lettare å ha med å gjere enn resten, noko han meinte tydde på at bonden var flink med dyra. At ei besetning hadde gode klover, kunne vere eit resultat av at bonden tok seg råd til klovemann to gonger i året i staden for berre ein gong. Dette kunne òg ha innverknad på kor langt kyra gjekk for å finne godt gras. Nokre besetningar gjekk langt, medan andre haldt seg i nærleiken av hytta. Når dette ikkje kunne forklarast med ulik rasesamansetjing, kunne det forklarast med gode klover og godt fôr om vinteren, som hadde gjort kyra robuste. Nokre gonger vart altså ulikskapar forklart med ulik rasesamansetjing i genane til kyra, men som oftast kunne ikkje dette forklare ulikskapen. I slike tilfelle vart ulikskapen ofte tillagt bøndene som eigde kyra. Samanlikningar som dette var ofte eit samtaleemne sennene imellom. At bøndene sende kyr til seters, at dei ikkje stelte dei sjølve der, og at deira besetningar var ilag med fleire andre besetningar, kan seiast å fungere som ein slags sosial kontroll. Med bakgrunn i samanlikningar mellom ulike besetningar, kunne sennene påpeike område der dei ulike bøndene var gode eller därlege.

Mange av bøndene meinte altså at ein ikkje skulle mjølke ut kyra for mykje for å unngå å måtte bruke lang tid på dei seinare. Samtidig er utmjølking viktig for å unngå jurbetennelse. I eit mjølcefjos får kyra relativt hyppig jurbetennelse. På setra ga me til dømes kyra antibiotika fire gonger i løpet av sommaren. Jurbetennelse er vanskeleg å kontrollere, og sjølv om det førekjem relativt hyppig, er det uføreseieleg i form av at ein aldri veit når ei ku kan få det. Mjølk som ikkje vert mjølka ut, men verande i juret kan vere årsaka til jurbetennelse. Ved kvar mjølking bør ein altså kjenne etter om kvar enkelt ku har mjølka ut godt eller ikkje. Ein som er god til å mjølke bør i tillegg kunne oppdage jurbetennelse eller därleg mjølk på eit tidleg tidspunkt. Dette kan ein oppdage på ulike måtar, men å kjenne det sjølve på juret er måten bonden kan oppdage betennelsen tidlegast på. Jo tidlegare bonden merker teikn på jurbetennelse, jo betre kan han setje inn tiltak. Ved å kjenne etter på jura kan ein oppdage jurbetennelse tidleg. Bøndene er ved kvar mjølking merksame på jurbetennelse, og prøver gjennom dette å førebygge eller oppdage jurbetennelse slik at

¹⁴Eit anna poeng ved dette er at det her, i følgje kona, er ho som har bestemt korleis bonden skal mjølke.

dei kan unngå eller behandle det.

Samtidig veit bøndene at å mjølke for mykje ut kan føre til at mjølkinga tek lenger tid. Denne kombinasjonen av omsyn til jurbetennelse på eine sida, og omsyn til mjølketid på andre sida, gjer at bøndene må balansere mellom å mjølke ut og å ikkje mjølke ut for mykje, samtidig som dei må vere merksame på jurbetennelse. I denne samanhengen er det essensielt å kjenne nyansane i eit jur. I byrjinga av opphaldet mitt i Grindelwald spurde eg fleire bønder korleis dei visste kva kyr dei skulle mjølke ut og ikkje. Dei fleste meinte at det var noko ein berre kjende. Hans sa til dømes til meg, når eg spurde kvifor han ikkje bruker mjølkekopp¹⁵, at "ein god mjølkar treng ikkje mjølkekopp, han kjenner viss det er noko gale med juret". Då eg spurde korleis han kjende det, svarte han "det kjenner du berre". Eg prøvde å kjenne etter og "å berre kjenne det", men synst ikkje eg kjende noko og var veldig usikker på mjølkinga. Eg spurde om å få kjenne på jura til kyr som hadde jurbetennelse og eg kjende på jura til kyra etter eg hadde mjølka, og etterkvart kjende eg nyansar i korleis jura kjendest ut. Mot slutten av setersommaren kunne eg i større grad kjenne om ei ku hadde gitt ut nok mjølk eller ikkje, eller om ho hadde tendensar til jurbetennelse eller ikkje.

Kjensla av eit jur

Eit gjennomsnittleg jur kan før mjølking kjennast som ein varm ballong med tjukt skinn som er godt fylt med luft. Etter at juret er mjølka ut kan det kjennast som ein varm, tom skinnpose som det framleis er litt hold i, og som har centimetertjukke vegger. Ein kan altså kjenne skilnad på om jura nyleg har vore mjølka eller ikkje. Ein kan òg kjenne om kyra har gitt ut mjølka - ved å massere juret etter mjølkinga kan ein kjenne om juret er tømt eller ikkje. Om det er att mjølk i eit jur vil dette ikkje gje kjensla av ein tom skinnpose, men av ein tjukk skinnpose med hold i som er fylt med litt mjølk. Ein kan òg kjenne skilnad på jura til unge og eldre kyr. Juret til ei ung ku vil vere mykje fastare enn til ei gammal ku. Ein kan kjenne skilnad på ei ku som er tidleg i laktasjonsperioden og ei som er seint i laktasjonsperioden. Ei ku tidleg i denne perioden vil ha mykje hardare jur enn ei ku seint i perioden. Når bøndene kjenner på juret til ei ku for å fastsetje om kua har gitt ut all mjølka eller ikkje, kjenner dei ikkje etter om juret har den gjennomsnittlege kjensla av eit utmjølka jur. Dei kjenner på den spesifikke kua sitt jur, som kan vere hardt eller mjukt, slapt eller fast, og avgjer med bakgrunn i alle dei andre gongene dei har mjølka akkurat den kua om kua faktisk har gitt ut nok mjølk eller ikkje. Erfaring skapar ei førestilling om ein normalitet som fungerer som samanlikningsgrunnlag for å kunne vere merksam på ting som viker frå normalen.

Kjensla av jurbetennelse

Kyr som er på veg til å utvikle jurbetennelse har jur som kjennest annleis ut enn vanleg. Då eg

¹⁵Ein kopp bøndene mjølkar eit par sprut frå kvar spene i, for å sjå på farge og konsistens på mjølka.

spurde korleis ein kjenner at kyra har jurbetennelse, påpeikte bøndene at ein måtte kjenne godt etter på juret etter mjølkinga, men omtalte kjensla av jurbetennelse berre som "annleis enn til vanleg". Nokre sa òg at juret kunne kjennest hardare enn til vanleg. Dei individuelle jura kjennest ulike, samtidig som jura endrar seg over tid, både med tanke på alder og med tanke på når i laktasjonsperioden dei er. For å kunne kjenne dette må ein vite korleis dei enkelte jura kjennest. Nokre jur kan vere harde, medan andre kan vere slappare. Nokre kan ha harde klumper i juret frå gamle skader. Andre har tre kammer som kjennest vanlege ut, medan det siste er hardt. To jur kjennest aldri like ut. Ein må altså ha erfaring med korleis det individuelle juret kjennest til vanleg, for så å kunne seie om juret er tomt for mjølk eller om det må mjølkast ut, eller om det har tendensar til jurbetennelse. Men det er òg andre aspekt enn erfaringa med mjølking som spelar inn på korleis bøndene eller sennen mjølkar ut kyra.

På setra vart det tydeleg at bøndene og sennene kunne ha ulike prioriteringar når det gjaldt balansen mellom å mjølke ut eller ikkje å mjølke ut. Sennen Anna hadde ansvaret for dei elleve kyra til ein bonde, Beat. Anna hadde ikkje mykje erfaring frå mjølking, og dei fyrste fire-fem mjølkingane i byrjinga av setersommaren var Beat med og viste Anna korleis det skulle gjerast. Etter fyrste mjølkekontrollen på setra hadde Uli og Anna diskutert at celletala¹⁶ til kyra hennar var litt høge. Eitt av temaa dei då diskuterte var korleis Beat meinte Anna skulle mjølke. Beat hadde fortald Anna at ho når ho skulle mjølke ut berre skulle trykke kort med mjølkeaggregatet, og deretter ta av aggregatet utan å mjølke meir ut. Uli meinte at Anna kunne la aggregatet henge litt lenger, samt mjølke ut betre etterpå. Etter litt fram og tilbake vart Uli og Anna einige om at ho skulle prøve å mjølke slik til neste kontroll, og sjå om det hjalp. Neste kontroll hadde vist at celletala hadde gått ned, noko som kunne tyde på at endringa i mjølketeknikken hadde fungert.

Skilnaden på Beat og Anna og Uli sine prioriteringar, meiner eg kan forklarast med ulik status. Sennene produserer fleire tonn ost i løpet av sommaren. Mot slutten av sommaren kjem det ostekontrollørar til setra. Dei testarosten og set poeng på han. Sjølv om både sennene og bøndene gjer uttrykk for at kontrollane kan vere tilfeldige og ikkje kan stolast på hundre prosent, vert alle stolte om ostane får høgste poengsum. Omosten vert god eller ikkje er ein vesentleg del av det som avgjer om ein senn er ein god senn. Ost som vert ysta av därleg mjølk har større sjanse for å ikkje verte god enn ost som vert ysta av god mjølk. Høge celletal er teikn på därleg mjølk, og det er difor viktig å halde dei nede. Sennen vert òg vurdert ut i frå om kyra er sunne og friske gjennom

¹⁶Bøndene har éin gong i månaden mjølkekontroll. Då sender dei omlag ein halv desiliter mjølk frå kvar ku til eit laboratorium, som kontrollerer mjølka. Celletal referer til kor mange celler mjølka inneheldt. Er talet på celler høge (over 150 000), kan dette tyde på därleg mjølk. Sennene kan sjekke celletala til kyra på internett. Tala går langt tilbake i tid, og sennene kan dimed òg sjekke korleis celletala til kyra har vore om vintaren medan kyra var på gardane nede i dalen.

sommaren. Høge tal på celletalprøvene visar til mjølk med mykje bakteriar, og kan vere eit teikn på ein dårleg mjølkar. Både sennene og bonden som eig kyra har tilgang på celletalprøvene. Sennens prestisje, både som ystar og som mjølkar, kan altså vere avhengig av at han held celletala låge. Det kan difor vere viktig for han å mjølke kyra godt ut. Bøndene på andre sida, kan vere opptekne av andre effektar av utmjølking. Beat påpeikte overfor Anna at ho ikkje måtte mjølke ut kyra unødvendig. Ein gong to yngre kyr eg pleidde å mjølke hadde litt for høge celletal, påpeikte bonden Hans at eg skulle halde fram slik eg hadde gjort til no og ikkje byrje å mjølke ut noko særleg. Det kan tenkjast at Beat og Hans, som eigarar av kyra, i større grad tenkjer på den langsiktige verknaden av utmjølking av kyra, medan sennene i større grad tenkjar på prestisjen deira som senn. Anna var ny på setra, men Uli var erfaren og visste at for mykje utmjølking kunne føre til at kyra mjølka sakta. Likevel ga han Anna råd om å mjølke ut meir enn det Beat ville ho skulle gjere. Bøndene og sennene balanserer både mellom kortsiktige og langsiktige effektar når dei mjølkar, men ulike statusar kan gje divergerande syn på kva som er det beste gode. I dette tilfellet var det Anna som mjølka kyra, og som difor kunne bestemme korleis kyra skulle mjølkast.

Bøndene og sennene balanserer altså ulike effektar av utmjølkinga, som kan kome i konflikt til kvarandre: gode celletal eller kyr som mjølker ut sjølve og jurbetennelse eller kyr som treng lang tid på mjølkinga. Ein god mjølkar er sensitiv til nyansane i jura for å oppdage jurbetennelse på eit tidleg tidspunkt, samtidig som han balanserer mellom kortsiktige og langsiktige effektar av å mjølke ut. Ulike statusar kan derimot gje ulike syn på kva som er den beste balansen. Det beste gode kan altså i ein og same situasjon verte definert ulikt ut ifrå status. Den ulike statusen til sennene og bøndene gjer altså at dei påverkar jura i ulik retning. Bøndene set høgast verdi på å ikkje påverke mjølkestraumen til kyra slik at det ikkje skal ta for lang tid å mjølke dei; medan sennene legg høgast verdi i å kontrollere jurbetennelsen og celletala i mjølka slik at dei sjølve kan verte sett som gode senner.

Bønder og senner er altså merksame på nyansar og endringar i jura, og balanserer ut frå dette mellom kortsiktige og langsiktige gode og dårlege effektar av utmjølkinga. Synet på kva som er godt og dårleg kan variere etter status. Å vere var på det uføreseielege er i dette tilfellet basert på tidlegare erfaring med å mjølke, og er i stor grad avhengig av kjenslesansen. Denne ferdigheita begrensar seg likevel ikkje berre til merksemda mot jur. Ei situasjon der ei ku sparka viser at denne ferdigheita er essensiell for utfallet av enkeltsituasjonar. På same måten som status spelte ei rolle for kva som vert forstått som den beste balansen av utmjølkinga, kan ulike moralitetar spele ei rolle for *korleis* bøndene prøver å kontrollere kyra sine. Det følgjande er basert på ei samanlikning av jærske og grindelwaldske moralitetar. Moralitetar kan gjere det meir nødvendig å vere merksam på det uføreseielege, og spelar difor ei viktig rolle for etableringa av denne ferdigheita.

Kua som sparka

Ein kveld mot slutten av mars hadde eg akkurat gjort kua Bonita klar til mjølking og hengt mjølkeaggregatet på ho. Hans hadde hengt mjølkeaggregatet på ei anna ku, Lotti, og var no i gang med å vaske juret til neste ku, Adonia. Medan eg venta på at Bonita skulle verte ferdig mjølka, ho var alltid mykje raskare enn Lotti, kikka eg på Hans medan han gjorde klar Adonia. Hans sat tett inntil henne på mjølkekraakken sin, som han hadde festa rundt livet. Han nynna litt, og var med vaskekuten i den eine handa i full gang med å vaske ei av spenane til Adonia, medan den andre handa kvilte på baklåret hennar. Mjølkeaggregatet hang over kneet hans, klar til bruk. Han hadde på seg ei lue, slik som så og seie alle bøndene i Grindelwald har på seg når dei mjølkar¹⁷, og kvilte framhovudet inni lysken til Adonia. Nokre dagar tidlegare hadde eg fortald Hans om sparkejern som eg var vand med frå garden heime. Sparkejern er ein jernbøyle med rund krok i både ender. Denne vert huka fast i lysken og festa oppå ryggraden til kua, slik at ho ikkje skal kunne sparke. Hans hadde sett på meg. "Brukte de sparkejern?! Det kjem eg aldri til å bruke på kyra mine! Nei, dei må få lov å røre seg," sa han og såg forundra på meg medan han rista på hovudet og grein på nasen, "me brukar hovudet i staden, det er mykje betre! Også kjenner du om det rykker i kyra, då kan det hende dei sparkar".

Reaksjonen til Hans tydar på at han fann bruken av sparkejern moralsk uakseptabel. Hans meiner sparkejern er eit verktøy som innskrenkar moglegheitene for rørsle for kyra meir enn nødvendig, og han ville aldri bruke det på sine kyr. Dette gjaldt òg på setra. Ei av kyra hadde fått ein skade på juret, og sparka kraftig når Uli mjølka ho. Bonden som eigde kua var oppom setra og spurde Uli forsiktig om han skulle ta med eit sparkejern neste gong. Uli sa høfleg at han ikkje synst det var nødvendig, men sa seinare til oss at han synst ikkje noko om at ein bonde eingong eigde sparkejern. Heime på Jæren var det ingenting i vegen for å bruke sparkejern på kyra, og Risan (2003) sitt studie av jærske bønder viser utbredd bruk av sparkejern på Jæren. Det fanst òg andre triks eller verkemiddel me tok i bruk på garden heime, som bøndene i Grindelwald reagerte på. Dei fyrste gongene me slapp ut kalvane på beite om våren, var det vanskeleg å få dei til å gå inn att i fjoset. Spesielt vanskeleg var det å få dei til å gå gjennom døra. Ein dag i Grindelwald skulle eg få ein kalv som stod med hovudet inn i døra til å gå inn. Eg brukte eit triks eg hadde lært heime og tok tak i halen til kalven og vrei han oppover. Då hoppa han inn i fjoset med ein gong. Dette fungerer både på kalvar og på store kyr, fordi det er ubehageleg for dyra. Bonden stoppa opp, nølte, men bestemte seg og sa at han ikkje synst noko om det eg nett hadde gjort. Kalven hadde vore ute, fortalte han meg, og måtte venne seg

17Dette var i følgje ein bonde fordi dei lente hovudet inn mot lysken til kyra når dei mjølka dei. Med lue unngjekk dei å skitne til håret. Eg såg mange bønder som hadde på seg denne lua når dei ikkje var på garden òg, så dette kan ikkje ha vore den einaste grunnen.

til lyset for å kunne sjå noko inne i fjoset¹⁸, og uansett ville han ikkje at dyra hans skulle behandlast på den måten.

Risan har skildra både bruken av sparkejern og av haletrikset på gardar på Jæren, i tillegg til kviger som må "så og si, bindes og bastes" (Risan 2003:38), og refererer til dette som situasjonar der "kyrne var aktivt med i produksjonen av tvangssituasjonenes makt" ved å vere gjenstridige (2003:39). Risan skriv innan eit ANT-perspektiv¹⁹. Med det same perspektivet på mitt materiale, kan det seiast at kalven som ikkje ville gå inn i fjoset var aktivt med i produksjonen av min bruk av haletrikset. Like mykje med i denne produksjonen var min oppvekst på ein gard på Jæren, og reaksjonane me hadde til kyra der. Reaksjonen til bonden på haletrikset mitt produserte ei flau kjensle i meg, og eg gjorde aldri haletrikset igjen. Neste gong kalven ikkje ville gå inn i fjoset, stod eg tålmodig og venta på at han skulle venne seg til lyset, og knuffa litt i han når eg synst han hadde stått lenge nok. Kalven si handling var akkurat den same, men eg hadde fått eit innblikk i bondens moralitet overfor kyra, hadde kjent på ei moralsk skuldkjensle, og reagerte difor ikkje på same måten overfor kalven. Dyra sine handlingar er viktige for korleis me reagerer overfor dei, og er delaktige i produksjonen av reaksjonane våre. Moralitetar former likevel korleis ein reagerer overfor dyra. Desse aspekta vert det vanskeleg å studere med eit ANT-perspektiv. Vidare kan desse reaksjonane endrast, i dette tilfellet ved at bonden fordømte handlinga mi moralsk. Denne hendinga endra ikkje berre korleis eg reagerte overfor den eine kalven, men korleis eg oppførte meg overfor dyra generelt. For å generalisere: bønder på Jæren og bønder i Grindelwald kan seiast å ha ulike moralitetar overfor kyra sine, noko som formar korleis dei reagerer overfor kyra. Endringa i korleis eg forhaldt meg til dyra var ei endring frå jærsk moralitet til grindelwaldsk moralitet.

Hans brukte altså ikkje sparkejern. Med hovudet i lysken på kyra kan Hans kjenne om det kjem rykkingar i føtene til kyra, som kan vere eit teikn på at dei er urolege. Om kyra prøver å løfte foten, vil han kunne hindre sparklinga med motstand frå hovudet. Moralitetar har direkte innverknad på erfaring og praksis. Hans må vere var på om kyra hans kjem til å sparke fordi han vel å ikkje ta i bruk sparkejern, noko eg straks kjem tilbake til. I tillegg gjer dette at opplæringa av kvigene, som eg skildra i førre kapittel, er spesielt viktig. Bonden kan hindre kyra frå å sparke med hovudet når han sit ved kyra, men så fort han har gått vekk kan kyra sparke att. Å lære opp kyra til å stå stille under mjølkinga vert dimed essensielt for å kunne leve god mjølk til meieriet. I denne dynamikken finst på ei og same tid økonomiske, moralske og relasjonelle aspekt.

18Dette fekk eg bekrefta på eit kurs for senner på Inforama, Hondrich, nokre veker seinare. Kyr trengde ifølgje kursleiaren lenger tid til å tilpasse synet frå utelys til innelys, og omvendt, enn menneske, og kursleiaren ba oss difor om å vere tålmodige når kyra skulle gå inn og ut av fjos. Dette var òg skildra i kursmaterialet (Inforama 2012b).

19Risan argumenterer utover i avhandlinga si mot eit rigid, paradigmatiske ANT-perspektiv, for at han skal kunne skilje mellom menneske, dyr og objekt: menneske og dyr er subjekt, medan objekt ikkje er det (2003).

Hans sit altså ikkje ved kyra under heile mjølkinga, som tyder at viss kyra sparkar når han ikkje er der, kan mjølkeaggregatet sleppe taket i spenen. Hans lærde Viola opp til å stå stille under mjølkinga, og reagerte kraftig når ho sparka. I den følgjande situasjonen var det ei eldre ku som sparka, og han reagerte ikkje på same måte som med Viola. Erfaringa med dei ulike kyra spelar ei viktig rolle for korleis Hans reagerer. Samtidig visar denne hendinga nytta av å vere merksam på det uføreseielege, spesielt når bøndene ikkje vil ta i bruk verktøy som sparkejern. Moralitetar gjer det altså nødvendig å vere ekstra merksam på det uføreseielege.

Å vere var på kyra for å gjere det uføreseielege føreseieleg

Hans hadde no byrja å vaske den siste av spenane til Adonia, då ho løfta litt på den eine foten. Hans kikka framover mot hovudet hennar, framleis med hovudet inni lysken hennar, klappa ho på låret med den ledige handa og godsnakka med ho. Han gjorde seg ferdig, hang på mjølkeapparatet, tok eit par skritt tilbake og kikka på ho. No merka eg at Bonita hadde vorte ferdig med å mjølke, og eg gjekk raskt bort til ho for å henge av ho mjølkeapparatet. Hans vart ståande litt sjå Adonia, før han gjekk mot Lotti for å henge av mjølkeapparatet hennar. Eg hang mjølkeaggregatet av Bonita, og snudde meg mot Conny for å henge det på ho. Etter at eg hadde byrja å vaske spenane hennar, høyrdie eg at noko hende ved Adonia, og kikka bort mot ho. Ho hadde sparka av seg aggregatet. Eg tok tak i mjølkeaggregatet eg hadde på kneet, reiste meg, hang det på mjølkeapparatet, og skulle springe bort til Adonia, men Hans kom meg i forkjøpet. Han hadde merka frå andre enden av romet at noko hadde skjedd ved Adonia, kom springande og løfta opp mjølkekoppen som låg og saug inn halm og skitt frå golvet. Eg forventa at Hans skulle skjelle ut Adonia, slik han gjorde med Viola når ho sparka av seg, men etter at han kjapt hadde plukka opp mjølkeaggregatet, stilte han seg med aggregatet i eine handa ved sida av ho ved frambeina hennar. Han kikka mot juret og bakparten, koste med eine handa på ribbeina, kikka framover mot hovudet hennar og sa "Kva er det no då, Adonia, hæ? Kva er det som er gale?". Han sette seg ved juret igjen, med mjølkeaggregatet på kneet, og kjende med både hendene på juret. Han kikka mot hovudet hennar, med eit spørjande uttrykk. Han haldt fram med å godsnakke med ho og kjenne på juret, men sette etterkvart på mjølkeapparatet att. Denne gongen vart han sitjande der til ho var ferdig med mjølkinga.

Seinare spurde Hans meg om eg hadde merka noko rart med Adonia når eg hadde mjølka ho om morgonen den dagen. Eg svarte som sant var at det hadde eg ikkje. "Ho trippa så rart i dag, synst eg," sa han til meg, "og ho plar jo aldri å sparke av seg mjølkeaggregatet. Kanskje feilar det ho noko, men eg kjende ikkje noko på juret. Jaja, kanskje det berre er snøen." Dagen etterpå fortalte Hans meg at Adonia framleis hadde stått oppreist når kona Sara hadde teke kveldsrunden kvelden før. Ho hadde lege om morgonen då Hans kom i fjoset, og ikkje reist seg før han prikka i ho med høygaffelen. Han rekna med at ho hadde problem med klauvene. Heldigvis hadde han fri frå

skiheisen denne dagen, då hadde han tid til å sjekke dei seinare. Om føremiddagen la han eit tau rundt mulen og halsen på Adonia, leigde ho med ut mot klovbåsen, og gjekk først sjølve gjennom klovbåsen slik at Adonia følgde etter. Då han kontrollerte den høgre bakklauven fann han eit sår under han. Han behandla det, la på bandasje og etter nokre dagar byrja foten å verte betre.



Bonde som behandler klauvene til ei ku i ein klauvstand på setra.

Reaksjonane til Hans viser at han såg Adonia si første løfting med foten som eit teikn på at noko kunne hende. Adonia pleidde å stå heilt roleg under mjølkinga. Då ho løfta med foten, såg Hans spørjande på ho og stoppa opp og kikka på ho etter han var ferdig. Hans merka med bakgrunn i erfaringa si med Adonia at noko ikkje var som det skulle. Før Adonia løfta på foten mjølka Hans ho som kvar ein annan dag. At han reagerte då ho løfta foten, viser at bøndene er vare på nyansar ved kyra sine òg før noko har skjedd, vere det nyansar i jura eller nyansar i korleis kyra oppfører seg. Løftinga på foten tolka Hans som at noko kunne vere gale. Dette sette Hans i ein slags alarmberedskap. Hans var kjapt på plass når Adonia hadde sparka av seg. På grunn av at ho løfta på foten hadde han vorte klar over at noko kunne skje, og gjekk til den neste kua med ei ekstra merksemd overfor kva som hende sjå Adonia. Eg høyrd øg at noko skjedde ved Adonia, men var treigare i reaksjonen sjølv om eg var mykje nærmare Adonia enn Hans. Lotti vart mjølka slik at Hans sat med ryggen til Adonia, og det var sju kyr mellom ho og Adonia. Mellom meg og Adonia var det to. Eg opplevde fleire gonger i løpet av våren og sommaren at bøndene la merke til endringar i vakuumanlegget som ikkje eg oppfatta, og fleire av bøndene meinte dei kunne merke det i vakuumet i mjølkeanlegget om eit aggregat låg og saug luft. Sannsynleg merka Hans endringa i luftvakuumet og kanskje høyrd han øg at noko skjedde ved Adonia, og reagerte utan å måtte kikke etter kva som hadde skjedd. Merksemda overfor nyansar, i kyra, i mjølkemaskinane og i fjoset, gjorde at Hans var førebudd på at noko kunne skje.

Bonden og eg opplevde sanseintrykka frå det som skjedde ved Adonia ulikt. Både to la merke til at noko hende ved ho. Å tolke dette kravde anten erfaring, som i Hans sitt tilfelle, eller å nyte seg av ein sans til, i mitt tilfelle. Bonden hadde etter tjue år som bonde kroppsleggjort erfaring med ulike sanseintrykk, som gjorde at han ikkje trengde å sjå at mjølkeaggregatet var sparka av for å skjønne det. Eg måtte derimot ta ein ekstra kikk mot Adonia for å forstå kva som hende.

Om ein tillegg menneske, dyr og objekt a priori lik vekt i ein analyse av denne hendinga, stadfestar det at erfaring har ein viktig innverknad på praksis og hendingsforløp. Erfaringa til menneska i hendinga speler ei essensiell rolle for hendingsforløpet. Adonia sparkar slik at mjølkeaggregatet slapp tak i spenen. Då vert det soge luft inn i mjølketanken. Hans reagerte raskare enn meg fordi han *forstod kva som skjedde*. Eg var ikkje var på at Adonia kunne sparke, og heller ikkje vand med mjølkeaggregatet, og måtte difor sjå etter kva eg høyrd. I tillegg har den same hendinga - at ei ku sparkar av seg mjølkeaggregatet - vorte møtt med ein heilt annan reaksjon frå bonden tidlegare. Sparket til Viola og mjølkeaggregatet som falt på golvet var likt, men bonden forheld seg ikkje til dei to kyra på same måte. Hans reagerte ulikt overfor dei to kyra på grunn av ulik erfaring med dei. Eg reagerte annleis enn Hans på lyden av mjølkeaggregatet fordi eg ikkje hadde erfaring med å tolke lyden. Erfaring speler ei viktig rolle i korleis hendingar utarter seg, og eit perspektiv som berre kan forhalde seg til observerbare effektar vil ha problemer med å forhalde seg til dette. Asdal og Moser skriv om ANT at "it is almost as if everything always starts anew" (2012:295). Eit slikt perspektiv gjer det vanskeleg å studere det som kjem før praksis, i dette tilfellet erfaringar eller moralitetar, og analysane vil soleis miste noko av kompleksiteten i kvardagslege situasjonar og hendingar.

Situasjonen med Adonia hadde ikkje berre eitt uføreseieleg aspekt ved seg, men fleire ulike lag av usikre aspektar. Det første uføreseielege var då Adonia løfta på foten. Fordi Hans i utgangspunktet var merksam på uføreseielege ting og difor la merke til løftinga, vart han sett i ein slags alarmberedskap. Det andre uføreseielege var at Adonia sparka av seg mjølkeaggregatet. Fordi Hans hadde lagt merke til at Adonia løfta foten, var sparklinga til ein viss grad allereie gjort mindre uføreseieleg. Han var kjapt på plass og vart ikkje forarga over at Adonia sparka av seg, men bekymra. Han sjekka juret hennar, kikka på ho og prata med ho, men fann ikkje noko grunn til at ho hadde sparka av seg. Etter mjølkinga haldt Hans og Sara fram med å observere Adonia. Ho stod lenge om kvelden, låg lenge om morgonen, og hadde kanskje hatt problem med å reise seg då Hans pirka borti ho, og Hans kopla dette til at ho kunne ha klauvproblem. Klauvproblemet vart òg gjort mindre uføreseieleg av at Hans var obs på kua. Forklaringsa på dei uføreseielege, uvanlege handlingane til Adonia var altså at ho hadde såre klauver. Dagen etterpå vart klauvene sjekka, problemet funne og behandla, og ei stund seinare var klauven god att.

Erfaring og moralitetar

Erfaring og ulike moralitetar spelar ei viktig rolle i relasjonane mellom bøndene og kyra i Grindelwald. Erfaring med mjølking gjer at bøndene kan knyte endringar i juret til teikn på jurbetennelse. Erfaringa med mjølkeanlegget gjer at bøndene kan knyte endringar i dette til at eit mjølkeaggregat ligg og sug inn luft. Erfaringa med Adonia gjer at bonden kan knyte endringar i oppførelsen hennar opp mot at noko er gale. Erfaring framstår i desse situasjonane som repetisjonar og mønster som skapar ei større merksemad mot ulikskapar. Normalitetar vert etablert gjennom erfaring og gjer det mogleg å vere i stand til å kunne leggje merke til uvanlege eller uføreseielege ting. Samtidig må bøndene vere så og seie konstant vare på det uføreseielege. Utan denne merksemada, vil små endringar i oppførsel eller juret ikkje merkast. Nett fordi kyr kan vere uføreseielege, må bøndene vere merksame på dette uføreseielege.

Det uføreseielege ved kyra gjer det naudsynt for bøndene å ha måtar å prøve å kontrollere dette på. Utan erfaringa er det vanskeleg å oppfatte nyansar i jur eller endringar i kyrs oppførsel. Likevel er ikkje berre erfaringa viktig for korleis bønder og senner reagerer eller balanserer mellom ulike omsyn. Moralitetar speler i denne samanhengen ei rolle på fleire måtar. For det fyrste kan forhandlinga om ulike omsyn variere med ulike statusar og moralitetar knytt til desse. Verdien av å produsere god mjølk vart sett høgare av senner enn verdien av å ha ei ku som mjølka raskt. For det andre kan det uføreseielege kontrollerast på ulike måtar: ved å lære opp kyra til ikkje å sparke, og ved å vere merksame på at kyra kan sparke, eller med bruk av sparkejern. Moralitetar kan soleis ha direkte innverknad på kva erfaring ein opparbeidar seg. Ein bonde som bruker sparkejern vil ikkje nødvendigvis vere var på om kyra hans kan sparke. Det kan òg tenkjast at han heller ikkje vil oppdra kyra sine slik Hans oppdrog Viola. Det kan vidare tenkjast at relasjonane mellom bonden og kua på denne måten vert annleis. Neste kapittel omhandlar haldninga til kjøppbruk, og visar at moralitetar er sterkt knytt til kunnskap, praksis og erfaring.

5. Å flytte på kyr

Bøndene er merksame på kyra for å sikre god dyrevelferd, men òg for å prøve å kontrollere dei. Ein måte å kontrollere kyra på er å bruke kjeppen på dei. Korleis kjeppen vert brukt er individuelt, men òg knytt til kunnskap og kulturelle normer. Bønder og senner brukar kjeppen oftast når dei følgjer kyra til dei ulike beitene. Ein analyse av kjeppbruken i forskjellige situasjoner når kyra vert flytta på, set lys på relasjonen mellom praksis og haldningars.

Ein annan måte å flytte kyr på, er å leige dei rundt på ein fesjåarena. Den flottaste kua vinn ein premie som bonden kan henge på veggen. Både fesjå og setrene kan sjåast som offentlege arenaer der bønder eller senner kan vurdere kyra til andre bønder. Slike vurderingar kan spele ein rolle i relasjonane mellom bønder og kyr.

Moralitetar og praksis

Zigon (2009) argumenterer for å studere etiske prosessar, der moralitetar vert ståande i opposisjon til kvarandre eller møtar kvardagslege kontekstar, og soleis vert gjort eksplisitte. Etiske prosessar er i følgje Zigon (2009) sjeldne, og i kvardagslivet handlar som regel menneske ut frå ubevisste, kroppsleggjorte moralitetar. Mattingly (2012b) hevdar i motsetnad til Zigon at etiske prosessar ikkje er unntaket, men snarare regelen i kvardagslege situasjoner. Menneske møter i kvardagen ei heil rekke situasjoner som kan vere moralsk ambivalente. Å bruke kjeppen på kyra kan vere ein slik kvardagsleg situasjon blant bønder og senner i Grindelwald.

Praksis formar moralitetar, på same måte som moralitetar formar praksis (Howell 1997, Mattingly 2012b). Mattingly (2012a) er oppteken av moralitetar i kvardagslivet. Ho hevdar at moralske regler og ideal ikkje er tilpassa unike handlingssituasjoner. Moralsk praksis går ikkje ut på å oppnå eit moralsk ideal, men å pragmatisk balansere og forhandle mellom ulike moralitetar, relasjonar og praktiske omsyn for å oppnå det beste bra (Mattingly 2012a). Samtidig kritiserer Mattingly tilnærmingar som ikkje kan gjere reie for bakgrunnen til bedømmingar av "the best good" i praksis (2012b:171). Slike tilnærmingar kan gje inntrykk av at bedømmingar er arbitrære og berre avhengig av den spesielle situasjonen. Dette reflekterer kritikken min av Mols perspektiv i førre kapittel. Mol (2008) argumenterer for at moralitetar ikkje kan separerast frå praksis. Verdibedømmingar vert gjort i praksis. Handling kjem ikkje etter at ein har vege for og imot kva som er riktig å gjere moralsk. På den eine sida stemmer dette, spesielt i situasjonar der bønder eller senner tenkjer over om handlinga deira var rett eller gal i ettertid. På den andre sida ligg haldningars til grunn for praksisar som vert utført, og desse haldningane må verte gjort reie for i analysane. Mol (2008) og Mattingly (2012a;

2012b) er einige om at kvardagen er fylt med ulike omsyn som kan stå i opposisjon til kvarandre, kor ein søker å oppnå det beste gode. Sosiale og kulturelle normer vert praktiserte i spesifikke situasjoner, og kva som er bra å gjere i ulike situasjoner er ikkje alltid gitt på førehand.

Menneske bedømmer kva som er det beste gode ut frå moralske haldningar og tidlegare erfaringar som kjem før praksis. Ei av utfordringane til antropologien om moralitetar er å kunne skildre ting som ikkje alltid er artikulert, men som er akseptert som taus kunnskap (Heintz 2009). Antropologar må kunne gjere reie for bakgrunnen til ulike bedømmingar av det beste gode. Samtidig må ein kunne fange inn korleis menneske vert stemt mot desse verdiane i utgangspunktet, og korleis dei gjennom praksis lever med og formar dei på eigne måtar (Mattingly 2012a:171). Dette kapittelet omhandlar moralitetar knytt til kjep bruk. Gjennom analysar av ulike måtar bønder og senner brukar kjeppen på, og etiske dilemmar forbunde med dette, vert relasjonen mellom haldningar og praksis undersøkt. Til slutt vert det undersøkt korleis offentlege arenaer kan ha innverknad på moralitetar knytt til dyra.

*Kjep bruk*20

Ingold (2000) argumenterer for at utviklinga frå jeger- og sankarsamfunn til jordbruks samfunn ikkje er ei utvikling frå å leve med naturen til å stå utanfor naturen, men at utviklinga har gått frå å vere basert på tillit til å vere basert på dominans. Tillit definerer Ingold som ein gjensidig relasjon av autonomi og avhengigheit, som impliserer ei tru på at naturen vil respondere på måtar som er nyttige for deg, så lenge du ikkje intervernerer i autonomien dens. Dette er avhengig av at ein kjenner naturen. "Å kjenne" definerer Ingold gjennom ei samanlikning med korleis ein kjenner ein person: å vere relativt sikker på responsen til personen ut ifrå kjennskap til hans tidlegare historie og gjennom å vere sensitiv til hans smak, lune og individualitet (Ingold 2000:72). Jegerar har ifølgje Ingold ein relasjon til dyr som er prega av tillit. Bøndene sine relasjonar til dyra sine derimot, er prega av dominans. Bønder anerkjenner at dyr har evne til persepsjon og til å føle, og at dyr kan handle autonomt, men bøndene prøver å overvinne dette med hjelp av overordna makt. Dette i motsetnad til jegerar, som respekterer desse evnene sjå dyra. Ingold presiserer at skiljet mellom tillit og dominans ikkje er eit moralsk skilje (2000). Ingold sitt argument er mellom anna basert på ei samanlikning av reiskapa til pastoralistar og jegerar. Våpna til jegeren, som til dømes ei pil eller eit spyd, fungerer som "openberringsreiskap" (Ingold 2000:320), og er utforma for å tilegne seg kunnskap om dyra. Pastoralistars reiskap er kontrollinstrument. Desse er laga for å ta i bruk fysisk makt og ofte påføre akutt smerte. Reiskapa til jegerar er altså openberringsreiskap, i motsetnad til

20 Delar av dette kapittelet vart lagt fram på workshop: Representasjoner av natur, sanser og kunnskap, Norsk Antropologisk Årskonferanse i Tromsø mai 2013. Tittel på innlegget var Dominans eller omsorg? Relasjonar mellom bønder og kyr i Grindelwald, Sveits.

bøndene sine kontrollinstrument (Ingold 2000).

Bruken av reiskap avgjer kva type reiskap det er snakk om, og kan difor ikkje skildrast uavhengig av praksisane dei går inn i. Kjeppen vart i Grindelwald både brukt som det Ingold kallar eit openberringsreiskap og som eit kontrollinstrument. Desse to funksjonane er det vanskeleg å skilje frå kvarandre i praksis. Kjeppen kan opne relasjonar og synleggjere individualiteten til kyra. Samtidig fungerer han òg som eit kontrollreiskap, i form av å tilføre akutt smerte. Til slutt kan han fungere som kommunikasjon på lik linje som berøring, rørsle og lydar, som skildra i andre kapittel. For bøndene i Grindelwald kunne bruken av kjøpp vere moralisk uakseptert. Dette kan likevel ikkje sjåast i samanheng med kjeppen som eit kontroll- eller openberringsreiskap aleine. Det avgjerande var om han vert teken i bruk som eit kommunikasjonsreiskap eller ikkje.

Situasjonar der bøndene eller sennene hadde problem med å finne fram til det beste gode, eller tydeleg ikkje gjorde det, sett lys på ulike moralitetar med tanke på slåing og kjøppbruk. Praksisen med kjeppen kan vere forma av forståingar av kva som er rett og galt, men desse forståingane kan òg verte forma av praksis.

Beiteplanlegging

På norske setrar vert kyr ofte slepte ut av fjoset utan å verte jaga til ulike beite. Seterbeitet der er oftast anten inngjerda innmark eller fri utmark (Norbye 2010). I Grindelwald jaga me kyra ut på ulike beite både på setra og på garden nede i dalen. Det var i desse situasjonane kjeppen vart teken i bruk oftast. Bøndene og sennene tok omsyn til ulike aspekt når dei planla beitebruken for kyra, som kvaliteten på graset, været eller praktiske omsyn. Eg skildrar her berre eitt av dei viktigaste aspekta, som er balansert bruk av beitene.

På setra er skiljet mellom ekstensiv og intensiv bruk av beitene ein viktig faktor for både Uli og dei andre sennene si planlegging av beitet. Dette vart til dels bekrefta av Suter-Fritz, ein sytti-åring som sjølve hadde vore senn på Grosse Scheidegg-setra i over tjue år. Ein dag Uli, Anna og eg trefte Suter-Fritz, fortalte han at han hadde vore og kikka i Böseblattewald, eit avsidesliggjande beite som me hadde jaga kyra til eit par dager i forvegen. "Der er det bra oppete!" sa han, "det må eg seie, skikkeleg bra oppete". Eg visste ikkje på dette tidspunktet nøyaktig kva me fekk ros for, og kvifor, men at det var ros var ikkje vanskeleg å forstå. Suter-Fritz såg på oss med anerkjennande blikk. Uli, som var den som forstod rosen best, såg ned og vart litt brydd, samtidig som han sa "takk skal du ha". Etterpå sa Uli til oss at han synst det var skikkeleg fint å få anerkjenning for arbeidet vårt, "òg frå Suter-Fritz, det er ikkje alle som får ros frå han". Suter-Fritz roste oss for å ta oss tida til å jage kyra til dei avsidesliggjande beitene. Rosen fekk me fordi det var viktig å balansere bruken av

beitene.



Høymol utanfor ei av hyttene på setra.

Eit problem på setra er dei store mengdene høymol som veks i nærleiken av hyttene. Kvar vår vert dette ugraset sprøyta. Dette vert gjort enkeltplantevis, mellom anna fordi det er vanskeleg å få tillating til å sprøyte heildekande, men problemet forsvinn ikkje likevel. Høymol veks best i område som vert intensivt brukt. I løpet av ein sommar er kyra mest i nærleiken av hyttene. Ved hytta veks det difor mykje høymol. I områda som ligg lengst vekk frå hyttene ser ein lite av dette ugraset, men der kan det oppstå eit anna problem. Kyra oppheld seg minst i desse områda og held difor ikkje plantar som buskar og kratt borte. Får desse vekse fritt, tek dei over område som gras kunne ha vekse på. I tillegg vert desse områda dimed mindre naturleg gjødsla enn områda der kyra oppheld seg mykje. Fleire stader på setra ser ein område med buskar og tornekrott, som er teikn på at områda kan vere på veg til å gro att. Andre stader er høymolbestanden høg. Beiteplanlegginga har altså innverknad på kva planter som veks på setra. Suter-Fritz berømma oss for å jage ut kyra til eit av dei mest avsidesliggjande beitene, og soleis balansere mellom intensiv og ekstensiv bruk av seterområdene. Ikkje berre Suter-Fritz fann dette viktig. På seter- og ystekurs fekk me beskjed om at staten såg med uro på den aukande førekomensten både av ugras som høymol og av busker (*Zwergsträuche*) som blåbær og klokkelyng (Inforama 2012a, Lauber et.al. 2012). Ei av løysingane er den same som Suter-Fritz berømma oss for: balansert beiteplanlegging som unngår både over- og undernytting av beitene (Inforama 2012a, 2012b). Balansert bruk av beitene kan gje betre utnytting av beiteområda kortsiktig slik at kyra gjer meir og betre mjølk, samtidig som ein balansert bruk langsiktig hindrar attgroing og førekomensten av ugras. Likevel hjelper det ikkje å planleggje beitebruken om du ikkje får kyra til å gå dit du har planlagt at dei skal beite. I denne samanhengen vert kjeppen teken i bruk.

Kjeppen i praksis

Å bruke kjeppen på riktig måte er avhengig av sosiokulturelle normer og erfaring. Erfaringa ligg spesielt i å vere var på ulike faktorar som spelar inn på korleis ein kan bruke kjeppen. I det følgjande tek eg utgangspunkt i ulike faktorar som terrenget, individualiteten til kyra, relasjonane mellom kyra og relasjonane mellom kyra og dei som jagar dei. Desse faktorane er viktige når kyra skal flyttast og inngår soleis når eg undersøkjer korleis moralitetar og praksis kan stå i eit dynamisk forhold til kvarandre.

Innverknaden av terrenget

Kyra til Hans er på dei øvre beitene, nokre hundre meter ovanfor garden. Fadderungen til Hans, Laurentz, er på vitjing. Han er ein sjuåring som veks opp i ein forstad til Bern, hovudstaden i Sveits og har vore med eit par gonger når me har sleppe ut kyra. I dag er han med igjen. Hans gjekk rett etter mjølkinga for å flytte på gjerdene, slik at kyra får nytt beite med friskt gras. Laurentz, eg og kyra er på veg oppover ein asfaltert veg. Bakken har ei bratt kneik på om lag femten meter og kyra går saktare der enn elles. Laurentz spring bakarst ved sida av meg og huiar og ropar, og slår dei bakarste kyra på bakenden med kjeppen. Bakken er på omlag femten meter, før han går over i grusveg. Fleire av kyra sklir med eine eller både frambeina, og vert ståande ei lita stund med knea i bakken før dei kjem seg opp att. Laurentz jagar på, og etterkvart kjem me inn på grusvegen. Kyra går litt fortare att og Laurentz roar ned jaginga. Etter å ha gått opp grusvegen, kjem me over til ein del av vegen som ikkje har gjerde mot eit av beitene. Når me kjem opp med dei bakarste kyra, har dei andre kyra spreidd seg utover beitet. Laurentz spring fram og tilbake mellom kyra medan han huiar og slår dei kyra som han kjem i nærleiken av. Nokre av kyra tek eit par sprang i riktig retning når Laurentz kjem i nærleiken, medan andre tek nokre sprang lengre ut på jordet, eller tilbake den vegen me kom. Nokre stoppar opp og beiter vidare medan Laurentz jagar på andre kyr. Andre kyr vert ståande og ikke etter Laurentz. Hans kjem etter å ha gjerda inn det nye området til kyra, og set seg i bakken rett ved inngangen til dette området. Han ropar på Laurentz, og seier han må kome opp dit. Laurentz spring og set seg ved sida av Hans. Hans lokkar på kyra "komm komm komm". Laurentz stemmer òg i, og eg held fram med å jage på kyra. Kyra går forbi der Hans og Laurentz sit og vidare inn på det inngjerda beitet. Hans lukkar porten bak dei, og me går nedover mot garden att.

Kjeppbruken skal tilpassast terrenget og kva kyra gjer når dei står stille. Hans fortalte at det var betre å sleppe ut kyra før kommunen la asfalt på vegen utanfor garden. No sklir kyra på asfalten i bakken og slår knea mot det harde underlaget. Dei morgonane Laurentz var med oss sklei kyra oftare enn andre morgenar. Bestemor på garden var nokre gonger med og slapp ut kyra ilag med Laurentz, og ho sa fleire gonger til han at han måtte roe seg ned, utan at eg kunne sjå at han gjorde

det. Når bonden eller bondekona jaga ut kyra lot dei kyra gå sakte i asfaltbakken, medan dei snakka roleg til dei. Stoppa kyr opp, pirka dei litt borti kyra med kjeppen medan dei roleg sa "sssooo, hooppla". Kyra starta då forsiktig å gå att. Når Laurentz jaga dei, starta dei med eit rykk. Dei brå rørslene hans og den kraftige bruken av kjeppen førte til at dei sklei oftare. Å tilpassa bruken etter kyra sine bevegelsar i terrenget er viktig når ein jagar kyra.

Når kyra byrja å nappe til seg gras på det opne jordet, kor dei ikkje skulle vere, brukte bonden kjeppen hardare enn det han gjorde på den bratte asfaltvegen. Kyra fekk ikkje lov å stoppe opp og beite før me var komne fram til beitet dei skulle vere på. Laurentz sin bruk av kjeppen var likevel ikkje slik han skulle. Hans ropar på Laurentz, og får han til å setje seg og kikke på meg og kyra når eg jagar dei opp mot beitet, samtidig som han roper på kyra. Poenget her er ikkje at eg var spesielt erfaren med å jage kyr. Hans visste likevel at eg ikkje tok i bruk kjeppen like mykje som Laurentz, og truleg visste han at kyra ville respondere på ropa hans med å gå litt fortare. Hans fekk Laurentz til å gå ut av situasjonen og kikke på korleis jaginga kunne verte gjort. Dette tydar på at det finst visse måtar å jage kyr på som fungerer betre enn andre, men òg at det finst visse måtar som er meir aksepterte enn andre. Eg hørde ofte bønder seie at det ikkje er nødvendig å slå kyra, eller å ta i bruk kjeppen mykje.

Ein skal ikkje eigentleg slå dyr

Bønder med dyrehald må drive garden etter statlege forskrifter for dyrevelferd. God dyrevelferd er òg knytt til det å vere ein god bonde i Grindelwald. På ei anna side må dyra styrast. Kyr er store og tunge dyr med eigne reaksjonar og handlingar. Dei er ikkje lette å styre mot deira vilje og dei kan skade folk når dei sparkar og stangar. Kjeppen kan vere eit nytig reiskap når kyra skal flyttast.

Det er tredje veka på setra, og me har flytta frå seterområdet me var på dei fyrste to vekene, Untere Lauchbiel, til Bidem. Uli har ysta alle tre vekene, og eg og Anna har mellom anna vore ansvarlege for å jage ut dei trettiåtte kyra. Anna er voksen opp på ein gard med ammekyr, og seier sjølve at ho har hatt lite kontakt med dyra. Ho har allereie fortalt meg at ho vart overraska over at å jage kyra er ein av dei mest slitsame arbeidsoppgåvene på setra. Kyra går langsamt, dei stoppar opp for å ete eller går i feil retning. Når alle trettiåtte kyra følgjer smale skogsstiar skapar dei kø. Når dei går over store beiter spreiar dei seg utover. Dessutan, når kyra stoppar opp i kvar sin ende av flokken, må me springe mykje fram og tilbake. I nesten to timer kunne Anna og eg springe rundt i oppoverbakke mellom kyra, samtidig som me huia og skrek. Etterkvart vart både folk og fe slitne. Kyra stoppa oftare opp. Når dei stoppa oftare opp, brukte me kjeppen meir og hardare for å få kyra til å gå. Fleire dagar opplevde me ikkje å få kyra dit me ville. Nokre gonger var det fordi kyra hadde delt seg og gått i ulike retningar eller dei hadde funne ein sti me ikkje visste fanst og som førte til andre

beiteområde. Andre gonger var dei forsvunne inn i skogane mellom beitene. Me starta jaginga med å klapse kyra litt, men ende opp med å slå hardare etterkvart som me vart slitne. Nokre kyr reagerte på harde slag med å fortsetje i riktig retning, medan andre skvatt ut til sidene eller inn i skogen. Dei gongene det enda med at me ikkje fekk kyra dit me ville, var både Anna og eg sinte, utmatta og skuffa. Dei gongene me fekk dei dit dei skulle, var me letta, men likevel var stemninga trykka når me etterpå gjekk tilbake mot hytta. Ofte snakka me under turen tilbake om korleis spesielt Uli, men òg dei andre sennene jaga kyra. I dessa samtalane nemnte Anna fleire gonger at ho hadde sett at Uli brukte kjeppen ganske hardt på kyra ifrå fyrste stund. Det same gjaldt nabosennen, og ho synst ikkje det var greitt. Anna meinte altså at det var galt å slå kyra, men ho sa òg at ho var redd det kanskje var nødvendig.

Grunnen til at me i utgangspunktet ikkje ville bruke kjeppen mykje, meiner eg er på grunn av ein norm om at ein ikkje skal slå kyr. På garden på Jæren hadde me aldri slått kyra, sjølv om anna kontrollbruk var lov. I tillegg hadde eg gjennom reprimandane frå Hans, som skildra i førre kapittel, og kommentarane frå bønder i Grindelwald om at ein ikkje treng å slå kyra, fått ei forståing av at ein skulle ta i bruk så lite tvang overfor kyra som mogleg.

Anna og eg forstod kjeppen som noko som kunne tilføre kyra akutt smerte gjennom fysisk kraft, og det var difor moralsk galt av oss å ta han i bruk. Me snakka ikkje om at me sjølve tok i bruk kjeppen kraftig mot slutten av jaginga, når me var slitne og kyra stod stille. Me ville eigentleg ikkje slå kyra. Dette gjorde at me i byrjinga av jaginga ikkje brukte kjeppen mykje, men ropte og huia dess meir. Etterkvart som me vart slitne, og kyra vart ståande stille, såg me oss likevel nøydde til å slå for å få kyra til å gå til beitet dei skulle til. Vår moralitet om at det var galt å ta i bruk kjeppen spelte ei viktig rolle for korleis me tok i bruk kjeppen. Det var vanskeleg å balansere mellom norma om å slå og det pragmatiske ved å få kyra på beitet. Dette kan forståast som ein etisk prosess, der moralitetar og praksis står i motsetnad til kvarandre. Me hadde problem med å finne den beste gode måten å handle på, og ein implisitt, til dels ubevisst moralitet om at det var gale å slå dyr vart artikulert og forhandla om.

På ei anna side kan pragmatiske løysingar vere moralske. Flinke senner får dyra til riktig beite raskt slik at dei får utnytta dagen til andre gjeremål. Sennene kan oppleve ein ambivalens mellom å slå kyra og ikkje vere flinke i jobben når kyra ikkje vil gå dit dei skal.

Etter ei stund på setra byrja derimot synet vårt på bruken av kjeppen å endre seg. Dette kan forståast som at me pragmatisk tilpassa norma om å slå kyra for å rettferdiggjere det å slå overfor oss sjølve. Basert på korleis me tileigna oss kunnskap om kvar ku gjennom kjeppbruken, meiner eg dette er ei forenkla framstilling. Haldningane våre vart endra gjennom handlingane, gjennom å

bruke kroppen og kjeppen og å slå laust og hardt etter situasjonane. Bruken av kjeppen lærde oss dei ulike kyra å kjenne, og med bakgrunn i dette vart både synet vårt på kjepbruken og korleis me brukte han endra.

Kyras respons på kjeppen

Ein av skilnadane på når me jaga ut kyra og når me henta inn kyra, som skildra i andre kapittel, var at kyra ikkje visste kor dei skulle. Når me henta kyra, skulle dei alltid tilbake til hytta. Når me jaga dei ut, jaga me dei til ulike beiter. Etter tre-fire veker på setra, skulle Anna og eg jage ut kyra til eit beite me hadde hatt problem med å få kyra til å gå til tidlegare. Anna hadde vore med Uli å jage ut kyra i nokre dager før dette, medan eg hadde arbeidd i ostelageret. Når Anna og eg igjen jaga ut kyra, la eg merke til ei endring i korleis Anna jaga kyra. Ho ropte og huia frå fyrste stund. Om kyra stoppa opp eller gjekk i feil retning, slo ho dei hardt med kjeppen. Etter dei fyrste par hundre metrane gjekk dei aller fleste kyra vidare når Anna nærma seg. Anna ropte til meg at eg kunne la slike kyr som Viola eller Katja vere, men Leonie eller Lotti måtte gå framover. Viola og Katja ville uansett kome etterkvart. Å få kyra til beitet var mykje enklare enn sist gong. Når dei var komne dit dei skulle, stoppa me opp og kikka på kyra som beitande spreidde seg utover. Anna fortalte meg at ho meinte kyra tidlegare ikkje hadde hatt respekt for oss. I dag hadde ho slått dei frå byrjinga av, haldt ho fram, og hardare enn ho nokon gong hadde gjort. Etterkvart hadde ho berre måtte rope litt, så gjekk dei av seg sjølve. Ho presiserte at ho ikkje hadde slått slike kyr som Katja eller Viola. Dei var unge kyr. Lotti derimot, ei eldre leiarku, som hadde stått og beita på feil jorde, hadde ho etterkvart slått så hardt at ho lurte på om kua kunne ha brennmerke på ryggen. Det hadde fungert, Lotti hadde flytta på seg til slutt.

Anna tolkar her endringa i korleis kyra reagerte på ropa hennar som at kyra har fått "respekt" for ho fordi ho slo hardt. Bønder tolkar det ofte som at kyra har fått respekt for dei når dei gjer som bøndene ønskjer og forventar. Samtidig viser Anna til ei rekkje andre faktorar enn at ho berre byrja å slå, som var vel så viktige for kvifor kyra byrja å reagere annleis. Implisitt i uttalinga til Anna ligg kommunikasjon, ulik stemmebruk, kyras individualitet, relasjonen mellom kyra og ei merksemd for kva kyra faktisk gjer når dei stoppar opp.

Med bakgrunn i deltaking i jaginga av kyra og observering av senner og bønder som jaga kyr, skildrar eg no korleis kjeppen vart teken i bruk av dei meir erfarne bøndene og sennene. Kjeppen vart brukt konsekvent, ut frå spesielt tre faktorar: kyras individualitet; relasjonen mellom kyra; og dei spesielle omgjevnadane. Desse tre faktorane var alle delar av enkeltsituasjonar, og det var viktig å vere merksam på alle tre. Felles for alle var å vere merksam på kva kyra faktisk gjorde når dei stoppa opp, og å tilpasse kjepbruken deretter. Korleis Laurentz jaga kyra til skilnad frå bøndene

illustrerer korleis omgjevnadane spela ei rolle. Når kyra gjekk i den asfalterte bakken, var det greitt å gå sakte eller å stoppe opp. Om dei stod og beita i graskanten i asfaltbakken, fekk dei eit meir bestemt, men framleis forsiktig klaps på baken. Dette for å få dei til å gå vidare utan at dei starta brått og dimed sklei.

Relasjonane mellom kyra spelte òg ei viktig rolle. Bøndene brydde seg først og framst om at leiarkyra gjekk framover, fordi dei andre kyra som regel ville følgje etter. Men kyr er flokkdyr, og heller ikkje ei leiarku vil gå aleine mot eit beite. Me måtte altså få med andre kyr òg. Sidan kyra på setra i tillegg bestod av kyr frå fem ulike besetningar, og dei ulike kyra følgjer leiarkyra frå sin eigen flokk, tydde dette at me måtte få fleire kyr frå alle dei ulike bøndene til å gå i riktig retning. Kyr er òg rangdyr. Det hende fleire gonger at kyr som prøvde å gå forbi andre kyr, kunne verte stanga eller angripne. Dette hadde med rangkamp og plassering i flokken å gjere. Når Anna og eg slo dei yngre kyra på lik linje med dei andre kyra, hende det nokre gonger at dei skvatt ut til sidene. Å prøve å få ei ung ku til å gå forbi tett opptil ei eldre ku var ofte nyttelaust, då måtte ein heller konsentrere seg om den eldre kua.

Nokre kyr, som regel yngre kyr og/eller dei nedst på rangstigen, var spesielt vare på bøndene. Dei stoppa sjeldan for å beite, og gjekk som regel vidare om bøndene kom i nærleiken. Om desse kyra stod stille, pirka bøndene som regel lett borti dei. Det var som regel nok til at dei gjekk vidare. Andre kyr, som regel eldre kyr og/eller dei høgst på rangstigen, kunne gå langt framme i flokken. Dei stoppa opp for å beite, for så å gå fort framover igjen når bøndene nærma seg dei. Om desse kyra stod og beita fram til bøndene kom i nærleiken av dei, fekk dei eit kraftig rapp med kjeppen. I nokre tilfelle kunne det trengast to-tre slag med aukande styrke før dei gjekk vidare med munnen full av graset dei hadde rive med seg. Kyra reagerte altså individuelt på kjeppbruken vår. Nokre kyr skvatt til og virka nervøse, medan andre kyr brydde seg fint lite om relativt kraftige slag frå oss.

Kunnskap om korleis ein skulle bruke kjeppen riktig krevde personleg erfaring med individuelle kyr over tid, noko Anna og eg ikkje hadde i byrjinga av setersommaren. Etter å ha jaga ut kyra i nokre veker, byrja me òg å jage kyra annleis. Erfaringa meiner eg spesielt stamma frå at me hadde byrja å leggje merke til at kyra responderte ulikt på kjeppen. Som Anna presiserte, hadde ho ikkje slått unge kyr, men Lotti, ei eldre ku, hadde ho etterkvart slått så hardt at ho flytta på seg. Då me byrja å leggje merke til korleis dei ulike kyra responderte på kjeppen, merka me at visse kyr, som Viola, som regel skvatt i feil retning om me ropte litt skarpt eller tok i bruk kjeppen for hardt. Dette kunne tyde på at ho var nervøs og usikker overfor oss, og at me burde vere rolege og forsiktige i relasjonen med ho. Andre kyr, som Lotti, flytta seg ikkje før dei fekk harde slag frå kjeppen. Ho virka å bry seg lite om slaga våre, og me måtte difor vere meir bestemte overfor ho. Gjennom bruken av kjeppen og å verte

merksame på korleis kyra responderte på denne lærde me altså kyra å kjenne. Kjeppen kan forståast som eit openberringsinstrument som tilkjennegjer dei individuelle skilnadane sjå kyra.

Kunnskapen om kyra endra kjeppbruken vår. I denne samanhengen er òg erfaringa kyra har viktig. Eldre kyr stod ofte og beita fram til me kom i nærleiken, men gjekk vidare i riktig retning før me nådde dei. Dei yngre kyra derimot, beita sjeldnare når dei stod stille, men var i større grad merksame på oss og på dei andre kyra. Dette, i tillegg til at dei skvatt i feil retningar, tyda på at dei var meir nervøse, forvirra og usikre på oss og kva dei skulle. Den endra kjeppbruken vår endra òg responsen kyra ga på oss. Dei yngre kyra oppførte seg rolegare, og dei eldre kyra fekk i større grad det Anna kallar "respekt" for oss: dei byrja å respondere slik me ville. Denne dynamikken meiner eg var viktig for at jaginga av kyra vart enklare. Dette illustrerer òg korleis kjeppen både kan forståast som eit kontrollinstrument og som eit openberringsinstrument. Me hadde gjennom kjeppbruken vorte kjende med kyras lune og individualitet, og tok omsyn til dette under jaginga. Likevel tok me framleis i visse situasjonar i bruk kjeppen på ein måte som truleg tilførde kyra smerte. At me hadde lærdd kyra å kjenne, hadde likevel ikkje berre innverknad på korleis me brukte kjeppen.

Når me vart merksame på alle faktorane som spelte inn for korleis me skulle jage ut kyra, endra ropinga og rørlene våre seg òg. I byrjinga ropte me omtrent likt heile vegen, om enn meir eller mindre frustrert og meir eller mindre slitne. Etterkvart byrja me å rope og røre oss ulikt alt etter situasjon. Om kyr gjekk saktare fordi dei var på eit glatt underlag, vart det brukt rolege rørsler og lydar og godsnakking for å kommunisere at det var greitt å gå sakte. Om Viola stoppa opp for å beite, kunne ei litt brå rørsle mot ho gjere at ho gjekk vidare. På grunn av den auka erfaringa vår med jaginga og med kyra, kunne me ta i bruk rørsler og lydar før me slo.

Med auka kunnskap vart det mindre slåing. Det kan tyde på at dess meir kunnskap, dess meir er det forventa at ein tilpassar seg norma om å bruke kjeppen på kulturelt riktig måte. Seinare i kapittelet vert det vist at forventningane bonden har til kyra tilsvrar forventningane han har til andre folk. Då little Laurentz var brå og hardhendt då han var med å jage kyra i dømet foran, rettleia Hans han forsiktig. Ungdyr vart òg rettleia mildare enn eldre kyr. Vaksne bønder som vart forventa å drive god dyrevelferd vart straffa med baksnakking når dei ikkje innfridde forventningane.

Ein kan slå nokre kyr i nokre situasjonar

Moraliteten om at ein ikkje skal slå kyr endra seg gjennom praksis. Dette kan forståast som at me ikkje lenger forstod kjeppen berre som eit kontrollinstrument, men òg som ein kommunikasjonsreiskap. Det var ikkje berre sjølve jaginga som spelte ei rolle her, men òg at me såg andre senner ta i bruk kjeppen. På grunn av dette var det til dels akseptert å ta kjeppen i bruk. Den

viktigaste grunnen for at me *aksepterte* ein utvida bruk av kjeppen, var derimot den faktiske bruken av han. Kjeppen kan forståast som eit openberringsinstrument som gjer oss kjennskap til dei ulike kyra. Med bakgrunn i kyra respons byrja me å oppleve kjepbruken som ein måte å kommunisere med kyra. Kyra kunne respondere med å skvette, med å traske vidare eller med å bry seg fint lite, og desse individuelle responsane var det som avgjorde om slaga i kvar enkelt situasjon var moralsk akseptert eller ikkje.

Erfaringa vår endra norma frå eit ideal om å ikkje slå kyr, til å vere situasjonelt og kontekstuelt betinga. Som Anna påpeika: ho slo Lotti, men ikkje Viola eller Katja. All slåing var altså ikkje moralsk akseptert, men visse formar for slåing var det. Det avgjerande var korleis kyra responderte på kjeppen.

Likevel overhøyrd eg eit par gonger bønder som snakka om andre bønder som slo kyra sine. Dette var tydeleg ikkje moralsk akseptert. Det finst altså ei type slåing som generelt ikkje er akseptert blant bøndene i Grindelwald. Med bakgrunn i ei hending der ei ku vart slått på ein moralsk uakseptert måte, og uttalingar i etterkant av denne hendinga, undersøkjer eg kva type slåing som ikkje er greit.

Moralsk uakseptert slåing av kyra var eit ømt tema, og eg spurde aldri bøndene direkte om dette. Samtidig var det eit faktum at alle bøndene klapsa til kyra sine, mellom anna som skildra ovanfor, og i visse situasjonar vart det til og med oppfordra til å slå. Etter ein situasjon der ein bonde hadde slått ei ku på ein måte som ikkje var moralsk akseptert, oppfordra han meg til å slå kyra i visse situasjonar. Oppfordringa viste til ulike måtar å unngå moralsk ambivalente situasjonar på. Bøndene hadde eit ansvar for å *vise kyra kven som var sjefen*.

Det skal poengterast at dette ikkje er den same bonden som vart baksnakka for å slå kyra sine. Sjølv om dette var éin bondes syn på moralsk aksepterte måtar å slå på, uttalt etter éin spesifikk situasjon, meiner eg dette synet har relevans utover denne spesifikke situasjonen.

Å slå kyr utan at dei kan respondere

Mary og eg var på veg heim med kyra til mjølking. Mary var kona til Sepp, som var bonden på ein gard eg besøkte fleire gonger i løpet av opphaldet mitt i Grindelwald. Kyra hadde vore på det same beitet i nokre dagar, og det beste graset der var ete. Eit beite som låg rett ved fjoset hadde derimot friskt gras. Dette var inngjerda, men fleire av kyra klarde å kome seg gjennom gjerdet og byrja å beite der. Etter å ha fått inn nokre av kyra i fjoset, og medan Mary haldt på med å binde dei, gjekk eg ut for å få inn dei som no stod og gressa. Det skulle ende med den fyrste og einaste gongen eg vart stanga av ei ku i Grindelwald.

Kyra virka ikkje som dei hadde lyst å gå inn, og eg tenkte eigentleg på å vente til Mary eller Sepp kom ut. Eg hadde ikkje med meg kjøpp, men prøvde likevel noko halvhjerta å få inn kyra. Ei av dei eldre kyra, Agneta, stod med rumpa mot fjoset, og eg prøvde å få ho til å snu seg ved å dytte kinnet hennar i riktig retning. Ho svarde med å svinge hovudet mot meg, og eg flytta meg litt til sida før eg haldt fram med å prøve å få ho til å snu seg, på same måten som før. Då tok Agneta svingfart med hovudet, samtidig som ho byksa litt framover og stangde etter meg. Eg klarde å hoppe litt til sida, men ho trefte meg i magen. Det gjorde ikkje vondt, men eg let ho vere i fred etterpå. Sepp kom akkurat ut av fjoset og såg kva som skjedde. Han kom ropande mot oss og prøvde å slå etter Agneta. Agneta og dei andre kyra sprang fort inn i fjoset, og Sepp sprang etter. Sepp fekk bunde fast Agneta på plassen hennar, og byrja å slå ho med kjøppen. Han slo ho hardt og fleire gonger etter kvarandre, så eg gjekk ut av fjoset.

Stemninga ved mjølkinga den ettermiddagen var trykka. Vanlegvis snakka Sepp, Mary og eg ilag. Sepp brukte elles å nynne eller plystre, og alle snakka litt til kyra av og til. Denne ettermiddagen vart det stille: me kunne berre høyre lyden av radioen og mjølkemaskinen og kyra som rørde seg. Under mjølkinga gjekk Mary forbi meg og sa "han er galen" (*er spinnet*). Mary viste til korleis Sepp hadde slått Agneta. Denne forma for slåing var altså ikkje akseptert. Sepp hadde ikkje funne den beste gode måten å handle på i denne situasjonen. Sepp forklarte meg i etterkant av denne episoden at ein nokre gonger måtte slå kyr. Denne forklaringa meiner eg visar til eit liknande syn på slåing som når kjøppen vart teken i bruk som kommunikasjonsreiskap, og som var kvalitativt ulik frå slåinga av Agneta, av grunnar som har med kyras respons å gjere.

Under føringa etter mjølkinga den kvelden kom Sepp alvorleg bort til meg og forklarte meg at eg alltid måtte ha vernesko og kjøpp når me henta kyra. Viss dei stanga måtte eg reagere med ein gong ved å slå så hardt eg berre kunne, sa han. Kyra må vite kven som er sjefen, kyr som går laust på menneske, det går ikkje, meinte han. Noko av det som gjorde denne episoden spesiell var at Agneta vart straffa lenge etter at ho hadde stanga meg. Bøndene i Grindelwald reagerte, såframt dei kunne, med ein gong på kyr som ikkje oppførde seg slik dei skulle - som Hans gjorde med Viola, og som me gjorde når me slo kyr som stoppa for å beite, men straff i ettertid var ikkje akseptert.

Noko av problemet i situasjonen med Agneta var altså at eg ikkje reagerte slik eg skulle. Hadde eg reagert med ein gong Agneta svinga hovudet, ville ho kanskje ikkje stanga fleire gonger. Då Agneta stanga, kan det hende Sepp kjende ei forplikting overfor meg, som var gjest på garden hans, til å reagere på ei ku som stanga meg. Det kan òg tenkjast at Sepp i denne situasjonen synast å miste kontrollen over ei av kyra hans. Kyr som går laust på menneske kan ikkje aksepterast. Stanging strider mot norma om at ei god bonde har kontroll på dyra sine. Dette kan ha ført til at han reagerte

slik han gjorde. Episoden hende tidleg om våren, medan Sepp framleis arbeidde utanom gardsdrifta. Han hadde dimed lange dager og kan ha vore sliten. Alle desse faktorane kan ha spelt ei rolle for korleis Sepp reagerte. Slåinga var i alle tilfelle ikkje akseptert som ein god måte å vere bonde på.

Dette var fyrste og siste gongen eg såg ei ku verte slått på denne måten. Å lære opp kvigene og å jage kyra ut på beite kunne òg innebere slåing. I desse situasjonane kunne kyra respondere på slåinga. Ut frå responsen til kyra kunne ein vite om slåinga fungerte. Kviga Viola kunne slutte å sparke, og kyra på beitet kunne skvette til sides, gå framover eller halde fram med å stå stille. Om dei skvatt til sides, tydde dette på at slåinga ikkje fungerte, noko som gjorde at ein måtte tilpasse kjeppbruken og vere forsiktigare. Om dei haldt fram med å stå stille, tydde dette òg på at slåinga ikkje fungerte, men i denne situasjonen måtte ein tilpasse kjeppbruken og slå hardare. Agneta kunne ikkje respondere på slåinga med å slutte å stange, og bonden kunne soleis ikkje vite om slåinga fungerte. Kan hende meinte bonden her at Agneta burde vite betre enn å stange meg, og kan hende meinte han at Agneta skjønte kvifor ho vart slått.

Stemninga i fjoset etterpå, kommentaren til Mary og den alvorlege samtalens Sepp hadde med meg etterpå, tydar likevel på at dette i det minste ikkje var akseptert. Harde slag som kunne forståast som kommunikasjon under jaginga var altså akseptert, og slåing av ei kvige som skulle slutte å sparke var òg akseptert. Slåinga til Sepp kunne her ikkje forståast som kommunikasjon sidan Agneta ikkje hadde moglegheit til å respondere fysisk på det slåinga var ein reaksjon på.

Å vise kven som er sjefen

Etter situasjonen med Agneta, då me var ferdige i fjoset for kvelden, kom Sepp alvorleg bort til meg og ba meg setje meg ned med han. Han forklarte meg at når kyra sparkar under mjølkinga, då måtte eg klapse dei så hardt eg kunne over ribbeina med flate neven, då støkk dei. Du må vise dei kven som er sjefen, haldt han fram. Det skal ikkje gjere vondt for dei, og ikkje for deg, poengterte han. Dei er dyr: den eine dagen sparkar dei litt, den andre dagen litt meir og den tredje dagen sparkar dei verkeleg. Igjen poengterer han at eg må vise dei kven som er sjefen.

Sepp poengterer altså at eg må *vise* kyra kven som er sjefen. Bønder og senner fortalte både meg og Anna fleire gonger det same. Relasjonen mellom bøndene og kyra er i utgangspunktet ein asymmetrisk relasjon. Bonden har makt over liv og død til kyra, men det kan ikkje kyra vite. Dessutan har kyra si eiga leiarku. Det kan difor vere naudsynt at bøndene gjer det tydeleg for husdyra sine at det er dei som bestemmer.

Forklaringane til Sepp peiker på to måtar å forhalde seg til kyra på. Den fyrste forklaringa er "når fe går laust på menneske, skal ein reagere med ein gong og slå så hardt ein kan". I følgje dette synet

kunne situasjonen med Agneta vore avverja om eg hadde reagert spontant då Agneta svinga hovudet fyste gongen, og på den måten vist ho kven som var sjefen. Dette viser til ein spontan reaksjon på uønska handlingar frå dyra. Ferdigheita med å vere var på det uføreseielege kan altså takast i bruk for å vise kven som er sjefen, gjennom å reagere kraftig med ein gong "sånt skjer". Dette er avhengig av erfaring, som eg viste i førre kapittel, både med kyra og med korleis det er akseptert å reagere. Det var ei erfaring antropologistudenten i feltet ikkje hadde.

Det andre poenget visar til ein reaksjon på når kyr sparkar. I dette tilfellet skal ein reagere når kyra "sparkar litt". Sepp poengterte at reaksjonen ikkje skulle gjere vondt verken for dei eller for deg. Då kviga Viola sparka, reagerte Hans med å klapse til ho, slik Sepp her henviste til. På denne måten lærde han ho å stå stille under mjølkinga. Ved å reagere når kyra "sparkar litt", kan bonden reagere med mildare maktbruk enn om han ventar til kyra "verkeleg sparkar". Ved å lære opp Viola, og dei andre kyra, til å oppføre seg slik bonden vil på måtar som kan innebere både slåing, kosing, klapsing, utskjelling og godsnakking unngår bonden å ta i bruk sparkejern. Ved å reagere *før* ting verkeleg skjer, kan ein unngå at situasjonar som med Agneta oppstår fordi ein lærar kyra å ha tillit til menneske, samtidig som ein lærar dei at dei ikkje skal sparke eller stange.

Bonden har tillit til at kyra kan lære. Han lærer dei opp på ein sik måte at han skal kunne ha tillit til at dei gjer slik han forventar av dei. Det er vanskeleg å vite om ei ku har tillit til ein bonde, men det kan tolkast som at kyra har tillit til bonden når dei kjem når bonden lokkar, følgjer etter han og står i ro under mjølkinga. På ei anna side kan dette også tolkast som bondens dominans over kyra. Kyra tør kanskje ikkje å gjere noko anna enn å følgje etter eller stå stille som dei har lært. Kyra kan også seiast å ha dominans over folka når dei stangar, sparkar, og påverkar folk til å handle på måtar folka synst er moralsk uakseptable. På den måten har også kyra makt.

Til no har eg skildra relativt private arenaer der bøndene eller sennene forheld seg til kyra på meir eller mindre moralsk aksepterte måtar. Kva rolle spelar offentlege arenaer for relasjonane mellom bøndene og kyra?

Fesjå og seterdrifta som offentlege arenaer

Fesjå er ein arena der bønder møtest med dyra sine for å avgjere kva bonde som har den beste kua. I Grindelwald vart desse arrangert to gonger om året: om våren rett før kyra skulle til seters, og om hausten når dei hadde kome ned att frå setra. Fesjå kan sjåast som ein arena for fastsetjing av sosial prestisje. Kyra deltek i ein konkurrans og vert vurdert ut frå eksteriøret, mellom anna stillinga og forma til juret, spenane, brystet, og ryggen²¹ (sjå også Grasseni 2004, 2007). Bøndene som eig kyra

²¹Henta frå eit vurderingskort (*Bewertungsblatt*) fått under fesjået av ein inseminør.

som vinn slike konkuransar får plakettar og bjeller, som dei ofte heng på fjosveggen. Desse kan symbolisere sosial prestisje. Kyra vert likevel ikkje vurdert berre ut frå eksteriøret på fesjået, men òg ut ifrå samhandlingar med bønder.

På fesjået i Grindelwald i mars, leigde ein av bøndene ei ku som stanga mot både bonden og dei andre kyra. Ho gjekk i feil retning og laga kaos. Bøndene eg sat saman med, kommenterte hendinga. Det var tydeleg kven som var sjefen her, sa ein, og dei andre rista litt på hovudet. Bøndene vurderer altså relasjonen mellom bøndene og kyra deira ut frå korleis kyra oppfører seg på arenaen. Bøndene meinte det var kua som var sjefen i den relasjonen. Det vil seie at om ikkje bonden er sjefen, så er kyra det. Å ikkje vise kven som er sjefen vert sett i samanheng med kyr som ikkje oppfører seg slik det er forventa av ei godt oppdradd ku. Ein god bonde er forventa å ha kontroll på kyra sine. Kyra inkorporerer bondens prestisje i oppførselen sin.



Kua har brote seg gjennom inngjerdinga til eit beite med friskare gras. Etter lenger tid med haling og draing får sennen kua inn på beiteområdet ho skal vere på.

Setra er ein annan arena der både kyra, bønder og senner vert vurderte. I kapittel fire skildra eg ulike former for samanlikningar av kyr, og korleis desse samanlikningane vart knytt til bonden. Sennen Réne kommenterte til dømes at kyra frå eit lausdriftfjos var lett å ha med å gjere. Lausdriftfjos vart i Grindelwald forstått som ei drift som førde til meir avstand i relasjonen mellom bonden og kua²², og at kyra likevel var lett å ha med å gjere måtte dimed tyde på ein spesielt god bonde. Lynnet til kyra vart altså sett i samanheng med bonden som eigde kyra. Dei historiske celletala til dei ulike kyra vart samanlikna, og korleis kyra mjølka ut vart òg knytt til bonden. Kyra til dei forskjellige bøndene vart altså samanlikna og snakka om av sennene. Resultata vart ofte delt med bønder som

²²Sjå òg Risan 2003:21-25 for både liknande og divergerande oppfatningar om lausdriftfjos.

kom på besøk på setra. Det vil si at ryktet hadde kort veg mellom fjellet og bygda. I denne samanhengen var måten seterdrifta i Grindelwald var organisert på viktig. Sennene vart tilsette av bøndene. Det var som regel ikkje personar i den nære familien som var på setra med kyra om sommaren. Det kan tenkjast at sennene difor i større grad fortel andre om kva som skjer på setra enn viss dei hadde vore i familie med bonden. I tillegg var det kyr frå fleire ulike bønder på kvar seter. Dette førte til at sennene kunne samanlikne dei ulike kyra. Til slutt kom ulike bønder på vitjing på setra og fekk høyre om kyra til dei andre bøndene. Slik vart informasjonen om kyra offentleg, og denne informasjonen vart knytt til bonden som eigde kyra. Organiseringa av seterdrifta i Grindelwald skil seg frå måten setrene vert organisert i Noreg (Norbye 2010) og Sverige (Eriksson 2013). Sjølv om budeiene i Noreg og Sverige er ei heterogen gruppe, er det ofte bondekona som er på setra. Dei få fellessetrene i Noreg er fyrst og framst setrar med geitehald. Båe Risan (2003) og Norbye (2010) visar at besøkande på gardar og setre spreiar informasjon og rykte. Det spesielle med situasjonen i Grindelwald er at det er sennene med eigne erfaringar med bondens kyr som fortel om kyra. Organiseringa av seterdrifta i Grindelwald skapar altså eit offentleg rom der kyra til ulike bønder kan samanliknast og bøndenes rykte spreiaast.

Eit viktig poeng her er at kyra vert samanlikna og *sett i samband med bonden*. Bøndene hang bjellene kyra deira hadde vunne på fesjå opp på veggen og viste med dette at dei hadde kyr som var ekstra flotte. Eit anna viktig poeng er kva som avgjer om ei ku er ei bra ku eller ikkje. Eksteriøret vert vurdert av ein dommar på fesjået. Bøndene som er til stades på fesjået ser derimot ikkje berre på eksteriøret til kyra. Korleis kyra *oppførde seg* vart samanlikna, både på setra og på fesjå, og relasjonane mellom bøndene og kyra vart kommentert når bøndene viste fram kyra sine. Gode bønder er bønder som har kyr med godt lynne, og som kan leige ei ku roleg gjennom fesjåarenaen. Å ha gode relasjoner til kyra er altså ikkje berre av praktisk tyding, og er heller ikkje berre eit resultat av enkeltbønders omtanke for kyra. Å ha gode relasjoner til kyra og kyr som oppførar seg er eit symbol på at du er ein god bonde. Dette vert vist fram av kyra på fesjå og på setra. Den beste måten å få kyra til å oppføre seg er ikkje å ta i bruk fysisk makt. Bonden som eigde kua som laga kaos på fesjået klarde å få kua gjennom arenaen mellom anna med hjelp av fysisk makt, men han var likevel ikkje sjefen i relasjonen. Å *vere sjef* er altså ikkje å ta i bruk fysisk makt, men å ha ei ku som følgjer deg *utan* at du må ta i bruk fysisk makt. Under jaginga vart kjeppen teke i bruk både som kommunikasjonsreiskap, kontroll- og openberringsinstrument. Om eldre kyr ikkje ville flytte seg, vart dei slått hardt, men om dei stod i ein asfaltbakke eller det var ei nervøs ku, vart dette gjort med roleg godsnakking. Denne kombinasjonen av både bestemtheit og tilpassing til dei enkelte kyra gjorde at kyra responderte slik dei skulle. Å *vise kven som er sjefen* er mellom anna å lære opp kyra til å ha tillit til bøndene gjennom utskjelling og slåing, og kosing og godsnakking, og å ta omsyn til

dei enkelte kyra. Relasjonane mellom bøndene og kyra var prega både av dominans og av tillit, og denne kombinasjonen gjorde at bøndene kunne leige ei ku roleg gjennom ein fesjåarena.

Offentlege arenaer er viktige for sosial kontroll. Bøndene og sennene kunne vurdere og samanlikne ulike kyr, og kunne ut frå dette seie om ein bonde var ein god bonde eller ikkje. *Kyra* vart altså samanlikna og knytt direkte til bonden. Sjølv om eksteriøret var viktig, vart òg *kyras oppførsel* samanlikna, både på setra og på fesjå. Seterdrifta og fesjå fungerer altså som ein sosial kontroll av relasjonane bøndene etablerer med kyra sine, og er soleis viktige for korleis bøndene forheld seg til kyra, òg på private arenaer.

Norma om å ikkje slå dyr kan forståast som ein modell for og av verda (Geertz 2003). Det synest som ei modell av verda gjennom eit forklarande prinsipp, som eit kart som representerar korleis verda ser ut. Ei modell for verda viser til det normative aspektet og støtter perspektivet om at moralitetar formar praksis. At Anna og eg ikkje ville slå kyr, hadde innverknad på korleis me reagerte både på kyra, og på den vonde kjensla me fekk etter å ha slått kyra for mykje før me lærde å vere meir nyanserte. Men praksis kan òg forme moralitetar. At me faktisk tok i bruk kjeppen, gjorde at me lærde kyra å kjenne, og det var ikkje lengre moralsk uakseptert å slå kyra, berre i nokre tilfelle og på nokre måtar. Denne prosessen viser at modellar for og av verden ikkje er stabile modellar, men dynamiske og lokale modellar.

6. Etterord

Relasjonane mellom bøndene og kyra i Grindelwald er komplekse. Prestisjen som ligg i å vere ein god bonde kan synast med bjeller og plakettar som vert hengt opp på fjos- eller seterveggen. Desse vert vunne gjennom å leve god kvalitetsmjølk til meieriet, eller ved å ha kua med det beste eksteriøret på fesjå. Prestisjen til ein bonde ligg derimot ikkje berre i dei ytre kvalitetane til ei ku eller i å produsere god mjølk, men òg i å ha gode relasjonar til kyra. Kyra synar på fesjå eller på setra fram om bonden er ein god bonde med å vere enkle å ha med å gjere. Kuas relasjon til bonden er avhengig av ulike praksisar. Desse praksisane er prega av både tillit og dominans, frå både bonden og kua si side. Bøndene er vare på det uføreseielege ved kyra for å kunne avverge problematiske hendingar eller sjukdommar før dei oppstår.

Naturens eigne rørsler er viktige for korleis denne vert forstått og relatert til. ANT-perspektiv bidreg til å ta desse rørslene på alvor. For å forstå relasjonen mellom haldningar, erfaring og praksis og for å anerkjenne ulike former for kontroll og maktbruk, kan andre perspektiv vere betre eigna. Haldningar og erfaring formar korleis menneske handlar, samtidig som praksis formar erfaring og haldningar. Dei moralske haldningane til og bruken av kjøpp og andre maktmiddel som sparkejern og haletrikset kan forståast som modellar for og av verda. Erfaringsnære skildringar og analysar basert på eit fenomenologisk perspektiv meiner eg har fått fram dynamikken mellom forståingar av naturen og handlingar i og med naturen.

Analysane mine av relasjonane mellom bønder og kyr er gjort moglege gjennom den metodiske tilnærminga til felten. Rolla mi som lærling og metoden basert på deltagande oppleveling gjer ei forståing av kunnskapen og haldningane til bøndene som ville vore vanskeleg å fatte med formelle intervju eller deltagande observasjon aleine. Mi rolle som informant gjennom teksten er eit resultat av at ein stor del av kunnskapen bøndene og sennene handlar med bakgrunn i er taus kunnskap. Forklaringane til bøndene på korleis ein mjølker kyr eller oppfordringane deira til å vise kven som er sjefen hadde vore vanskelege å forstå utan denne formen for felterbeid. Desse hadde òg vore vanskelege å forstå utan å ta kyra si rolle i praksisane på gardane og setrene på alvor. Det erfaringsnære felterbeidet har gjort det mogleg å oppfatte og å skildre kyra som aktive i relasjonane til bøndene. Relasjonar mellom menneske og dyr er ein viktig del av mange folks kvardag, og antropologiske studiar meiner eg i analysar og skildringar bør få fram dyra som aktive i relasjonane.

Bøndene i Grindelwald er avhengige av tilskota dei får frå staten for å kunne halde fram med gardsdrifta. Både bøndene og kritikarar av landbrukspolitikken opplever at skiljet mellom landbruket i Unterland og landbruket i fjellområda kan auke med den nye landbruksreformen. Bøndene opplever å verte pressa inn i ei rolle dei ikkje er komfortable med, der dei skal drive eit jordbruk

som er riktig ut ifrå ein miljøpolitisk moralitet. Dette endrar måten dei kan drive landbruk på. Bøndene forstår rolla som bønder som nokon som produserer mat, og landbrukspolitikken frå staten endrar grunnlaget for drifta i ein slik grad at bøndene opplever rolla deira som bønder som truga. Trenden med å skilje mellom bønder som driv jordbruk ut frå verdiar knytt til kulturlandskap, kulturarv og biodiversitet, og bønder som driv jordbruk ut frå verdiar om å fø eiga befolkning er synleg ikkje berre i Sveits, men òg i resten av Europa. Det kan tenkjast at denne trenden endrar føresetnadane for bøndene i så stor grad at bøndene ikkje lenger kan forståast som bønder i den tradisjonelle forstand av å produsere mat, men i større grad vert det bøndene i Grindelwald refererer til som landskapsgartnarar.

Utviklinga av landbruket i Sveits kan sjåast i lys av ein global trend som framhev verdiane av historie, kulturarv og såkalla autentisitet. Minner og tradisjonar vert viktige for folks oppfatning av seg sjølve i ei verd prega av rotlausheit og endring (Connerton 2009). Miljøpolitiske spørsmål har i aukande grad vorte viktige som ein kritikk mot ei moderne, industriell verd mange oppfattar som øydeleggjande. I Europa kan dette føre til det Eriksson kallar eit A-jordbruk og B-jordbruk, tilsvarande rike og fattige bønder (2013). Fjellbønder, som i Grindelwald, vert i aukande grad avhengige av statsstøtte og landbrukspolitiske svingingar.

Verdiane av å ta vare på kulturarv og miljøet legg grunnlaget for landbrukspolitikk som kan føre til aukande skilje mellom jordbruk som produserer mat og jordbruk som produserer kulturlandskap og biodiversitet. Paradokset er at desse verdiane vert tekne vare på gjennom statlege reguleringar som tvingar dei som skal arbeide for å oppretthalde det såkalla autentiske inn i statusar og roller dei sjølve forstår som eit brot mot verdiane og tradisjonane dei sjølve arbeider ut ifrå.

Referansar

Asdal, Kristin og Ingunn Moser 2012. Experiments in context and contexting. I *Science, Technology and Human Values*, Vol.37, Nr.4:291-306.

Berkaak, Odd Are og Ivar Frønes 2007 [2005]. Tegn, tekst og samfunn. Abstrakt forlag, Oslo.

Bird-David, Nurit 1990. The giving environment. Another perspective on the economic system of gatherer-hunterers. I *Current Anthropology* Vol. 31, Nr. 2:189-196.

BLW Bundesamt für Landwirtschaft 2011a. Agrarbericht 2011. BBL Vertrieb Publikationen, Bern.

BLW Bundesamt für Landwirtschaft 2011b. Bericht über die Ergebnisse der Vernehmlassung zur Weiterentwicklung der Agrarpolitik (Agrarpolitik 2014-2017). Lasta ned frå <http://www.admin.ch/ch/d/gg/pc/ind2011.html>, 17.01.2012.

BLW Bundesamt für Landwirtschaft 2012. Direktzahlungen an die Landwirtschaft im Überblick 2012. Lasta ned frå <http://www.blw.admin.ch/themen/00006/>, 27.09.2012.

BS Bundesamt für Statistik 2013. Landwirtschaftsbetriebe, Beschäftigte, Nutzfläche nach Kanton 2011. T 7.2.1.1. Lasta ned frå <http://www.bfs.admin.ch/bfs/portal/de/index/themen/07/03/blank/data/01/01.html>, 10.05.2013.

BSE Bundesbehörden der Schweizerischen Eidgenossenschaft 2013. 455.1 Tierschutzverordnung, Artikel 3, punkt 1. Lasta ned frå http://www.admin.ch/ch/d/sr/455_1/a3.html, 20.05.2013.

BVA Bundesverfassung 2012. Bundesverfassung der Schweizerischen Eidgenossenschaft, Artikel 104. Lasta ned frå <http://www.admin.ch/ch/d/sr/101/a104.html>, 10.04.2013.

Chayanov, Alexander 1986 [1966]. Peasant farm organisation. University of Wisconsin Press, Madison.

Connerton, Paul 2009. How modernity forgets. Cambridge University Press, Cambridge.

Csordas, Thomas 1990. Embodiment as a paradigm for anthropology. I *Ethos* Vol.18:5-47.

Csordas, Thomas 1994. Introduction. The body as representation and being-in-the-world. I Csordas, T. (red.): *Embodiment and experience. The existential ground of culture and self*. Cambridge University Press, Cambridge:1-24.

Deacon, Terrence W.1997. Symbolic Species: The co-evolution of language and the brain. W.W. Norton, London.

Deacon, Terrence W. 2012. Beyond the symbolic species. I Deacon, T. et al. (red.) *The symbolic species evolved*. Springer, London:9-38.

Douglas, Mary 1990. Thought styles. Critical essays on good taste. Sage Publications, London.

Eriksson, Camilla 2013. Fäboden som politisk rum. Att vara fäbodbrukare i den gemensamma jordbrukspolitiken. Doctoral thesis No:25. Sveriges Lantbruksuniversitet, Uppsala.

Ferguson, James 1990. The anti-politics machine. Development, depolitization and bureaucratic power in Lesotho. Cambridge University Press, Cambridge.

Geertz, Clifford 2003 [1966]. Religion as a cultural system. I Michael Lambek (red). *A reader in the Anthropology of Religion*. Blackwell Publishing, Oxford:61-82.

Good, Byron 1994. Medicine, rationality and experience. Cambridge University Press, Cambridge.

Götz utan årstal. Alternativen zu Nasenringen und Rüsselklammern beim Schwein. Schweizer Tierschutz, Basel. Lasta ned frå
http://www.tierschutz.com/publikationen/nutztiere/infothek/texte/mb_pflege_c.pdf,
12.04.2013.

Grasseni, Christina 2004. Skilled vision. An apprenticeship in breeding aesthetics. I *Social Anthropology*. Vol 12, Nr 1:41-55.

Grasseni, Christina 2007. Good Looking. Learning to be a cattle breeder. I C. Grasseni (red.): *Skilled visions. Between apprenticeship and standards*. Berghahn Books, New York.

Guha, Ranajit 1983, Elementary Aspects of Peasant Insurgency in Colonial India. Oxford University Press, New Dehli.

Günther, Marlene 2011. Käsen mit Laib und Seel'. Erfahrungswissen von SennerInnen und seine Bedeutung für die Qualität von Bündner Alpkäse auf ausgewählten Alpen in Graubünden, Schweiz. Universität für Bodenkultur Wien, Wien.

Harris, Mark 2007. Introduction. I Harris, M. (red.): *Ways of knowing. Anthropological approaches to crafting experience and knowledge*. Berghahn, New York:1-24.

Heintz, Monica 2009. Introduction: Why there should be an anthropology of moralities. I *The*

- Anthropology of Moralities*. Berghahn Books, New York:1-19.
- Henare, Amiria J. M, M. Holbraad og S. Wastell (red.) 2007. Thinking through things. Theorising artefacts ethnographically. Routledge, London.
- Howes, David 2003. Sensual relations. Engaging the senses in culture and social theory. University of Michigan Press, Ann Arbor.
- Howell, Signe 1997. Introduction. I Howell, S. (red.): *The ethnography of moralities*. Routledge, London:1-22.
- Howell, Signe 2009. Accelerated globalisation and the conflicts of values seen through the lens of transnational adoption. A comparative perspective. I Heintz, M. (red.): *The anthropology of moralities*. Berghahn Books, Oxford:81-101.
- Inforama Hondrich 2012a. Kursmateriale frå kurset *Alpwirtschaft aktuell*. Besøkt 09.02.2012, Inforama Berner Oberland, Hondrich.
- Inforama 2012b. Kursmateriale frå kurset *Alpsennenkurs (Grundkurs)*. Besøkt 7.-11. mai 2012, Inforama Berner Oberland, Hondrich.
- Ingold, Tim 2000. The perception of the environment. Essays on livelihood, dwelling and skill. Routledge, London.
- Ingold, Tim 2007. Being Alive. Essays on movement, knowledge and description. Routledge, London.
- Kalland, Arne 2003. Environmentalism and images of the Other. I Selin, H (red.): Nature across culture: Views of nature and the environment in non-western cultures. Kluwer Academic Publishers, Amsterdam:1-17.
- Kalland, Arne og Frank Sejersen 2005. Marine Mammals and Northern Cultures. Canadian Circumpolar Institute Press, Edmonton.
- Keesing, Roger M. 1992. Custom and confrontation. The Kwaio struggle for cultural autonomy. The University of Chicago Press, Chicago.
- Kohn, Eduardo 2007. How dogs dream: Amazonian natures and the politics of transspecies engagement. I *American ethnologist*. Vol 34, Nr 1:3-24.
- Latour, Bruno 1988. The pasteurization of France. Harvard University Press, Cambridge.

Latour, Bruno 2005. Reassembling the social. An introduction to actor-network-theory. Oxford University Press, Oxford.

Lauber, Stefan, B. Schüpbach og B. Koch 2012. Artenvielfalt im Sömmerungsgebiet. I *Hotspot* 27:14-16.

Lock, Margaret 2002. Medical knowledge and body politics. I MacClancy, J. (red.): *Exotic no more. Anthropology on the front lines*. University of Chicago Press, Chicago:190-208.

Marchand, Trevor H.J. 2010. Introduction: Making knowledge: explorations of the indissoluble relation between mind, body and environment. I *The Journal of the Royal Anthropological Institute*. Vol 16, Special Issue May:1-20.

Mattingly, Cheryl 2012a. Two virtue thics and the anthropology of morality. I *Anthropological Theory*. Vol. 12, Nr. 2:161.

Mattingly, Cheryl 2012b. Moral selves and moral scenes. Narrative experiments in everyday life. I *Ethnos. Journal of anthropology*. Publisert online, lasta ned fra
<http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/00141844.2012.691523#tabModule>

Milton, Kay 1996. Environmentalism and cultural theory. Exploring the role of anthropology in environmental discourse. Routledge, London.

Mol, Anne Marie 2008. The logic of care. Health and the problem of patient choice. Routledge, London.

Morris, Brian 1998. The power of animals: an ethnography. Berg, Oxford.

Mullin, Molly H. 1999. Mirrors and windows. Sociocultural studies of human-animal relationships. I *Annual Review of Anthropology* Vol.28:201-224

Niederer, Arnold 1993. Alpine Alltagskultur zwischen Beharrung und Wandel. Verlag Paul Haupt, Bern.

Norbye, Anne-Katrine B. 2010. En fornemmelse av støl. Om meningsdannelse av sted og moderne stølsliv i Hallingdal, Norge. Doktorgradsavhandling, Det samfunnsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo. No.244.

Norbye, Anne-Katrine Brun 2013. Å kjenne tiden. Setra som praksis. I trykk.

Pink, Sarah 2009. Doing sensory ethnography. Sage, Los Angeles.

Potter, Caroline 2008. Sense of motion, senses of self: Becoming a dancer. I *Ethnos*, Vol.73, Nr.4:444-465.

Redfield, Robert 1956. The little community. University of Chicago Press, Chicago.

Risan, Lars C. 2003. Hva er ei ku? Norsk rødt fe som teknovitenskap og naturkultur. Avhandling for dr. art. graden ved Samfunnsvitenskapelig fakultet. Universitetet i Oslo.

Risan, Lars C. 2014. Aktør-nettverksteori er for nær, for viktig og for feilaktig til at antropologien kan la den være i fred. I Hviding, Edvard, T. Kolshus, L. Risan og G. Ween. *NAT-debatt 2013 om påstanden "Det er ingen tvil om at ANT og materiell semiotikk er kunnskapsfelt man som antropolog må forholde seg til."* (I trykk).

Salzman, Philip Carl 2001. Transhumance. I Encyclopedia of Social and Cultural Anthropology. Barnard, Alan og Jonathan Spencer (red.). Routledge, London.

Scheidegger Tobias 2009. Der Boom des Bäuerlichen. Neue Bauern-Bilder in Werbung, warenästhetik und bäuerlicher Selbstdarstellung. I *Schweizerisches Archiv für Volkskunde*, Vol.105, Nr.2:193-219.

Schmidt, Aurel 2011. Die Alpen. Eine schweizer Mentalitätsgeschichte. Huber Verlag, Frauenfeld.

Schüpbach, Beatrice, G. Hofer og T. Walter 2012. AlpFutur Teilprojekt 5 "Qualität", Teil Landschaft. Schlussbericht. Lasta ned fra <http://www.alpfutur.ch/publikationen.php?l=1#tp2>, 12.02.2013

Schütz, Markus 2010. Die Alp als Ort der Gegenkultur. Masterarbeit ved Universität Basel, Basel.

Scott, James C. 1985. Weapons of the weak: Everyday forms of peasant resistance. Yale University Press, New Haven.

Scott, James C. 1998. Seeing like a state. How certain schemes to improve the human condition have failed. Yale University Press, New Haven.

SF Schweizer Fernsehen 2011. Club: Was darf ein Bauer kosten? Fjernsynsprogram sendt 29.03.2011. Lasta ned frå <http://tvprogramm.srf.ch/details/04f1ba97-05df-4a98-8c8d-2cb806f73af3>, 20.01.2012.

Shanin, Teodor 1987. Peasants and peasant societies. Blackwell, Oxford.

Shanklin, Eugenia 1985. Sustenance and symbol. Anthropological studies of domesticated animals.

I Annual Review of Anthropology. Vol. 14:375-403.

Singleton, Vicky 2010. *Good farming. Control or care?* I Mol et.al. (red.): Care in practice. On tinkering in clinics, homes and farms. Transcript Verlag, Bielefeld.

Stoller, Paul 1989. The taste of ethnographic things. The senses in anthropology. University of Pennsylvania Press, Philadelphia.

Thompson, Michael, R. Ellis og A. Wildavsky (1990). Cultural Theory. Westview Press, Boulder.

Tschofen, Bernhard 1999. Berg. Kultur. Moderne. Volkskundliches aus den Alpen. Sonderzahl, Wien.

Uhlmann, Tina 2012. Welches Schwein hat mehr Schwein gehabt? Avisartikkel i *Berner Zeitung*.
Lasta ned fra <http://www.bernerzeitung.ch/schweiz/standard/Welches-Schwein-hat-mehr-Schwein-gehabt/story/26446370>, 12.04.2013.

Wadel, Cato 1991. Feltarbeid i egen kultur. En innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning. Seek A/S, Flekkefjord.

Wolf, Eric R. 1966. Peasants. Prentice-Hall, Englewood Cliffs.

Zigon, Jarrett 2009. Within a range of possibilities. Morality and ethics in social life. I *Ethnos. Journal of Anthropology*. Vol.74, Nr.2:251-76.